

JO RUNE UGULEN

AM 39 fol., *Óláfs saga helga* og *Heimskringla*

Komparative analyser til utgreiing av overgangen mellom andre og tredje del av *Heimskringla*, og tilhøvet mellom nokre av handskriftene



Hovudfagsavhandling i norrøn filologi
Nordisk institutt, Universitetet i Bergen
Haustsemesteret 2002



© Jo Rune Ugulen, 2002. Avhandlinga skal vera tilgjengeleg for utlån gjennom Universitetsbiblioteket. Ettertrykk forbode.

Illustrasjonen på framsida er Christian Krohgs teikning «*Snorre dikterer*». Teikninga er henta frå *Norges kongesagaer*, bd. 2.

Avhandlinga er skriva med Times som hovudskrifttype. Øvrige skrifttypar som er nytta i denne avhandlinga er ReykjavikTimes, AkureyriTimes, Symbol, Arial, Helvetica, Old1NordicTimes, Old2NordicTimes, Fac1Nordic, Fac2Nordic, Fac3Nordic og Old English Text MT.

Duplisering i 30 eksemplar er gjort av Dupliseringstjenesten, HF-bygget, Universitetet i Bergen.

Innholdsfor-teikning

Innholdsfor-teikning	i
Føreord	vi
Teikn og forkortingar	viii
1: Innleiing og problemstilling	1
1.1 Innleiing	1
1.2 Problemstilling	2
1.2.1 Kva er så <i>Óláfs saga helga</i> ?	2
1.2.2 Om <i>Sveins saga Alfufusonar</i>	4
2: Teori og metode	6
2.1 Filologi	6
2.2 Tekst	6
2.3 Tekstkritikk	8
2.4 Metode og stemmatikk	12
2.4.1 Den genealogiske metoden	12
2.4.2 Stemmaet	15
2.4.3 Kvalitativ versus kvantitativ metode	18
2.4.4 Val av metode	19
3: Handskriftene av <i>Heimskringla</i>	20
3.1 Kringla	21
3.2 AM 39 fol.	22
3.3 Fríssbók (AM 45 fol.)	25
3.4 Jǫfraskinna	27
3.5 Eirspennill (AM 47 fol.)	28
3.6 Gullinskinna	28
3.7 Andre handskrifter	29
3.7.1 AM 325 VIII, 1 4to	29
3.7.2 AM 325 XI, 1 4to	29
4: Forskingshistorie og teksttradisjon	30
4.1 Eldre forskning, samt noko om proveniens og innhald	32
4.2 Bjarni Aðalbjarnarson 1951	35
4.3 Jonna Louis-Jensen 1977	36
4.4 Ólafur Halldórsson 1976	37
4.5 Nyare forskning	38
4.5.1 Jonna Louis-Jensen 1997	39

4.5.2	Jon Gunnar Jørgensen 2000	44
5:	Komparativ analyse	46
5.1	Framgangsmåte	47
5.1.1	Utvalet av handskrifter	47
5.1.2	Typologi	48
5.1.3	Disposisjon av komparasjonen	50
5.1.4	Bruk av typologi i avhandlinga	51
5.2	Teksten i 39 og K fram til E startar	52
a)	Tilføyingar	52
b)	Utelatingar	53
c)	Morfologiske avvik	54
d)	Leksikalske avvik	55
e)	Forvanskingar/mistydingar	55
f)	Øvrige avvik	56
5.3	Teksten i 39, K og E	57
5.3.1	39 åleine versus E og K	57
a)	Tilføying	57
b)	Utelatingar	57
c)	Leksikalske avvik	58
d)	Øvrige avvik	58
5.3.2	Felles leseemåtar i 39 og E	59
a)	Tilføyingar	59
b)	Utelatingar	60
c)	Transposisjon	61
d)	Morfologiske avvik	61
e)	Leksikalske avvik	62
5.3.3	Felles leseemåtar i 39 og K	63
a)	Tilføyingar	63
b)	Utelatingar	64
c)	Transposisjon	65
d)	Morfologiske avvik	65
e)	Leksikalske avvik	66
f)	Ortografiske avvik	67
5.4	Teksten i <i>Magnúss saga góða</i> (39, K, E og F)	68
5.4.1	39 står åleine	69
a)	Tilføyingar	69
b)	Utelating	69
c)	Transposisjon	70
d)	Morfologisk avvik	70
e)	Leksikalske avvik	71
f)	Forvanskingar/mistydingar	71
g)	Øvrige avvik	71
5.4.2	Felles leseemåtar i 39 og K	72
a)	Tilføyingar	72
b)	Utelatingar	72

c) Transposisjon	73
d) Morfologisk avvik	73
e) Leksikalske avvik	74
f) Ortografisk avvik	75
5.4.3 Felles leseemåtar i 39, K og E	76
a) Tilføyningar	76
b) Utelatingar, transposisjonar og morfologiske avvik	78
c) Leksikalske avvik	78
d) Ortografiske avvik	79
5.4.4 Felles leseemåtar i 39, K og F	80
a) Tilføyningar	80
b) Utelatingar og transposisjonar	80
c) Morfologiske avvik	81
d) Leksikalske avvik	82
e) Ortografiske avvik	82
5.4.5 Felles leseemåtar i 39 og E	83
5.4.6 Felles leseemåtar i 39, E og F	83
a) Utelating	83
b) Morfologiske og leksikalske avvik	83
5.4.7 Felles leseemåtar i 39 og F	84
5.5 Oppsummering.	84
5.5.1 Oppsummering av teksttilhøva i 39 og K	84
5.5.2 Oppsummering av teksttilhøva i 39, K og E	85
5.5.3 Oppsummering av teksttilhøva i 39, K, E og F (<i>Magnúss saga góða</i>)	89
6: Særskilte tekststader	90
6.1 Innskotet frå <i>Gesta Hammaburgensis</i>	90
6.2 <i>Bersögslivísur</i>	93
6.3 Jarteiknsogene og kapittelstrukturen	94
7: Konklusjon	97
7.1 Har 39 innehalde <i>Óláfs saga helga</i> ?	97
7.2 Tilhøvet mellom 39 og F	98
7.3 Kan <i>Heimskringla</i> delast i tre delar, og kvar startar HkrIII?	99
8: Bibliografi.	101
Samandrag.	108
Vedlegg A: Komparasjonstabellar	110
A.1 Teksten i 39 og K, før E startar.	110
a) Tilføyningar i 39	110
b) Utelatingar i 39	110
c) Transposisjon i 39	111
d) Morfologiske avvik i 39	111
e) Leksikalske avvik i 39	111

f) Forvanskingar/mistydingar i 39.	112
g) Ortografiske avvik i 39.	112
A.2 Teksten i 39, K og E.	113
A.2.1 39 áleine mot K og E.	113
a) Tilføyning i 39.	113
b) Utelatingar i 39.	113
c) Transposisjon i 39.	113
d) Morfologiske avvik i 39.	115
e) Leksikalske avvik i 39.	115
f) Forvanskingar/mistydingar i 39.	116
g) Ortografiske avvik i 39.	116
A.2.2 Felles lesemátar i 39 og E.	117
a) Tilføyningar i 39 og E.	117
b) Utelatingar i 39 og E.	117
c) Transposisjon i 39 og E.	118
d) Morfologiske avvik i 39 og E.	119
e) Leksikalske avvik i 39 og E.	120
A.2.3 Felles lesemátar i 39 og K.	121
a) Tilføyningar i 39 og K.	121
b) Utelatingar i 39 og K.	122
c) Transposisjon i 39 og K.	122
d) Morfologiske avvik i 39 og K.	123
e) Leksikalske avvik i 39 og K.	123
f) Ortografiske avvik i 39 og K.	124
A.3 Teksten i <i>Magnúss saga góða</i> (39, K, E og F)	125
A.3.1 39 stár áleine mot K, E og F.	125
a) Tilføyningar.	125
b) Utelatingar.	126
c) Transposisjon.	126
d) Morfologisk avvik.	126
e) Leksikalske avvik.	127
f) Forvanskingar/mistydingar.	127
g) Ortografiske avvik.	127
h) Dittografi.	128
A.3.2 Felles lesemátar i 39 og K.	129
a) Tilføyningar.	129
b) Utelatingar.	130
c) Transposisjon.	130
d) Morfologiske avvik.	131
e) Leksikalske avvik.	131
f) Ortografiske avvik.	131
A.3.3 Felles lesemátar i 39, K og E.	132
a) Tilføyningar.	132
b) Utelatingar.	134
c) Transposisjon.	135
d) Morfologiske avvik.	135

e) Leksikalske avvik	135
f) Ortografiske avvik.	137
A.3.4 Felles lesemåtar i 39, K og F.	138
a) Tilføyingar	138
b) Utelatingar	138
c) Transposisjon	140
d) Morfologiske avvik.	140
e) Leksikalske avvik	141
f) Ortografiske avvik.	142
A.3.5 Felles lesemåtar i 39 og E.	143
a) Tilføying	143
b) Utelating	143
c) Leksikalske avvik	143
A.3.6 Felles lesemåtar i 39, E og F.	144
a) Utelatingar.	144
b) Morfologiske avvik.	144
c) Leksikalske avvik	144
A.3.7 Felles lesemåtar i 39 og F.	145
a) Tilføyingar	145
b) Utelatingar	145
c) Morfologiske avvik.	145
d) Leksikalske avvik	146
e) Forvanskingar/mistydningar	146
f) Ortografiske avvik.	146
Vedlegg B: Transkripsjon.	147
B.1 Innleiing	147
B.1.1 Paginering.	147
B.2 Tekstattgjeving	148
B.2.1 Hovudteksten	148
B.2.2 Det kritiske apparatet	148
B.2.3 Graftypar	149
B.2.4 Oppløysingar	150
B.2.5 Teiknforklåring.	150
Transkripsjon av <i>Sveins saga Alfifusonar</i> og <i>Magnúss saga góða</i> frá AM 39 fol.	T-1

Føreord

Professor Odd Einar Haugen, som har vore rettleiaren min gjennom desse to åra, vil eg takka for god rettleiing og mange nyttige innspel og kommentarar. Dessutan for å ha gjeve meg stramme tidsfristar slik at progresjonen til tider har vore overraskande stor.

Dr.art. Rune Kyrkjebø, førstebibliotekar ved Universitetsbiblioteket i Bergen, skal ha takk for mykje hjelp med bruken av dataprogrammet FrameMaker+SGML, som har vore nytta ved transkripsjonen frå AM 39 fol. Dessutan skal Rune ha takk for mykje anna hjelp gjennom heile perioden, og for eit eksemplar av doktoravhandlinga si. Det siste gjeld også professor Jon Gunnar Jørgensen ved Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo. Begge avhandlingane har vore til stor hjelp i arbeidet med hovudoppgåva mi.

Professor Else Mundal ved Nordisk institutt vil eg takka for mange gjevande innspel og kommentarar i løpet av oppstartsfasen med hovudfaget, samt for at ho saman med Odd Einar Haugen vekte tilstrekkeleg interesse i meg for norrøn filologi, til at eg tok til med hovudfag etter fullført cand.mag.-grad.

Det Arnamagnæanske Institut ved Københavns Universitet vil eg takka for at eg hausten 2001 fekk plass i forskarsalen og høve til å lesa korrektur mot originalhandskriftet AM 39 fol. Eg skuldar dessutan nokre koppar kaffi til lunsjselskapet i kantina ved KU, noko eg vonar å få retta opp ved høve. Her må eg også takka faster Tilde Binger og onkel Thomas Hougaard i København, for stor raustleik og hjarterom til ein nevø som fekk overnatta hjå dei i tre samfulle veker same hausten. Utan dei ville det neppe vore økonomisk mogleg med eit så langt og gjevande opphald i Kongens by. Eg ville heller ikkje, i det minste ikkje så tidleg, ha oppdaga Terry Pratchett og saga om «the one horseman and the three pedestrians of the Apocralypse (sic)».

Ei særskilt takk til Are S. Gustavsen for hjelp til korrekturlesing i den siste, hektiske fasen av arbeidet med avhandlinga.

Elles er det sjølvsgatt på sin plass å takka Universitetsbiblioteket i Bergen for at eg har fått lite purringar på bøkene eg har hatt på utlån i til dels lang tid, og for å ha klart å skaffa til vege nokre av dei mest obskure bøkene eg har høyrte om og leita etter. Takk går også ut

til alle andre som fortener det i samband med dette arbeidet, og som eg har gløymt å nemna. Dette inkluderer ikkje minst mine tidlegare medstudentar på hovudfaget: Jonas, Bernt Øyvind, Terje og Bergsveinn.

Sist, men ikkje minst, må eg takka kona mi, Anne Marie Bakk, for stort tolmod med ein ektemann som både seint og tidleg dei siste månadene har arbeidd med hovudoppgåva si, og dottera vår Brita (vel 19 månader ved innlevering av hovudoppgåva) som jamleg har stått utanfor kontordøra til pappa og ropa på han, slik at han har fått høve til å ta pauser frå arbeidet.

ap Framnesi ⁊ Björgvin,
in þefto Eðmundi regif ⁊ martyrif
á eþipta ári ríkið
Haralðf inf þimta Óláfssonar
með Guðf mikkuð Nórægð konungf

Jo Rune Kristiansen Ugulen

Teikn og forkortingar

For ytterlegare informasjon i samband med trykte bøker og verk, viser eg til bibliografien i slutten av avhandlinga.

*	Symbolet markerer at eit handskrift er hypotetisk
39	AM 39 fol.
AM	Den arnamagnæanske handskriftsamlinga
bd.	band
bl.	blad
DG3	De la Gardie nr. 3. Handskriftet tapt ved brannen i Uppsala 1702.
E	<i>Eirspennill</i>
et al.	(i bibliografien) et alii (= og andre)
f.	femininum
F	<i>Fríssbók</i> (Codex Frisianus)
fig.	figur
fol.	folio
Fsk	Fagrskinna, i <i>Ágrip af Nóregskonunga sögum. Fagrskinna – Nóregs konunga tal</i> , utg. av Bjarni Einarsson.
G	<i>Gullinskinna</i>
Hkr	<i>Heimskringla</i>
HkrI	<i>Heimskringla</i> I, første del av <i>Heimskringla</i> med sogene før saga om Olav den heilage
HkrII	<i>Heimskringla</i> II, andre del av <i>Heimskringla</i> med det som tradisjonelt har vore rekna som saga om Olav den heilage
HkrIII	<i>Heimskringla</i> III, tredje del av <i>Heimskringla</i> , med sogene om kongane etter Olav den heilage
HkrBA I-III	<i>Heimskringla</i> i Bjarni Aðalbjarnarsons utgåve, romartala viser til band.
HkrFJ I-IV	<i>Heimskringla</i> i Finnur Jónssons utgåve, romartala viser til band.
HkrU	<i>Heimskringla</i> i C. R. Ungers utgåve
IA	<i>Islandske Annaler indtil 1578.</i>

J	<i>Jǫfraskinna</i>
jf.	jamfør
K	<i>Kringla</i>
kap.	kapittel
KLNM	<i>Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder</i>
lat.	latin/latinsk
m.	maskulinum
Msk	<i>Morkinskinna</i>
n.	nøytrum
NotNorr	Ernst A. Kock. <i>Notationes Norræne.</i>
NRA	Riksarkivet, Oslo
OH	Soga om Olav den heilage
ONP	<i>Ordbog over det norrøne prosasprog. Register</i>
Opera I-IV	<i>Arngrimi Jonae Opera Latine Conscripta</i> , utg. av Jakob Benedikts- son. Romertala viser til band.
p.	pagina(e)
pl.	plural(is), fleirtal
red.	redaktør, redigert
s.	side(r)
sg.	singular(is), eintal
Skj A I–B II	Finnur Jónsson. <i>Den Norsk-Islandske Skjaldedigting.</i>
SNL	<i>Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon</i>
sp.	spalte(r)
StOH	<i>Saga Óláfs konungs hins helga. Den store saga om Olav den hellige efter pergamenthåndskrift i Kungliga Biblioteket i Stockholm nr. 2 4to med varianter fra andre håndskrifter</i> , utg. av Oscar Albert Johnsen og Jón Helgason. [= Den store/særskilte saga om Olav den heilage]
t. d.	til dømes
tab.	tabell
utg.	utgjeve, utgjevar
vs.	versus

1: Innleiing og problemstilling

1.1 Innleiing

Under oppslagsordet *Heimskringla* i *Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon* finn ein følgjande forklåring:

[...] Snorre Sturlasons verk om de norske kongers historie. Heimskringla begynner med Ynglingasaga om de førhistoriske Ynglingekonger i Uppsala, [...] Den slutter med slaget på Re 1177. [...]¹

Denne oppfatninga må seiast å vera den allmenne. At den islandske skalden, hovdingen og stridsmannen Snorri Sturluson (1179–1241) var forfattern av *Heimskringla*, og at *Heimskringla* er eit einskapleg verk, er ei utbreidd oppfatning hjå dei fleste utanfor dei akademiske fagmiljøa. Dette kan illustrerast med at «Snorre» i norsk daglegtale vert nytta metonymisk om heile verket *Heimskringla*. Likevel har ei tid rådd noko tvil om Snorri verkeleg var forfattern av *Heimskringla*,² ettersom namnet hans berre førekjem i yngre kjelder. Dei seinare åra har det i tillegg vorte reist tvil om einskapen i *Heimskringla*. Det er nokre av spørsmåla i samband med dette eg ynskjer å ta tak i med denne avhandlinga.

Tradisjonelt vert *Heimskringla* delt inn i tre delar, som oftast vert nemnt HkrI, HkrII og HkrIII. HkrI inneheld ein prolog, *Ynglinga saga* og sogene om kongane før Olav den heilage. HkrII inneheld saga om Olav den heilage, medan HkrIII tek til med saga om Magnus den gode og held fram til Magnus Erlingssons saga endar i 1177. Handskriftet *Kringla* inneheldt alle desse tre delane, medan dei øvrige handskriftene berre inneheld brotstykke eller ein eller to av delane.

Dei seinare åra har det vorte reist tvil om denne tradisjonelle oppfatninga. Særskilt har den danske norrønfilologen Jonna Louis-Jensen i ein artikkel frå 1997 stilt spørsmål ved

1. SNL, bd. 6, s. 653.

2. Den førebels siste diskusjonen kring forfattarspørsmålet i Noreg, kom til uttrykk i ein debatt mellom John Megaard og Sverre Bagge i (*Norsk Historisk tidsskrift* i 1994 og 1995 (sjå Megaard 1994 og Bagge 1995). Nyleg har Megaard publisert ein større artikkel der han delvis tek opp igjen tråden frå diskusjonen med Bagge (Megaard 2002).

både forfatterskapet og omfanget av *Heimskringla* som verk. Denne artikkelen vil verta grundig gjennomgått i kapittel 4, frå s. 39 og utetter.

1.2 Problemstilling

I denne avhandlinga skal eg freista å gje eit svar på følgjande hovudspørsmål: *Har AM 39 fol. innehalde Óláfs saga helga?* Ved å gjera ein komparativ analyse av teksten frå *Sveins saga Alfifusonar* og starten av *Magnúss saga góða* i AM 39 fol., meiner eg at vi kan gjera oss opp ei meining om dette spørsmålet. Om vi får sikre svar, er eg meir uviss på, men det vil visa seg etter at den komparative analysen er gjennomført.

Ut frå hovudspørsmålet kan eg då setja opp følgjande hypotese, som eg vil freista å få styrka eller avkrefta: *AM 39 fol. har ikkje innehalde Óláfs saga helga.* Framgangsmåten eg har valt for å freista å svara på dette spørsmålet, vil verta drøfta ved innleiinga til den komparative analysen i kapittel 5.

I tillegg til dette vil eg i kapittel 6 drøfta nokre fleire moment som kan kasta ljós over tilhøvet mellom dei utvalde handskriftene med omsyn til *Heimskringla* som verk, særskilt i ljós av Jonna Louis-Jensens innvendingar frå 1997. Er Bjarni Aðalbjarnarsons utgreiing av tilhøva mellom handskriftene (sjå s. 20) tilstrekkeleg underbygd, eller kan det finnast argument som motseier konklusjonane hans og dermed også den tradisjonelle oppfatninga? Er det grunn til å stilla spørsmålsteikn ved den tradisjonelle oppfatninga om at verket *Heimskringla* kan delast i tre delar, og kvar startar eigentleg HkrIII? Med omsyn til dei siste spørsmåla vil det i ei hovudoppgåve vera uråd å gje ei uttømmende drøfting av desse komplekse problema, men eg trur det vil vera gunstig for den framtidige forskinga på *Heimskringla* dersom det er mogleg å finna tungtvegande argument anten for eller mot Bjarni Aðalbjarnarsons utgreiingar, og også i høve til Louis-Jensens argumentasjon frå 1997.

1.2.1 Kva er så Óláfs saga helga?

Denne avhandlinga tek føre seg ein del problem i samband med *Heimskringla*, og i hovudsak er det *Heimskringla* som verk, som vil vera i fokus. Ettersom problemstillinga likevel har *Óláfs saga helga* i ein svært sentral posisjon, er det også naturleg å ha nokre sideblikk til nettopp *Óláfs saga helga*, både slik den ligg føre i den konvensjonelle *Heimskringla*-

tradisjonen, så vel som i dei øvrige redaksjonane av den. Difor ser eg det som naudsynt å gje ein kort introduksjon til dei forskjellige redaksjonane av *Óláfs saga helga*.

I denne avhandlinga er alle referansar til *Óláfs saga helga* meint som referansar til den yngste av versjonane av sogene om Olav den heilage, den som tradisjonelt er kalla Snorri Sturlusons særskilte *Óláfs saga helga*.³ Dei eldre versjonane (*Eldste saga*, *Legendariske saga* og *Styrmir Kárason's lífssaga Óláfs hins helga*) er ikkje relevante for problemstillinga, og er dermed ikkje tekne omsyn til her. Denne yngste versjonen finst likevel i fleire redaksjonar, der HkrII er ein av dei. Denne redaksjonen, den såkalla *Heimskringla*- eller *Kringla*-redaksjonen av OH (HkrII), har alltid vore rekna for å vera nær i slekt med *Den store saga om Olav den heilage* (StOH), men det har likevel vore vanleg å sjå på dei som to forskjellige verk.⁴ Kva for ein av desse to versjonane som er eldst har vore omdiskutert. Gustav Storm meinte at HkrII var eldst, og at Snorri sidan hadde utvida den til StOH.⁵ Dette vart imøtegått av Sigurður Nordal (1886–1974) i hans avhandling *Om Olaf den helliges Saga* frå 1914, der han viste på tekstkritisk grunnlag at StOH formidla ein meir opphavleg redaksjon enn HkrII.⁶ Dermed slutta han at Snorri først hadde skrive StOH, og sidan omarbeidd og tilpassa den for *Heimskringla*. Dette har sidan vore det rådande synet. Eventualiteten at ein annan enn Snorri sjølv kunne ha gjort denne redigeringa har ikkje Sigurður Nordal drøfta i det heile.⁷ Dette vart først teke opp til drøfting av Jonna Louis-Jensen i den nemnte artikkelen frå 1997 (sjå s. 39 ff.).

I tillegg til *Kringla*-redaksjonen av OH (HkrII), finst det ein eigen redaksjon av OH i handskriftet *Jofraskinna* (sjå s. 27), og i tillegg har det truleg eksistert andre redaksjonar i DG3 og i førelegget for Peder Claussøns omsetjing i *Snorre Sturlesøns Norske Kongers Chronica*, utgjeve av Ole Worm i 1633.⁸ Om tilhøvet mellom desse forskjellige redaksjonane av OH, viser eg til gjennomgangen av Jonna Louis-Jensens artikkel frå 1997, særskilt frå s. 42, og dei etterfølgjande illustrasjonane i fig. 4-2 og fig. 4-3.

3. Jf. til dømes Holtmark 1967, Andersson 1985 og Heinrichs 1993. Den klassiske, men i dag noko utdaterte, avhandlinga om tilhøva mellom dei forskjellige versjonane av OH er Sigurður Nordal 1914.

4. Jørgensen 2000, s. 63.

5. Storm 1873, s. 6.

6. Sigurður Nordal 1914, s. 173–198.

7. Jf. Jørgensen 2000, s. 64.

8. Jørgensen 2000, s. 65.

1.2.2 Om *Sveins saga Alfífusonar*

Gjennom heile avhandlinga nyttar eg medvite namnet *Sveins saga Alfífusonar* om den delen av den tradisjonelle *Óláfs saga helga*, som i *Heimskringla* vert innleia med kapitteloverskrifta “Upphaf Sveins konungs Alfífusonar”. Dette femner med nokre unnatak kapitla 239–251 i HkrFJ II, altså dei siste 13 kapitla i det som der er *Óláfs saga helga*. Unnataka er nærare drøfta i kapitlet om handskriftet *Eirspennill* på s. 28.

I det heile er den tradisjonelle inndelinga av *Heimskringla* i soger noko som enno har preg av 1800-talets nasjonalromantiske historieskriving. Denne påstanden kan grunnjevast med at Svein Alfíuson ikkje tilhørte den norske kongesætta, men den danske. Ser ein på dei historiske sogene i *Heimskringla*-utgåva til C. R. Unger (HkrU),⁹ finn ein følgjande inndeling:

- *Haralds Saga hins hárfagra* (46 kap.)
- *Saga Hákonar góða* (32 kap.)
- *Sagan af Haraldi gráfeld* (18 kap.)
- *Saga Óláfs Tryggvasonar* (121 kap.)
- *Saga Óláfs hins helga* (265 kap.)
- *Sagan af Magnúsi góða* (39 kap.)

Etter desse er det ikkje dei store avvika i sogestrukturen. Som ein kan sjå vantar her minst to soger. Soga om Hákon jarl er inkludert i *Sagan af Haraldi gráfeld*, i kapitla 6–18 (frå “Upphaf Hákonar jarls Sigurðarsonar”). I kapitla 252–265 (frå “Upphaf Sveins konungs Alfífusonar”) i *Saga Óláfs hins helga* finn vi soga om kong Svein. Grunnen til dette er ikkje forklára i føreordet av Unger, men noko av bakgrunnen finn vi truleg i det tankegodset som den norske historikaren Peter Andreas Munch (1810–1863) kan stå som talerøyr for:

Den politiske Stilling, Norge i flere Aarhundreder har indtaget, har udsat det for, mere end andre Nationer at se sin Nationalitet forglemt, og den Deel, det i ældre Tider har taget

9. Den norske filologen og kjeldeutjevaren Carl Richard Unger (1817–1897) hørte til krinsen rundt P. A. Munch og Rudolf Keyser (1803–1864). Han stod gjennom si virketid bak ei nærast usannsynleg mengde med kjeldeutgåver, mellom anna dei 15(!) første banda av *Diplomatarium Norvegicum*, og viktige kongesogehandskrifter som t. d. *Morkinskinna*, *Codex Frisianus* og *Flateyjarbók*, den siste saman med Guðbrandur Vigfússon (1827–1889). *Heimskringla*-utgåva kom i 1868. Dette var ei viktig utgåve, etter som det delvis var denne utgåva som låg til grunn for Gustav Storms banebrytande avhandling frå 1873.

i Verdensbegivenhederne, enten ignoreret eller fremstillet i et urigtigt Lys. Det var at befrygte, at denne Forglemmelse, Ignoreren eller urigtige Fremstillingsmaade vilde vedvare og befæste sig under vore Tiders historiske Kappestrid, hvis ikke en norsk Historieforsker selv, ved at samle og udgive Alt, hvad ældre og nyere Granskninger i hans Fædrelands Historie havde bragt for Dagen, søgte at modarbejde de falske Forestillinger, der ellers, naar man ganske overlod Feltet til Udlændingen, sandsynligvis vilde udbrede sig.¹⁰

Denne skepsisen til “Udlændingen” har nok tvillaust hatt sitt å seia for utelatinga av ei eiga soge om Svein Alfivason. Den same inndelinga i soger har gått att i alle dei norrønspråklege utgåvene av *Heimskringla*, såleis også hjå Finnur Jónsson 1893–1900 (HkrFJ) og Bjarni Aðalbjarnarson 1941–1951 (HkrBA). I omsetjingane av kongesogene til norsk fekk Håkon jarl tidleg si eiga soge, medan saga om Svein Alfivason framleis er inkludert i saga om Olav den heilage.¹¹ Når eg altså gjennomgåande nyttar nemninga *Sveins saga Alfífusonar* om denne delen av *Heimskringla*, er det med eit godt fundament i handskriftene, med unntak for K og F – sistnemnte inneheld ikkje ein gong saga, og i K er den anten interpolert eller dårleg redigert. Eg vil med dette også slå eit slag for å gjenoppretta ei eiga soge om den danskfødde og truleg svært upopulære, men likevel norske, kongen Svein Alfivason.

10. Munch 1852–1859, 1. Deels 1. Bind (1852), s. iv.

11. Sjå til dømes i *Norges kongesagaer*, bd. 1 og 2.

2: Teori og metode

2.1 Filologi

“Norrøn filologi er studiet av norrønt språk, norrøn litteratur og norrøn kultur. Filologi er egentleg *kjærleiken til ordet*, og den omfattar både språket og litteraturen, og det samfunnet som språket og litteraturen høyrer heime i.” Slik har Odd Einar Haugen definert innhaldet i faget på nettsidene til Universitetet i Bergen.¹ Einar Thomassen skriv at det typiske for filologi er understrekinga av *heilskap* – til dømes einskapen mellom språkstudier, litteraturstudier og realiakunnskap.² I nyare tid er likevel ikkje filologiomgrepet uproblematisk, noko som til dømes Preben Meulengracht Sørensen eksemplifiserte i eit foredrag i 1995, og som vart prenta i tidsskriftet *Danske studier* i 1996.³

Sørensen fortel at definisjonen av filologien er uklår, ettersom det er eit omgrep som stadig har fått ei snevrare tyding. For omlag 100 år sidan kunne nemninga filologi nyttast om alle dei studier som femna om tekstar og den kulturen tekstane skildra. Dermed var filologen også gjerne historikar. Seinare vart filologi nesten synonymt med språkvitskap, til forskjell frå litteraturvitskap. Til sist overtok nemninga lingvistikk det språkvitskaplege feltet, og filologi vart ei nemning for dei vitskapane som arbeider med gransking og utgjeving av eldre tekstar, altså tekstkritikk og edisjonsfilologi.⁴

2.2 Tekst

Tydinga av ordet *tekst* kjem frå det mellomalderlatinske ordet *textus* med same tyding. I klassisk latin var derimot tydinga av *textus* veving eller fletting, og det moderne ordet tekst har altså same etymologiske opphav som til dømes tekstil og tekstur. Der eit romersk *textum* var vevd saman av trådar, er ein meir moderne tekst også ein vev, men ein vev av

1. <http://www.hf.uib.no/i/Nordisk/Nofi/index.html> [aksessert 14. september 2002]

2. Thomassen 1990, s. 41.

3. Sørensen 1996.

4. Sørensen 1996, s. 22.

ord. På eit overordna plan er ein tekst, enkelt forklåra, ein heilskap sett saman av ord. Ein slik tekst kan vera munnleg såvel som skriftleg. I nyare tid har einskilte litteraturvitarar, særskilt franske teoretikarar som Roland Barthes og Jacques Derrida, hevda eit nokså radikalt skilje mellom verket og teksten. Der verket er ein konkret storleik, er teksten derimot ein abstrakt storleik, som ikkje er eit ferdigskapt produkt av ein forfattar, men vert skapt på ny kvar gong den vert lesen. Teksten eksisterer i ein intertekstualitet, saman med andre tekster. Hjø Michel Foucault representerer teksten eit meiningspotensial som ikkje kan kontrollerast av samfunnet. Han meiner at teksten rettar seg like mykje utover mot samfunnet, som innover mot intertekstualiteten.⁵

Dette postmoderne synet på teksten har, kan henda noko overraskande, mange felles trekk med mellomalderens syn på tekst. I mellomalderen la som regel avskrivarane større vekt på gjensking av tekst enn nysking. Til dømes er den russiske mellomalderlitteraturen stort sett anonymt overlevert, og det er der knapt tale om individuelle forfattarar, men snarare om ein kollektiv forfattar. Gjennom mange generasjonar omarbeidde denne kollektive forfattaren gjerne ein tekst så mykje at det ikkje lenger er mogleg å skilja det originale frå tillegga. Mellomalderforfattaren (avskrivaren, redaktøren) nytta fritt dei kjeldene som var tilgjengelege for han, la til, tok vekk og sette saman tekst utan å tenkja på opphavsrettar eller originalitet.⁶


I det tekstkritiske arbeidet innanfor norrøn filologi, er nok likevel innhaldet i omgrepet tekst mykje enklare. Her er tekst først og fremst ei rekkje ord, oftast skrive ned på pergament eller papir, som igjen skal samanliknast med andre liknande tekstar. Likevel er det viktig å ha eit medvite syn på ordet og omgrepet tekst. Odd Einar Haugen gjorde i 1990 eit forsøk på å konkretisera kva som ligg i dette omgrepet, og ser teksten som ein språkleg heilskap organisert langs to aksar: ein *syntagmatisk* akse og ein *paradigmatisk* akse. Langs den syntagmatiske aksen er teksten sett saman av ei rekkje bokstavar, ord og setningar som saman gjev meining. Loddrett på denne aksen kjem den paradigmatiske aksen ned, og her finst det ei rekkje alternativ til kvart einaste språklege uttrykk på den syntagmatiske aksen. Dermed vert meiningsinnhaldet langs den syntagmatiske aksen avgjort av valet av

5. Haugen 1990, s. 132–133.

6. Haugen 1990, s. 134–135.

lesemtar langs den paradigmatiske aksen. Ein tekstkritikar m velja mellom alternativa langs den paradigmatiske aksen, slik at han kan etablere eit samanhengjande syntagmatisk uttrykk av materialet.⁷

I eksempelet nedanfor er det teke med tekstvariasjon fr mitt materiale for å illustrere konkretiseringa. Her er det berre mindre variasjon i lesemtane. Den strste variasjonen har ein mellom *bernskr* (39 og K) og *bernskumaðr* (E), forutan at E manglar *at* framanfor *rðum*. Den vrige variasjonen er berre ortografisk og dermed mindre viktig, ettersom den ikkje endrar meiningsinnhaldet.



Figur 2-1. Tekstongrepet konkretisert som ein sprkleg heilskap langs ein paradigmatiske akse (P) og ein syntagmatisk akse (S). Med eksempel fr *Sveins saga Alffusonar*.

2.3 Tekstkritikk

Norrnfilologen Ludvig Holm-Olsen (1914–1990) hevda i 1981 at “[f]ilologiens frste og fundamentale oppgave blir, for hvert enkelt verks vedkommende, å presentere teksten s vidt mulig rensset for feil”.⁸ Tekstkritikk vert definert av Edward John Kenney innleiingsvis i hans artikkel, som “the technique of restoring texts as nearly as possible to their original form”.⁹ Denne definisjonen ligg nrt opptil Ludvig Holm-Olsens definisjon av filologiens frste og fundamentale oppgve, og er dermed meir ein definisjon av *mlet* enn av metoden. Ein meir utdjupande definisjon fr vi av Odd Einar Haugen. Han definerer tekst-kritikk som ein systematisk og kritisk gjennomgang av eit tekstmateriale “med sikte p å

7. Haugen 1990, s. 130–131.

8. Holm-Olsen 1981, s. 10.

9. Kenney [2002].

etablere den form av teksta som kjem så nær opp til den opphavlege skipnaden som råd er”.¹⁰ Her får vi ein god definisjon også av *metoden* tekstkritikk. Målet det vert sikta på, er i hovudsak det same som hjå Kenney og Holm-Olsen. Det er heilt tydeleg ut frå denne definisjonen, at tekstkritikken er svært opphavsorientert. Men som eg vil koma attende til, er ikkje tekstkritikken av i dag, slik den gjerne var på 1800-talet og byrjinga av 1900-talet, prega av tankegangen om at det eldste handskriftet er det beste. I dag er det gjennomgåande målet å studera heile teksttradisjonen.

Storparten av de norrøne verkene er overlevert i flere, noen av dem i mange håndskrifter, som avviker fra hverandre i større eller mindre grad. Forholdet mellom håndskriftene må greies ut slik at det kan etableres en tekst som står originalteksten så nær som det er mulig å komme den, og som kan legges til grunn for en utgave som studiet av verket trygt kan bygge på.¹¹

Ein føresetnad for dette er jo sjølvsagt at ein har *ein* original, eller ein *arketyt* å søkja attende til. At ein har det, er ikkje sjølvsagt når ein arbeider med mellomalderhandskrifter. Forfattarrolla i mellomalderen kan neppe samanliknast med våre dagars oppfatning av ein forfattar. I dag forventar ein at forfattaren skal vera nyskapande og ikkje driva med avskrivning, eller for å nytta eit meir moderne ord: plagiering. I mellomalderen var tankegangen ein annan. Forfattarane skreiv av eldre verk, men i dei fleste tilfella ikkje ordrett slik vi forstår det i vår tid. Tilføyingar, interpolasjonar frå andre bøker, utelatingar og anna redigering var regelen snarare enn unnataket. Dette vanskeleggjer arbeidet med å finna *ein* original, ettersom eit handskrift i seg sjølv ofte *er* ein original.

Denne opphavssøkinga, eller jakta på arketyten, har vore kritisert frå mange hald,¹² og ikkje utan god grunn. Nettopp av di det i dei fleste tilfella er uråd å finna berre ein arketyt i arbeidet med handskrifter frå mellomalderen, kan det stillast spørsmålsteikn ved nettopp denne delen av det filologiske arbeidet. Men det tyder ikkje at det same arbeidet er verdlaust. Tvert i mot. Viktigare enn å leita fram ein ofte hypotetisk arketyt, er arbeidet med å kartleggja tilhøvet mellom dei forskjellige tekstane av eit verk. Dermed kan ein få kunnskap om teksttradisjonen. Først når ein har studert alle handskrifter av eit «verk», både

10. Haugen 1990, s. 128. Mi utheving.

11. Holm-Olsen 1981, s. 10.

12. Jf. Haugen 2000, s. 19.

gamle og unge handskrifter, kan ein få relativ sikker kunnskap om *heile* teksttradisjonen. Og denne teksttradisjonen vil ikkje berre gje kunnskap om det eller dei hovudverka dei forskjellige handskriftene er meir eller mindre kontaminerte avskrifter av, men samstundes gje eit innblikk i den tilgjengelege litteraturen og det allmenne kunnskapsnivået dei forskjellige avskrivarene eller forfatarane hadde på den tida dei var aktive.

Trass i dette har arketypen sin plass i det filologiske arbeidet, først og fremst som ein funksjonell storleik i eit *stemma*. Også stemmaet har motteke mykje kritikk, men som Odd Einar Haugen har hevda, er stemmaet ikkje eit mål i seg sjølv, men ein modell av teksttradisjonen. At arketypen er plassert øverst i stemmaet, er eit resultat av at stemmaet er sett opp over ein kronologisk akse, og er ikkje eit uttrykk for at arketypen er meir verdfull enn andre greiner på stemmaet.¹³ Og vidare:

I denne forstand er den stemmatiske rekonstruksjonen eit reint deskriptivt stykke arbeid, og fullt foreinleg med ei interesse også for dei yngre lag av teksta. Dermed gjev det ikkje noka meining i å forkaste den rekonstruksjonen av teksttradisjonen som ligg i stemmaet. [...] Då blir det ikkje mogleg å plassere ei tekst i noka form for historisk kontekst.¹⁴

Vidare er det også viktig å hugsa at tekstkritikken insisterer på skiljet mellom arketypp og original. Arketypen er ei best mogleg tilnærming til originalen, men ikkje identisk med den.¹⁵

Som disiplin har tekstkritikken opphavet sitt i den klassiske filologien, men sjølve termen finn ein først nytta i 1840-åra innanfor den nytestamentlege filologien.¹⁶ Når dei første trykte bøkene kom i Europa på 1400-talet, var det gjerne tilfeldig kva handskrifter som låg til grunn for det trykte verket. Desse trykte verka fekk likevel stor autoritet. Då bibelforskarane sette i gang med å greia ut tilhøvet mellom dei mange handskriftene, vart dette snart problematisk for dei. I løpet av 1600- og 1700-talet vart det utvikla metodar for kritisk vurdering av desse handskriftene, og metodane vart snart tekne opp i den klassiske filologien, og kom derifrå over i andre filologiske vitenskapsgreiner. Ein føregangsmann på

13. Haugen 2000, s. 19.

14. Haugen 2000, s. 19.

15. Haugen 2000, s. 20.

16. Haugen 1990, s. 128.

dette området var den tyske filologen Karl Lachmann (1793–1851). Han gav ut både Det nye testamentet og klassiske tekstar, men har fått størst innverknad ved at han tok i bruk tekstkritiske metodar i utgjevinga av tyske mellomalderetekstar.¹⁷

Det tekstkritiske arbeidet vert gjerne delt i nivå. Opp gjennom tidene har desse nivåa vore oppfatta på forskjellige måtar av forskjellige kritikarar.

Lachmann	Birt	Maas	Kenney	West
recensio [sine interpretatione]	objektiver Teil der niederen Kritik: Textgrundlegung	recensio	recension	organizing the data
emendatio	subjektiver Teil der niederen Kritik: Emendation	examinatio	examination	diagnosis: 1) evaluating the variants
	höhere Kritik	divinatio	emendation	2) emendation

Figur 2-2. Tekstkritiske nivå hjå ulike kritikarar (etter Haugen 1990, s. 144).

Haugen følgjer Kenney i hans nivåinndeling av tekstkritikken i tre steg:¹⁸

1. tekstgjennomgang (resensjon)
2. tekstvurdering (eksaminasjon)
3. tekstretting (emendasjon)

Resensjon er den systematiske og kritiske gjennomgangen av handskriftene av eit tekstmateriale, der målet er å avklåra tilhøvet mellom dei. Det første ein kritikar her må gjera, er å skaffa seg eit oversyn over kor stort teksttilfanget er. Dinest må ei *kollasjonera*, eller føreta ei systematisk jamføring av handskriftene, med sikte på å kartleggja tekstvariasjonen. For å avgrensa tilfanget av handskrifter er det i dette arbeidet viktig å få luka ut usjølvtendige handskrifter. Dette er handskrifter som er reine avskrifter av andre *overleverte* handskrifter, og som dermed ikkje gjev noko nytt, og heller ikkje er særleg interessante for etableringa av teksttradisjonen. Samstundes er det viktig å ikkje vera for kritisk når ein lukar ut usjølvtendige handskrifter, ettersom eit ungt og tilsynelatande usjølvt-

17. Holm-Olsen 1981, s. 96–97.

18. Haugen 1990, s. 144.

stendig handskrift også kan innehalda viktige variantar og representera eit eldre lag av teksten. Etter at handskriftene er valde ut, er det neste steget i resensjonen å få etablert eit oversyn over korleis dei forskjellige handskriftene er i «slekt» med kvarandre. I dette arbeidet har ofte den såkalla *genealogiske metoden* vorte nytta . Til sist vert ofte resultatet av resensjonen presentert grafisk i form av eit stemma.¹⁹ Meir om dette nedanfor. Mine komparative analyser høyrer for det meste heime på dette steget innan tekstkritikken.

Etter at teksttradisjonen og tilhøvet mellom handskriftene er avklåra slik at dei kan rangerast etter alder og autoritet, er den neste oppgåva for tekstkritikaren å prøva å fastsetja korleis teksten skal sjå ut i si endelege form. Her kjem altså tekstvurderinga, eller *eksaminasjonen*, inn. Om resensjonen er relativt sikker, er eksaminasjonen tilsvarande enkel. Då må tekstgrunnlaget søkjast i det eldste og mest fullstendige tekstvitnet, eit *codex optimus*. Om det derimot ikkje har lukkast å få ein sikker resensjon, vert eksaminasjonen tilsvarande vanskeleg. I alle tilfella krev ei slik tekstvurdering ei brei filologisk tilnærming, med vurdering av teksten ut frå kriterier av både språkleg, stilistisk, metrisk og historisk art. Innanfor eksaminasjonen kjem også det ein kan kalla autentisitetkritikken,²⁰ som også inkluderer spørsmål om forfattarskapet til tekstane.²¹

Det siste steget i det tekstkritiske arbeidet er tekstrettinga eller *emendasjonen*. På dette nivået føregår arbeidet etter at teksten er etablert så langt materialet tillét det. Materialet kan likevel ha lakuner i teksten, og det er her kritikaren ved hjelp av emendasjon freistar å retta opp slike stader i teksten, som anten har falle bort eller er svært forvanska i tradisjonen.

2.4 Metode og stemmatikk

2.4.1 Den genealogiske metoden

Den tradisjonelt mest nytta metoden i tekstkritisk arbeid er *den genealogiske metoden*. Den amerikanske klassiske filologen R. J. Tarrant hevdar jamvel at “[t]he greatest single advance in the history of classical editing was the consistent application of a genealogical approach to analyzing the transmission of texts”.²² Metoden vert først og fremst nytta i

19. Haugen 1990, s. 145–162.

20. Haugen nyttar nemninga “ektheitskritikk”, vel frå tysk “Echtheitskritik”.

21. Haugen 1990, s. 162–166.

22. Tarrant 1995, s. 103.

arbeidet med å setja opp eit *stemma codicum*, eit grafisk stamtre over tilhøvet mellom handskriftene. Denne allegorien til slekt er det altså som har gjeve metoden sitt namn. Den har også vore kalla *dei felles feils metode*, eit namn som kviler på eit av dei grunnleggjande aksioma i tekstkritikken: Kvar avskrift inneheld dei same feila som førelegget, minus dei som avskrivaren har sett og retta, samt nokre nye feil (kan henda med unnatak av dei tilfella der teksten er svært kort).²³ Metoden baserer seg altså på at to avskrivarar ikkje gjer dei same feila når dei kopierer ein tekst.²⁴ Ein slik feil i eit handskrift vert ofte ikkje oppdaga av avskrivaren, og vert dermed ført vidare nedover i teksttradisjonen. Desto fleire ledd det er i ein teksttradisjon, desto fleire feil kan ein rekna med at det finst.

Feil i denne samanhengen, er ei teknisk og nøytral nemning. I tekstkritisk samanheng kan ein kalla den ein *novasjon*, ein *sekundær lese måte*,²⁵ eller eit *avvik*,²⁶ utan omsyn til om denne er ei forvanskning (korrupsjon) eller forbetring (emendasjon) av den primære lese måten. I prinsippet er arketypen fri for feil som har oppstått i seinare avskrifter. Tekstkritikkens oppgåve er å nøye gjennomgå dei ulike tilstandane i ein teksttradisjon, og freista å skilja mellom primære og sekundære innslag i overleveringa. Dette inneber at handskriftene kan klassifiserast på grunnlag av felles feil.²⁷ Ved å samanlikna handskriftene med omsyn til kva handskrift som delar dei same feila, kan ein klassifisera dei, og setja opp eit *stemma* over tilhøvet mellom dei.

Ein *særfeil* er ein enkeltstående feil som karakteriserer eitt eller fleire handskrifter i ein tradisjon, og som tener til å skilja desse frå dei øvrige handskriftene. *Særfeil* i to eller fleire handskrifter vert ofte omtalt som *felles feil* for desse handskriftene.

For at feil skal kunna nyttast til å setja opp eit *stemma* over handskriftradisjonen, må feilen vera *signifikant*. Til ein signifikant feil vert det stilt to krav:

1. Den må vera *spontan*, altså av ein slik art at det usannsynleg at to avskrivarar kunne gjera den same feilen uavhengig av kvarandre.

23. Haugen 1992, bd. 1, s. 59. Jf. West 1973, s. 32: "In the absence of contamination, each copy will contain the same errors that were in the exemplar from which it was made, minus those that the scribe has seen and corrected, plus some additional ones (unless, perhaps, the text is very short)."

24. Haugen 1990, s. 157.

25. Jf. Haugen 1992, bd. 1, s. 60.

26. Jf. Jørgensen 2000, s. 90–91.

27. Haugen 1990, s. 157.

2. Den må vera *resistent*, altså av ein slik art at det er usannsynleg at feilen kunne verta retta ved konjunktur i seinare avskrifter.

Ein signifikant feil vil dermed, når den først har oppstått i eit handskrift, også finnast i dei seinare avskriftene og avskrifters avskrifter av handskriftet.²⁸ Ein slik feil vil ikkje førekoma i ein annan avskriftsklasse.

I realiteten er ein feil i tekstkritisk samanheng altså ikkje noko anna enn eit avvik frå førelegget, utan omsyn til om den er rett eller urett etter språklege, historiske eller andre kriteria. I samband med den genealogiske metoden spelar det såleis inga rolle om feilen forverrar eller forbettrar førelegget. Det som er avgjerande er om feilen er signifikant.²⁹

Det er likevel ikkje alltid slik at felles feil fordelar seg mellom handskriftene på ein ein-tydig måte. Ofte er det slik at det kan vera svært vanskeleg å gruppera handskriftene på bakgrunn av feilfordelinga. Desse motseiingane i teksttilhøvet kan forklårast på tre måtar:³⁰

1. *Konvergens* eller tilfeldige samanfall. Dette inneber at den same lesemåten oppstår i elles uavhengige handskrifter, det vil seia at handskriftene konvergerer (går i hop) utan at det er grunnlag for det i førelegga deira.
2. *Konjunktur*. Dette er retting av tekst, basert på subjektivt skjønn. Om dette er utført av ein avskrivar kan det føra til at ein tilsynelatande resistent feil likevel viser seg ikkje å vera resistent.
3. *Kontaminasjon*. Dette inneber at ei avskrift baserer seg på meir enn eitt førelegg. Det kan gå føre seg på fleire måtar: ved at avskrivaren har nytta fleire førelegg og stadig skiftar mellom dei i valet av lesemåtar; ved at alternative lesemåtar som i eitt handskrift er førte som margnotisar, vert innførte i hovudteksten i ei avskrift av dette handskriftet; eller ved at skrivaren fører inn lesemåtar frå andre greiner av tradisjonen etter minnet.

Om handskrifttradisjonen berre har vore utsett for konvergens eller konjunktur, er det framleis mogleg å koma fram til motseiingsfrie resultat, men dersom tradisjonen viser seg å vera kontaminert vil dette i prinsippet skapa eit uløyselig problem for den genealogiske metoden. I praksis er det likevel mogleg å koma fram til eit relativt sikkert resultat om kontaminasjonen berre gjeld klart åtskilde delar av teksten.³¹

28. Haugen 1992, bd. 1, s. 61.

29. Haugen 1992, bd. 1, s. 64.


30. Haugen 1992, bd. 1, s. 96–104.

31. Haugen 1992, bd. 1, s. 104.

I avhandlinga vil eg i hovudsak nytta nemninga *avvik* for det tekstkritiske feil-omgrepet, av di det kan verta naudsynt å nytta ordet feil i andre samanhengar, som til dømes i skiljet mellom rett og urett i språkleg samanheng. Dersom eg likevel finn det naudsynt å nytta nemninga feil for det tekstkritiske omgrepet, vil det vera i former som ikkje er til å misforstå.

2.4.2 Stemmaet

Eit *stemma* (lat.)³² er ei stamtavle, og ein *codex* (*caudex*) (lat.) er ei bok eller eit skrift. Eit *stemma codicum* er dermed ei stamtavle over bøker eller (hand)skrifter. Kort fortalt er det “ein modell for tekstfiliasjon” og “ei oppsummering i grafisk form av den kritiske gjennomgangen av ein teksttradisjon”.³³ Det er dermed ikkje ein naudsynleg del av ein resensjon, ettersom det er mogleg å føreta ei oppsummering på andre måtar, til dømes i prosa. Men eit stemma gjer det enklare å følgja tankegangen til den som har gjennomført resensjonen. Sjølv om stemmaet ofte vert assosiert med Karl Lachmann, vart det første *stemma codicum* sett opp av svensken C. J. Schlyter i ei utgåve av Vestgöotalagen frå 1827. I Noreg vart dei første *stemma codicum* sette opp av Gustav Storm i kjeldeutgåva *Monumenta Historica Norvegiæ* frå 1880.




Figur 2-3. Eksempel på stemma, eksemplifisert ved Storms stemma (lett omteikna) over handskrifttradisjonen til Tjodrek munks *Historia de antiquitate regum norwagiensium* (*Monumenta Historica Norvegiæ*, s. v).

32. Opphavleg eit innlån frå gresk i tydinga *flette, krans*.

33. Haugen 1997, s. 202.

I eit stemma er altså dei ulike handskriftene sette opp i ei relativ kronologisk rekkjefølgje, der handskriftene representerer forskjellige generasjonar i ein teksttradisjon. Den genealogiske relasjonen vert understreka ved at ein gjerne nyttar termar som moder- eller dotterhandskrifter i den vertikale aksen av stemmaet, og søsterhandskrifter i den horisontale aksen. Sidan Gustav Storm publiserte sine stemmata i 1880, har den grafiske utforminga endra seg noko. I dag vert gjerne eksisterande manuskript markerte med latinske bokstavar, oftast majusklar, medan hypotetiske og tapte handskrifter vert markerte med greske bokstavar.³⁴ I tillegg opererer ein gjerne med termen *arketyp*, som ikkje markerer originalhandskriftet, men derimot den eldste teksttilstanden kritikaren kan føra dei overleverte manuskripta attende til. Arketypen fell sjeldan saman med originalen, men er den beste og mest opphavlege teksten som kan rekonstruerast ut frå det tekstkritiske arbeidet. I tillegg opererer ein gjerne med underkategoriar av arketypen, oftast kalla *hyparketypar*. Storms stemma over handskriftene av Tjodrek munks verk, ville i dag truleg sett ut omlag som dette:



Figur 2-4. Omteikning av Storms stemma i moderne retning. Streken frå B til A og K er ikkje med i det opphavlege stemmaet, men kan føresetjast ettersom A og K byggjer på Kirchmanns avskrift, og dermed truleg også dei medfølgjande notane og kommentarane til Kirchmann (=B).

34. Tarrant 1995, s. 104.

Det er likevel viktig å ha klart føre seg at stemmaet berre gjev uttrykk for teksttradisjonen mellom dei *overleverte* handskriftene, og er såleis ikkje ein modell over heile teksttradisjonen. Dei postulerte hypotetiske handskriftene (arketypar og hyparketypar) er dermed ikkje naudsynleg eit uttrykk for berre eitt handskrift, men like gjerne for ei gruppe handskrifter. Stemmaet er dermed ein minimal modell.³⁵

Den vertikale aksen i stemmaet er i hovudsak ikkje uttrykk for ein absolutt kronologi, og kan ikkje nyttast til å få eit inntrykk av alderen på dei forskjellige handskriftene, men gjev berre ein relativ indikasjon på kronologien.³⁶

Stemmaet har også fått mykje kritikk. Sentralt i denne kritikken står den franske romanisten Joseph Bédier (1864–1938), som peika på at svært mange stemmata delte seg i berre to hovudgreiner. Bédier meinte at ein skulle venta at tekstoverleveringa var meir komplisert enn som så. Seinare undersøkingar har underbygd denne kritikken. “Det er vanskeleg å tru at ei slik overvekt av togreina stemmata er tilfeldig.”³⁷

Eit anna problem med stemmaet, er at det føreset at teksttradisjonen er ukontaminert. Overfor kontaminerte teksttradisjonar er den genealogiske metoden i prinsippet ubrukeleg. Ettersom handskriftradisjonen ofte er så komplisert, er det tilsvarande ofte uråd å nå fram til definitive konklusjonar, oppsummerte i eit stemma. Giorgio Pasquali (1885–1952) heldt dessutan fram at kontaminerte tradisjonar er regelen snarare enn unnataket.³⁸ Eit potensielt problem med metoden er også at den i høg grad baserer seg på tekstkritikarens eige subjektive skjønn, og dermed er det fare for at to kritikarar vil vurdere ulikt i ein og same teksttradisjon.

Den genealogiske metoden og stemmaet som modellerer den, er, trass all kritikk, framleis den dominerande metoden innanfor klassisk filologi og mellomalderfilologi. Årsaka er nok i første rekkje at det framleis vantar allment aksepterte alternativ,³⁹ men også det at den har gjeve relativt robuste og sannsynlege resultat er truleg medverkande.

35. Haugen 1992, bd. 1, s. 76.

36. Haugen 1992, bd. 1, s. 74.

37. Haugen 1997, s. 202–203; jf. også Tarrant 1995, s. 112–113.

38. Tarrant 1995, s. 108–109.

39. Haugen 1990, s. 161.

2.4.3 Kvalitativ versus kvantitativ metode

I 1920-åra dukka det så smått opp nye metodar for tekstkritisk arbeid. Men det var først då dataalderen kom i 1970-åra, at desse metodane kom for alvor. Det som kjenneteiknar desse metodane er at dei byggjer på ulike former for *distribusjonell* eller *kvantitativ* analyse, som i utgangspunktet skal måla tekstvariasjonen på eit nøytralt grunnlag. Dette står på mange måtar i motsetnad til den genealogiske metoden som er utprega *kvalitativ*, ettersom den overlèt mykje av arbeidet til kritikarens egne meir eller mindre subjektive vurderingar. Desse metodane var særleg utvikla med tanke på å ta hand om kontaminerte resensjonar, som i prinsippet er uløyslege med den genealogiske metoden. Dei distribusjonelle metodane byggjer på matematiske og statistiske føresetnader, men felles for dei alle er at dei kvantifiserer tekstmaterialet, og lesemåtar og handskrifter vert registrerte etter faste mål og handsama numerisk.⁴⁰

I innleiinga til avhandlinga si om resensjonsmetodikk, sèt Odd Einar Haugen opp fem krav til slike datamaskinelle metodar:⁴¹

1. Metoden må vera *etablert*.
2. Metoden må gje *robuste* resultat.
3. Resultata av metoden må kunna *visualiserast*.
4. Det må vera utvikla *programvare* for gjennomføringa av metoden.
5. Metoden bør vera relativt *rask* å utføra.

Om desse krava er oppfylte, er det i prinsippet ikkje noko i vegen for å velja ein kvantitativ metode i tekstkritiske undersøkingar. Den største føremona har likevel desse metodane i at dei i prinsippet kan ta hand om så store mengder tekstmateriale av så kompleks art, at den genealogiske metoden ikkje er brukande. I tillegg eignar metodane seg godt til å finna mønster i tekstvariasjonen. På den andre sida har den genealogiske metoden den føremona at den dreg vekslar på kritikarens mykje vidare kunnskapsgrunnlag, som gjer at den kan nytta seg av utanomtekstleg informasjon.

Kvantitative metodar i tekstkritikken er komne for å bli. Dei gjer det også mogleg å studera tekstar ut frå nye innfallsvinklar. Men dei vil ikkje kunna erstatta den kvalitative

40. Haugen 1990, s. 179–180; jf. Haugen 1992, bd. 1, s. 24–27.

41. Haugen 1992, bd. 1, s. 30–31.

metoden. Snarare fyller dei kvalitative og kvantitative metodane kvarandre ut, og begge vil truleg stå sterkare saman enn kvar for seg.

2.4.4 Val av metode


Den tyske filologen Paul Maas definerte tekstkritikkens oppgåve til å [re-]produsera ein tekst så nær opp til originalen som mogleg (*constitutio textus*).⁴² Denne avhandlinga vil ikkje freista direkte på ein tekstleg konstitusjon slik Maas var inne på, ettersom eg ikkje vil gjennomføra ein full emendasjon av tekstgrunnlaget. Indirekte kan likevel resultatet hjelpa til å gje eit betre grunnlag for rekonstruksjonen av *Heimskringla* som verk.

I denne avhandlinga nyttar eg den genealogiske metoden i analysen av tekstmaterialet. Grunnen til at eg vel denne metoden framanfor kvantitativ metode, er at den genealogiske metoden er velprøvd, og har vist seg å gje robuste resultat. I tillegg har eg ikkje sjølv arbeidd med kvantitative metodar, og ser difor ingen grunn til å starta med ein for meg ny arbeidsmetode i denne avhandlinga.

42. Maas 1958, s. 1.

3: Handskriftene av *Heimskringla*

Som verk finst *Heimskringla* i dag overlevert i ei rekkje handskrifter, som innbyrdes har den same teksten med større eller mindre variasjonar. Dei viktigaste handskriftene ein i dag kjenner er: *Kringla* (K), *AM 39 fol.* (39), *Fríssbók* (F), *Jǫfraskinna* (J), *Eirspennill* (E) og *Gullinskinna* (G). Av desse handskriftene vert dei tre første rekna til den såkalla x-klassen, medan dei tre siste vert rekna til y-klassen. Inndelinga av dei forskjellige handskriftene av *Heimskringla* i desse to klassane vart først gjort av Bjarni Aðalbjarnarson i 1951.¹ Denne hovudinndelinga av handskriftene er i hovudsak allment akseptert av seinare forskarar. Hovudargumentasjonen for inndelinga av handskriftene i ein x-klasse og ein y-klasse ligg i HkrIII, der Bjarni Aðalbjarnarson peikar på at J, E og G står saman om å mangla dei fleste jarteiknsogene, forutan at dei er interpolerte med same *Morkinskinna*-tekst. Det bør samstundes nemnast at Bjarni Aðalbjarnarson gjer merksam på at stemmaet er av mellombels karakter, og at eit endeleg stemma ikkje kan stillast opp før det er gjort ein grundig kritisk gjennomgang av alle handskriftene.²



Figur 3-1. Stemma etter HkrBA III, s. xciv.

Slik stemmaet viser er desse seks hovudhandskriftene viktige i arbeidet med å etablera teksten i *Heimskringla*.

1. HkrBA III, s. xciv.

2. HkrBA III, s. xciii–xcv. Jf. Louis-Jensen 1977, s. 36.

I den etterfølgjande gjennomgangen av handskriftene for *Heimskringla*, byggjer eg for det meste på doktorgradsavhandlingane til Jonna Louis-Jensen frå 1977³ og Jon Gunnar Jørgensen frå 2000. AM 39 fol. får ei noko grundigare handsaming enn dei øvrige, ettersom det er dette handskriftet eg nyttar som utgangspunkt for drøftingane mine.

3.1 Kringla

Dette staselege handskriftet gjekk tapt, på eitt blad nær, saman med mange andre uerstattelege handskrifter, då universitetsbiblioteket i København brann i 1728. *Kringla* var eit islandsk pergamenthandskrift frå midten av 1200-talet, og det mest fullstendige handskriftet i x-klassen.⁴ I tillegg til *Heimskringla* inneheldt det *Skáldatal*, og på bakgrunn av opplysningar herifrå kan det daterast til omlag 1258–1264.⁵ Eitt einaste blad av *Kringla* eksisterer i dag, og ligg no i Handbókasafn Landbókasafns Íslands og har signaturen Lbs. frg 82. Tidlegare låg det i Kungliga biblioteket i Stockholm, og hadde signaturen Sth./Holm. perg. 9 I fol. Korleis det hamna der er uvisst, men mest truleg var det Jón Eggertsson som skar bladet ut og tok det med til Stockholm som prøve på avskrifta si av *Kringla*.⁶

Proveniensen for *Kringla* er ukjent fram til handskriftet midt i 1500-åra truleg var i Bergen, der det vart nytta av Mats Størsson i hans sagaomsetjing. Korleis det kom til Danmark er uvisst, men alt før 1633 var det kome til Københavns Universitetsbibliotek.

Kringla er i dag det einaste handskriftet ein med visse kan seia har innehalde alle dei tre tredelane som utgjer *Heimskringla*. Sjølv om handskriftet gjekk tapt i 1728, finst det ei rekkje avskrifter av det. I 1681–1682 skreiv Jón Eggertsson av *Kringla* for Antikvitetskollegiet i Stockholm (Sth. papp 18 fol.), men heile avskrifta er ikkje frå *Kringla*. Den første delen (prologen, *Ynglinga saga*, *Hálfðanar saga svarta* og *Haralds saga hárfagra*) av denne avskrifta er skriven med ei anna, uidentifisert, hand, og prologen er skriven av etter *Jofraskinna*. Frå 1682 til 1718 var handskriftet utlånt til Tormod Torfæus (1636–1719) på Stangaland på Karmøy. Her skreiv assistenten hans, Ásgeir Jónsson, av heile handskriftet. Avskrifta finst i dag i AM 35, 36 og 63 fol. Forutan desse skreiv også Ásgeir av HkrI i

3. Avhandlinga er opphavleg avslutta i 1971, men er ikkje prenta før 1977.

4. Jørgensen 2000, s. 11.

5. ONP, s. 273; Jørgensen 2000, s. 11.

6. Louis-Jensen, s. 16–17.

OsloUB 521 fol., og HkrII i AM 70 fol., samt at han fylte ut nokre av lakunene etter *Kringla* i *Jqfraskinna*-avskrifta AM 38 fol.

3.2 AM 39 fol.

Handskriftet er datert til omlag 1300,⁷ og er rekna som eitt av dei etter måten få kongesogehandskriftene som heile tida har vore på Island, og altså ikkje kome til Noreg (sjå òg s. 34). Slik det framstår i dag er handskriftet sett saman av 43 blad, fordelt på 11 fragment med innhald frå forskjellige kongesoger. Dei ti første blada, som er fordelte på heile sju fragment, er alle svært mørke og tildels skadde. Desse har alle vore nytta til innbinding av andre bøker – såkalla *kver*. Det er truleg også grunna denne innbindinga at desse blada er noko mindre enn dei øvrige 33 blada, ettersom dei truleg har vorte skorne til slik at dei passa som omslag på bøkene.⁸

Dei forskjellige fragmenta er samansett på følgjande måte:

1. Blad 1 og 2 er eit fragment frå *Hákonar saga góða*. Det strekk seg frå kapittel 16 til kapittel 27 i HkrFJ I. Kapittelindelinga i dette oversynet følgjer HkrFJ, og skil seg dermed frå Kålunds opplysningar i katalogen over dei arnamagnæanske handskriftene.
2. Blad 3 og 4 er frå *Haralds saga gráfeldar*. Fragmentet tek til mot slutten av kapittel 1 og går fram til slutten av kapittel 12.
3. Blad 5 er eit fragment frå *Óláfs saga Tryggvasonar*, og går frå kapittel 12 til kapittel 17. Også dei neste fire fragmenta er frå denne saga.
4. Blad 6 strekk seg frå kapittel 28 til 32.
5. Blad 7 og 8 er frå kapittel 37 til kapittel 45.
6. Blad 9 byrjar i kapittel 63 og endar i starten av kapittel 69.
7. Blad 10 tek til i kapittel 76 og sluttar i kapittel 80.
8. Blad 11–26 er det største fragmentet. Dette startar i kapittel 245 av *Óláfs saga helga* og har slutten av denne saga. Vidare inneheld den heile *Magnúss saga góða* (fol. 12r–18v), såvel som dei første 55 kapitla av *Haralds saga Sigurðarsonar*.
9. Blad 27–31 er frå *Haralds saga Sigurðarsonar* og tek til med slutten av kapittel 61 og endar i kapittel 91.
10. Blad 32–42 er også eit stort samanhengande fragment. Dette startar i kapittel 98 av *Haralds saga Sigurðarsonar* og har slutten av denne saga. Vidare inneheld den heile *Óláfs saga kyrra* (fol. 32v–33r), *Magnúss saga berrfætts* (fol. 33r–36v) og *Magnússona saga* (fol. 36v–40v). I tillegg har den med byrjinga av *Magnúss saga blinda ok Haralds gilla* fram til kapittel 10.

7. ONP, s. 432.

8. Kålund 1889–1894, bd. 1 (1889), s. 28.

11. Blad 43 inneheld siste delen av *Magnúss saga blinda ok Haralds gilla* frá kapittel 13 og ut, samt heile kapittel 1 og noko av kapittel 2 av *Haraldssona saga*.

Den islandske handskriftsamleren og professoren ved Københavns Universitet, Árni Magnússon (1663–1730), fekk tak i desse blada på ymist vis.⁹ Blada 1, 4, 5 og 6 fekk han i 1703 frá Skarð på Skarðsströnd. Dei hadde vore utanpå bøker som presten Jón Guðmundsson († 1634) i Hítardalur hadde átt. Blad 2 og 3 var nytta som omslag på eit handskrift av *Eyrbyggja saga*, som Árni Magnússon fekk i 1686, og som opphavleg var i eiga til presten Þórður Jónsson (1609–1670) i Hítardalur, sonen til Jón Guðmundsson. Blad 8 og 10 hadde vore omslag på ei bok, som far til Árni Magnússon hadde átt. På fol. 7v står det at det bladet kom til Árni Magnússon frá “Middalane” i april 1704, og ein notis på blad 9r fortel at det bladet hadde vore utanpå “qvere fra Sigríde Erlendzdóttur Olafs sonar prests ad Mellfad.”



Figur 3-2. Árni Magnússon. Portrettet er henta frá <http://am.hi.is>

Om dei øvrige blada (blad 11 til 43) veit ein ikkje noko sikkert om proveniensen. Som Kålund er inne på, har dei preg av einsarta konservering og av å ha høyrte saman i lang tid.¹⁰ Det kan ut frå dette sjå ut til at handskriftet alt tidleg har vore splitta. Det er påfallande at det som er overlevert av HkrIII ser ut til å ha vore teke vare på saman. No har likevel undersøkingar av Ólafur Halldórsson vist at også delar av desse siste blada må ha vore i Hítardalur. Presten Þórður Jónsson ser nemleg ut til å ha nytta blada 11–13 som førelegg for marginalnotisar i *Húsafellsbók*. Ettersom blada 11–18 utgjer eit heilt legg av handskriftet, er det ikkje urimeleg å tenkja seg at sira Þórður har hatt resten av blada også.¹¹

Ole Widding har identifisert skrifvarhanda som identisk med den i AM 232 fol. (*Barlaams saga ok Josaphats*), AM 162 B δ fol. (*Njáls saga*) og AM 49 8° (Biskop Arnes kristenrett).¹² Stefán Karlsson er, på si side, samd i at desse truleg høyrer til ei gruppe hand-


9. Kålund 1889, s. 29; jf. HkrFJ I, s. xv–xvi og Louis-Jensen 1977, s. 18.

10. Kålund 1889, s. 29.

11. Ólafur Halldórsson 1976, s. 395–402.

12. Lönnroth 1964, s. 66, med tilvising til demonstrasjon av Ole Widding.

skrifter som har vorte til i same miljø, men tvilar på at det er same skrivar. Til denne handskriftgruppa føyer han AM 162 B β fol. (*Njáls saga*) og AM 383 II 4° (*Þorláks saga*).¹³



Figur 3-3. Side frå AM 39 fol. Dette er blad 14r, og inneheld tekst frå *Magnúss saga góða*, svarande til 18.14–21.2 i transkripsjonen

13. Louis-Jensen 1977, s. 18–19, med tilvising til Stefán Karlsson (utg.): *Sagas of Icelandic Bishops: Fragments of Eight Manuscripts*. Early Icelandic Manuscripts in Facsimile, Vol. 7 (Copenhagen, 1967).

3.3 Fríssbók (AM 45 fol.)

Fríssbók (Codex Frisianus) har namnet sitt etter den danske adelsmannen Otte Friis, som åtte handskriftet kring 1600. Handskriftet inneheld prologen, HkrI og HkrIII, samt *Hákonar saga Hákonarsonar*. Det vert datert til første fjerdedel av 1300-talet,¹⁴ og er etter alt å døma islandsk.¹⁵ Sjå dessutan illustrasjonen på neste side.

Teksten svarande til HkrIII i *Fríssbók* er ikkje uproblematisk. *Heimskringla*-teksten i handskriftet høyrer til x-klassen av handskrifter, men ved sidan av dette inneheld handskriftet dei same innskota frå *Morkinskinna* som finst i y-klassen, samt ein heil del øvrig stoff frå *Morkinskinna* som har fortrenge den motsvarande *Heimskringla*-teksten.¹⁶ Dette gjer sitt til at dette handskriftet er til dels problematisk å nytta i samband med tekstkritiske analyser.

Handskriftets historie er ukjent fram til det kring midten av 1500-åra vart nytta av Laurents Hanssøn og Mats Størsson i sagaomsetjingane deira, og var då truleg i Bergen. Det at handskriftet er i så god stand kan tyda på at det har kome tidleg til Noreg. Jon Gunnar Jørgensen viser til Mariane Overgaard¹⁷ som meiner at *Fríssbók* kan ha kome til Danmark så tidleg som 1568, anten med den danske riksråden Bjørn Andersson (Bjørn), eller med Erik Rosenkrantz, som dette året forlét posten som lensmann på Bergenhus. Kring eller før 1600 kom det så til Otte Friis, og etter kvart enda *Fríssbók* i eiga til Jens Rosenkrantz. Då Rosenkrantz døydde i 1695 kjøpte Árni Magnússon handskriftet.¹⁸

14. ONP, s. 273.

15. Louis-Jensen 1977, s. 19; Ólafur Halldórsson 1993, s. 221–222.

16. Louis-Jensen 1977, s. 83.

17. Mariane Overgaard: «Den Ottofrisienske Håndskriftsamling,» i Bergljót S. Kristjánsdóttir og Peter Springborg (red.), *Frejas psalter: En psalter i 40 afdelinger til brug for Jonna Louis-Jensen* (København: Det Arnamagnæanske Institut, 1997), s. 143–150.

18. Louis-Jensen 1977, s. 21; Jørgensen 2000, s. 12–13.



Figur 3-4. Side frå Fríssbók etter faksimileutgåva frá 1932, Codex Frisianus (Sagas of the Kings of Norway). MS. No. 45 Fol. in the Arnamagnæan Collection. Denne sida inneheld tekst frå slutninga av Óláfs saga Tryggvasonar og starten på Magnúss saga góða. Takk til statsarkivar Yngve Nedrebø ved Statsarkivet i Bergen for hjelp med fotografering.

3.4 Jøfraskinna

Til liks med *Kringla* hørte *Jøfraskinna* til Københavns Universitetsbibliotek, og brann saman med dette i 1728. Det vart av Árni Magnússon omtalt som *Codex Academicus secundus* i motsetnad til *Kringla*, som han kalla *Codex Academicus primus*. *Jøfraskinna* inneheldt HkrI og HkrIII, samt ein eigen redaksjon av *Óláfs saga helga*, som etter alt å døma var ein forkorta versjon av Den store saga om Olav den heilage. Dessutan inneheldt *Jøfraskinna* både *Sverris saga* og *Hákonar saga Hákonarsonar*. Sju blad/fragment eksisterer framleis av *Jøfraskinna*, men ingen av dei inneheld eigentleg *Heimskringla*-tekst. Fire blad (Sth. perg. 9 fol.) inneheld likevel tekst frå *Jøfraskinnas* redaksjon av den særskilte Olavssoga,¹⁹ medan eitt blad (AM 325 VIII 3d, 4to) har tekst frå *Sverris saga* og to fragment (NRA 55a, b) har tekst frå *Hákonar saga Hákonarsonar*. På grunnlag av desse fragmenta vert handskriftet datert til omlag 1300–1325.²⁰ Det har vore diskutert kor vidt handskriftet er (var) norsk eller islandsk, men nyare forskning reknar med eit islandsk opphav.²¹

Som *Fríssbók* har truleg *Jøfraskinna* kome tidleg til Noreg, kan henda alt på 1300-talet.²² I 1567–1568 gjorde den seinare superintendenten i Oslo, magister Jens Nielssøn, ei avskrift av *Jøfraskinna* (AM 37 fol., også omtalt som J1). Ikkje heile avskrifta har overlevd. Det ein i dag har tek til med kap. 27 i *Ynglinga saga*, og sluttar i kap. 34 av *Óláfs saga helga*. *Jøfraskinna* har truleg vore fullstendig på denne tida, ettersom avskrifta til Jens Nielssøn inneheld teksten frå dei blada som sidan kom bort frå handskriftet. Etter dette veit ein ingenting om handskriftet, før adelsmannen Brostrup Gjedde i 1655 gav handskriftet til Universitetsbiblioteket. I mellomtida hadde handskriftet vorte fragmentert, og nokså øydelagt. I 1682 gjorde svensken Johan Gabriel Sparfvenfeld (1655–1725) ei avskrift av prologen og *Ynglinga saga* (Uppsala R:685), og like etter vart *Jøfraskinna* utlånt til Tormod Torfæus der Ásgeir Jónsson skreiv av prologen og kongesogene fram til 1177 (AM 38 fol., også omtalt som J2). Ásgeir skreiv dessutan av *Óláfs saga helga* etter *Jøfraskinna* i OsloUB

19. Denne redaksjon av *Óláfs saga helga* er ein eigen redaksjon av den særskilte Olavssoga, og avvik i ein del samanhengar frå *Kringlas* Olavssaga (HkrII).

20. ONP, s. 273 og 473.

21. Stefán Karlsson 1979, s. 9.

22. Louis-Jensen 1977, s. 26.

521 fol. (J3), og nytta *Jøfraskinna* i AM 35 fol. til å fylla ut lakunene i *Kringla*, samt til å skriva av prologen.

3.5 Eirspennill (AM 47 fol.)

Dette handskriftet inneheld siste del av *Heimskringla* (frå HkrFJ II, kap. 239), *Sverris saga*, *Boglunga sögur* og *Hákonar saga Hákonarsonar*. *Eirspennill* er eit visstnok islandsk²³ handskrift som vert datert til første fjerdedel av 1300-åra. Det vart utgjeve separat av Finnur Jónsson i 1916. Handskriftet er nesten komplett overlevert, men blad 2 er skore ut. Ved bortsjeringa av dette bladet vart det igjen restar av dei bokstavane som står først (recto-sida) og sist (verso-sida) i kvar linje. Ut frå dette ser ein at *Eirspennill* har mangla kapitlet “Frá Árnasonum” (HkrFJ II, kap. 242).²⁴ Dermed har *Sveins saga Alfússonar* i *Eirspennill* svara til kapitla 239–241, 243–245 og 247–251 i HkrFJ II.

Eirspennill har vore i Noreg så tidleg som tredje kvartal av 1300-talet, då ei innskrift på eitt av blada viser at det har vore i eiga til Þróndr Garðarson, erkebiskop i Nidaros 1371–1381.²⁵ Etter alt å døma var handskriftet i Noreg gjennom heile seinmellomalderen, til det anten seint i 1500-åra eller tidleg i 1600-åra kom til Danmark, og også *Eirspennill* enda til slutt i eiga til Jens Rosenkrantz. Til liks med *Fríssbók* kjøpte Árni Magnússon dette handskriftet av arvingane etter Jens Rosenkrantz i 1696.

3.6 Gullinskinna

Gullinskinna tilhørte også Universitetsbiblioteket i København, og brann med dette i 1728. Handskriftet var utlånt til Torfæus i tida 1682–1718, og vart då avskrive av Ásgeir Jónsson (AM 42 fol.). Ásgeirs avskrift tek til med kap. 98 av *Haralds saga harðráða* (HkrFJ III, s. 217). Etter resten av HkrIII, følgjer dei 14 første kapitla av *Sverris saga*. Truleg har det her vore ei lakune i handskriftet. Til sist inneheldt avskrifta ein sterkt avstyttta redaksjon av *Hákonar saga Hákonarsonar* frå starten av denne soga til kapitlet “Tapan

23. Jørgensen 2000, s. 13, med tilvising til Stefán Karlsson (utg.): *Sagas of Icelandic Bishops: Fragments of Eight Manuscripts*. Early Icelandic Manuscripts in Facsimile, Vol. 7 (Copenhagen: Rosenkilde and Bagger, 1967), s. 59. Jf. Stefán Karlsson 1979, s. 9 og Jakobsen 1993

24. Louis-Jensen 1977, s. 21, note 33.

25. Louis-Jensen 1977, s. 23.

Sæmundarsona”. Ei separat avskrift med Ásgeir Jónssons hand av *Sverris saga* og *Hákonar saga* frá *Gullinskinna* finst dessutan í AM 80 fol. Dessutan har Ásgeir Jónsson fyllt ut tre lakuner í *Jofraskinna*-avskrifta AM 38 fol. med tekst frá *Gullinskinna*.

Eitt blad som truleg stammar frá *Gullinskinna*, eksisterer framleis. Dette fekk Árni Magnússon frá Hans Gram í 1719. Bladet har tekst frá *Hákonar saga Hákonarsonar*, og har signaturen AM 325 VIII 5c 4to. På bakgrunn av dette bladet er *Gullinskinna* datert til omlag 1400.²⁶ Handskriftet har truleg alt í slutten av 1500-talet vore í Danmark.²⁷

3.7 Andre handskrifter

3.7.1 AM 325 VIII, 1 4to

Dette fragmentet, som saman med AM 325 IX 2 er restar av eit handskrift frá byrjinga av 1300-talet,²⁸ inneheld fem blad, alle med tekst frá HkrI.

3.7.2 AM 325 XI, 1 4to

Fragmentet er ihopsett av fire blad av eit handskrift frá byrjinga av 1300-talet.²⁹ Teksten på blad 1 er frá HkrI, medan dei øvrige tre blada har tekst frá den særskilte Olavssoga.

26. ONP, s. 451. Jf. Louis-Jensen 1977, s. 30 og Jørgensen 2000, s. 14–15.

27. Louis-Jensen 1977, s. 30.

28. ONP, s. 450, daterer det til omlag 1300–1325.

29. ONP, s. 451, daterer det til omlag 1300–1325.

4: Forskingshistorie og teksttradisjon

Så seint som i 1977 skriv Jonna Louis-Jensen at det berre er to handskrifter av *Heimskringla* som “vides med sikkerhed at have indeholdt alle Heimskringlas tre tredjedele, nemlig Kringla og AM 39 fol.”¹ Tjue år seinare er denne sikre kunnskapen slett ikkje så sikker lenger, og ho slår då fast at det er vanskeleg å seia kor vidt 39 har innehalde alle dei tre tredelane eller ikkje.² Kva har hendt på desse tjue åra? Eg skal freista å gje eit riss av forskningshistoria i det følgjande.

Det ein kan kalla *Heimskringlas* teksttradisjon, er visualisert ved Bjarni Aðalbjarnarsons stemma over dei forskjellige handskriftene av *Heimskringla* (fig. 3-1 på side 20). Slik eg har vore inne på i generelle vendingar i kapitlet om metode, representerer dette stemmaet ei forenkling av teksttradisjonen, ettersom eit stemma i prinsippet føreset ein ukontaminert teksttradisjon. Slik Pasquali var inne på (sjå s. 17) er ein slik ukontaminert tradisjon snarare unnataket enn regelen, og som ei motvekt til den forenkla teksttradisjonen i dei vanlege stemmata over *Heimskringla*-korpuset, har eg på neste side sett inn eit anna skjema for å eksemplifisera ein truleg meir reell teksttradisjon.

Skjemaet over kongesagakomplekset i fig. 4-1 nedanfor, er sett opp av norrønfilologen Bjarne Fidjestøl (1937–1994), i innleiinga til doktoravhandlinga hans om *Det norrøne fyrstediktet*.³ Han understrekar at, trass i at skjemaet kan sjå innvikla ut, er det forenkla og inneheld mange uvisse punkt. Fidjestøls forenkling ligg i at utelukkande indirekte slektskap – bruk av (hypotetiske) felles kjelder – stort sett er halde utanfor, samt at han berre har teke med verk som siterer skaldekvad.⁴ Det er også illustrerande for *Heimskringla*-korpuset, ettersom også det må reknast å vera kontaminert i overleveringa. Som ein kan sjå er *Heimskringla* og *Óláfs saga helga* plasserte midt i skjemaet, i ei og same ramme. Berre det er ei grov forenkling av teksttradisjonen til *Heimskringla*. Når ein så veit at Bjarni Aðalbjarnar-


1. Louis-Jensen 1977, s. 16.

2. Louis-Jensen 1997.

3. Fidjestøl 1982.

4. Fidjestøl 1982, s. 9–10.

sons hovudgrunnlag for å dela handskriftene av *Heimskringla* i ein x- og ein y-klasse kviler på kontaminasjon frå *Morkinskinna*, illustrerer dette problemet så godt som noko.



Figur 4-1. Bjarne Fidjestøls «forenkla» skjema over overleveringstilhøva i kongesagakomplekset.

4.1 Eldre forskning, samt noko om proveniens og innhald

Den norske historikaren og kjeldegranskaren Gustav Storm (1845–1903) omtalar berre kort 39 i si grunnleggjande avhandling om *Snorre Sturlassöns Historieskrivning* frå 1873. Denne avhandlinga var eit svar på ei prisoppgåve, som vart utlyst av Det kongelige Danske Videnskabselskab våren 1870, og Storm mottok selskapets gullmedalje for svaret. Oppgåva var delt i fire delspørsmål, og lydde som følgjer:⁵

1. Hvilke ere de udvortes Vidnesbyrd for, at Snorre er Forfatter af Heimskringla, og hvad hörer der til dette Værk?
2. Hvorledes er Snorre som Forfatter gaaet tilværks, og hvilke have hans Kilder været?
3. Kan noget enkelt Haandskrift antages at indeholde Heimskringla fuldstændigt, men hvis ikke, hvorledes er da samme at bringe tilveie?
4. I hvilket Forhold staar Heimskringla til den Tid, da de bedste og fleste af Islands særegne historiske Sagaer bleve nedskrevne?

Om 39 skriv Storm kort at det “næsten” kunne sjåast som ei avskrift av *Kringla*, om det ikkje hadde vore for utdraget frå Adam av Bremen (sjå kap. 6.1 for ei drøfting av dette), samt utelatinga av dei fleste av jarteikna til Olav den heilage (om desse, sjå drøfting i kap. 6.3).⁶ Ut over dette viser han berre til slektskapen mellom 39 og F, ettersom det berre er desse to handskriftene som har utdraget frå Adam av Bremen.⁷

Dei ti første blada av 39 inneheld tekst frå HkrI, og det ein veit om overleveringa av desse blada, peikar i retning av at handskriftet har høyrte heime dels på det islandske Vestlandet (Dalasýsla), dels i den vestlege delen av nabosysla ettersom Melstaður er i Miðfjörður. Forgjengaren til Erlendur Ólafsson som prest på Melstaður, var den vidgjetne Arngrímur Jónsson (1568–1648).⁸ Finnur Jónsson (1858–1934) meiner det er sikkert at Arngrímur har hatt kjennskap eller tilgjenge til eit handskrift av *Heimskringla*, ettersom han siterer verbatim åpningsorda av prologen til *Heimskringla* i verket *Crymogæa*.⁹

A þessa Bok lait eg rita fornar frasögur vm höfðingia þa sem rijk<i> hafa haft á Nordurlöndum, og á Danska tungu hafa

5. Storm 1873, føreord.

6. Storm 1873, s. 207.

7. Storm 1873, s. 78–79.

8. HkrFJ I, s. xvi.

9. HkrFJ I, s. xvi.

*maillt, id est: In hocce volumen conscribi curavi veteres historias de principibus (viris) qui regnum habuerunt in Septemtrionalibus terris at Danicâ lingvâ sunt locuti, etc.*¹⁰

Jakob Benediktsson (1907–1999) meiner det same som Finnur Jónsson i sine kommentarar til utgåva av Arngrímur Jónssons verk.¹¹ Han finn dessutan vidare prov for Arngrímurs kjennskap til denne teksten i eit par utsegner¹² som viser at Arngrímur forstod at Jens Mortensens (og Mats Størssons) utgåve, *Norske Kongers Krønike oc bedriffi* frå 1594, var eit kompendium av *Heimskringla*. På den andre sida, hevdar Jakob Benediktsson, at det ikkje er merkeleg at ein finn så få spor etter *Heimskringla* hjå Arngrímur, ettersom det var *Heimskringla*-samandraget i *Norske Kongers Krønike* som forma basisen for eksposisjonen hans i *Supplementum Historiæ Norvagicæ*. Som ein konsekvens av dette prioriterte Arngrímur heller å søkja tilleggs materiale i andre kjelder enn *Heimskringla*.

Likevel held Jakob Benediktsson det for mogleg at sitatet frå prologen kan ha kome frå eit handskrift av *Óláfs saga helga*,¹³ men meiner at bruken av *Heimskringla* er *nesten* (mi utheving) sikker i *Crymogæa*.¹⁴ I andre innførsler er det i følgje Jakob Benediktsson meir usikkert om Arngrímur har nytta eit *Heimskringla*-handskrift.¹⁵

Finnur Jónsson meinte at det *Heimskringla*-handskriftet som Arngrímur hadde tilgjenge til, var 39.¹⁶ Lesemåtane i Arngrímurs direkte sitat frå prologen, kan også støtta denne hypotesen. Starten på *Heimskringla*-prologen med orda “A þessa Bok” stemmer overeins med lese måten i Laurents Hanssøns versjon¹⁷ (“A þessi Bogk”), men skil seg frå både *Fríssbók* og *Jøfraskinna* som har “Í (Á Fríssbók) bók þessi”. Ut frå dette konkluderte

10. Opera II, s. 28. Det fulle namnet på verket er *Crymogæa sive rerum Islandicarum libri III*.

11. Opera IV.

12. Sjå Opera I (*Supplementum Historiæ Norvagicæ*), s. 170, “nostris Kongebogen”, og Opera I (*Ad Catalogum RR. Sveciæ, a quo Danic. Historiæ Norvagicæ compendium incipit, annotanda*), s. 457, der Arngrímur i ein merknad til *Norske Kongers Krønike* nemner “nostratum codices [...] ex quibus illud verbo tenus initio translatum videtur”.

13. Opera IV, s. 85.

14. Opera II, s. 23 og 45.

15. Arngrímur hevda sjølv at han hadde nytta minst 26 handskrifter som kjelder for arbeida sine. Mellom anna reknar Jakob Benediktsson med at han har nytta *Flateyjarbók*, *Heimskringla* (39 ?), *Óláfs saga Tryggvasonar*, *Óláfs saga helga*, *Hulda* og *Knýtlinga saga*. Jf. Opera IV, s. 104–105.

16. HkrFJ I, s. xvi.

17. Sjå *Laurents Hanssøns Sagaoversættelse*, s. 5. Den fulle omsetjinga til Laurents Hanssøn av den aktuelle tekststaden lyder som følgjer: “Pa thenne bogh lodh ieg schrifue gamle frafauger om høfdinge de fom Regemente haufue haft vdi delfe nordlanden oc pa Danlke tunge hafue talet.”

Finnur Jónsson med at Arngrímur gav att orða frá byrjinga av 39, som no vantar, ikkje minst av di det stemmer overeins med Laurents Hanssøn. Laurents Hanssøns lese måte representerer i følgje Finnur, *Kringla*. Korleis dette no enn er, står i alle fall det faktum igjen at ein ikkje kjenner til andre *Heimskringla*-handskrifter enn 39, som det er sannsynleg kan ha vorte nytta av Arngrímur. Noko endeleg prov på dette er likevel ikkje råd å finna, ettersom 39 no er defekt i starten, men proveniensen peikar i retning av at originalen kom til Árni Magnússon frá Breiðafjörður-distriktet. Eitt fragment fekk Árni Magnússon til overmål av dottera til Arngrímurs etterfølgjar som prest på Melstaður. Det finst heller ikkje indikasjonar på at det handskriftet som Arngrímur nytta, ikkje var 39. Arngrímur visste ikkje at Snorri var forfataren av *Heimskringla*, men det er ingen grunn til å tru at denne opplysninga nokon gong har stått i 39.¹⁸

Skal ein spekulera vidare kring opphavet til 39, er det mest nærliggjande å tenkja seg at Arngrímur har teke det frå bispearkivet i Hólar. Arngrímur Jónsson var nemleg rektor ved skulen i Hólar i slutten av 1500-ára. Jakob Benediktsson reknar med at fleire av dei handskriftene Arngrímur har nytta, opphavleg var i bispearkivet der.¹⁹ Ein kan vidare tenkja seg at handskriftet har vorte med til Melstaður, og der vorte splitta opp etter at Arngrímur var død. Korleis det har kome til Hólar er uråd å seia. 39 vert ofte rekna for å ha vore på Island gjennom heile mellomalderen, men det er slett ikkje sikkert at det har vore slik. Det er drag i ortografien som peikar i retning av at det har i det minste vore meint for norske lesarar, og om det nokon gong har vore i Noreg, er det slett ikkje umogleg at det har kome til Hólar med ein av dei mange norske bispane der. Fire av bispane²⁰ hørte jamvel til den same slekta, med tilknytning til den vestnorske lågadelen og rådmannsklassen i Bergen.²¹

18. Opera IV, s. 85 og 286.

19. Opera IV, s. 104–105.

20. Jón skalli Eiriksson, biskop 1357–1390; Gottskálf Kønekason, biskop 1440–1457; Óláfr Ragvaldsson, biskop 1460–1495; Gottskálf Nilsson, biskop 1496–1520. Den sistnemnte var mellom anna far til bibel-omsetjaren Oddur Gottskálfsson (omlag 1515–1556) og morfar til annalskrivaren Gottskálf Jónsson (1524–1590), prest på Glaumbær i Skagafjörður 1550–1593. Denne Gottskálf Jónsson vert nemnt som «frodur og minningur», og ein veit at Arngrímur har nytta annalane til Gottskálf Jónsson medan han framleis var i live. Jf. IA, s. xxv–xxvi.

21. Jf. til dømes Marko Lamberg, «Bergenrådmannen Nils Ragvaldsson och hans norsk-svensk-isländska släkt,» *Norsk slektshistorisk tidsskrift (NST)* 36 (Oslo, 1997): s. 183–192; Jo Rune Ugulen, «Bidrag til slekts- og personhistoriske utgreingar i Sogn. I. Kring Amla-godset i Sogndal,» *NST* 36 (Oslo, 1998): s. 235–266, og tillegg s. 267 med omsetjing av «Tåtten om Gottskálf Kønekesson og nokre andre bispar i Hólar».

Men dette vert likevel ikkje noko anna enn lause spekulasjonar, og eit sikkert svar er neppe råd å få.

39 kan altså opphavleg ha innehalde prologen til *Heimskringla*, men dersom Jakob Benediktsson har rett, kan denne også koma frå eitt av handskriftene til *Óláfs saga helga*. Dermed kan ein vanskeleg konkludera med noko som helst i høve til 39 og prologen, men nøya seg med å slå fast at 39 kring 1600 nok var meir komplett enn kva det er i dag. Slik Jonna Louis-Jensen er inne på, er rectosida av blad 11, der HkrIII-delen av 39 startar, mykje meir slite enn dei øvrige sidene i den samanhengande delen av handskriftet. Dette kan tyda på at lakunen framanfor dette bladet er gammal.²²

Finnur Jónsson konkluderer vidare med at det ikkje er noko som talar for at 39 har innehalde anna og meir enn *Heimskringla*. Men også han peikar på at det er “et stort spørsmål” om det ikkje har vanta *Óláfs saga helga* til kap. 239 der *Eirspennill* byrjar. “Det er mærkeligt, at der intet som helst er bevaret af den eg[ent][lige] Olafs saga, men ikke så lidt både foran og efter.”²³

4.2 Bjarni Aðalbjarnarson 1951

I føreordet til det tredje bandet av *Heimskringla*-utgåva si, dreg Bjarni Aðalbjarnarson (1908–1953) fram ein gammal hypotese frå Kristian Kålund (1844–1919), som hevda at 39 var identisk med det handskriftet som Jón Eggertsson kjøpte i 1682 av Þorsteinn Þórðarson på Skarð.²⁴ Dette var den same Þorsteinn som Árni Magnússon i 1686 fekk tak i ei bok frå, og som var innbunde med eit bladpar frå 39. Bjarni Aðalbjarnarson meinte vidare at 39 dermed måtte vera eitt av førelegga for *Heimskringla*-avskrifta i Sth. 18. “Ótöluleg dæmi eru um samkvæmni með Sth. 18 og 39 [...]”²⁵ Det er fleire moment som talar mot denne identifikasjonen, mellom anna skulle ein då ha venta at 39 hadde hamna i Sverige. I det heile er det mykje meir sannsynleg at det handskriftet som Jón Eggertsson kjøpte i 1682, var *Húsafellsbók* (Sth. papp. fol. 22).²⁶

22. Louis-Jensen 1977, s. 19.

23. HkrFJ I, s. xvii-xviii.

24. HkrBA III, s. lxxxvii.

25. HkrBA III, s. lxxxv-lxxxvi, samt note 1, s. lxxxvi.

26. Louis-Jensen 1977, s. 18, samt note 16, s. 18. Jf. Ólafur Halldórsson 1976, s. 392–393.

Bjarni Aðalbjarnarson drøftar ikkje særskilt spørsmålet om 39 har innehalde *Óláfs saga helga*, men det kan sjá ut til at han har gått ut frá det. I det minste kan ordlyden “Í ÁM 39 fol. er aðeins niðurlag Ólafssögunnar. Hefst texti þess í 245. kap. [...]” tyða på det.²⁷ Han påvisar derimot at Finnur Jónsson ikkje fullt ut har utnytta 39 i variantapparatet til si store *Heimskringla*-utgåve frá 1893–1900,²⁸ trass i at Finnur sjølv hevda det.²⁹

4.3 Jonna Louis-Jensen 1977

Eg har alt referert ein del til Jonna Louis-Jensens avhandling frå 1977, og gjennomgår her berre det eg ikkje alt har vore innom. Ho meiner at det er ein påfallande skilnad mellom dei ti første blada i 39 og resten av handskriftet. Dette gjeld både storleiken på blada, så vel som på tekstflatene. Ho stiller dermed spørsmålet om det kan vera tale om to handskrifter med same hand.³⁰ Det eine med HkrI, det andre tok til anten med byrjinga av *Óláfs saga helga* eller som *Eirspennill* med starten av *Sveins saga Alfifusonar*. Ho meiner likevel at den sistnemnte tanken kan avvisast, ettersom ei studie av leggfordelinga i samband med restaurering av handskriftet viser at dette er usannsynleg. Blad 11 i 39 startar svarande til HkrFJ II 519.2, og kap. 239 tek til sju sider tidlegare i utgåva. Ettersom ho ser det som usannsynleg at handskriftet starta med eit einskild blad eller bladpar, der tekst svarande til desse sju sidene kunne ha stått, må ein formoda at handskriftet har innehalde heile *Óláfs saga helga*.³¹

Elles påpeikar Louis-Jensen at ettersom det varierer for kvar av tredelane til *Heimskringla*, kva for handskrifter som er overleverte, er verdien av eit felles stemma, slik til dømes Bjarni Aðalbjarnarson har sett opp, avgrensa. Ho meiner, og med god grunn, at det

27. HkrBA II, s. cviii. Jf. HkrBA III, s. lxxxviii.

28. HkrBA III, s. lxxxviii, note 3. “Texti 39 er hvergi nærri greindur til hlítar í útgáfu Finns Jónssonar”.

29. HkrFJ I, s. lii. “Varianterne skulde være, som anført, så fuldstændige som muligt. Til betryggelse heraf har jeg ved korrekturlæsningen sammenlignet teksten i *dens helhed* med *alle* håndskrifter [...]”. Utvevingane er Finnur Jónssons egne!

30. I 1997 avviser ho denne moglegheita av at 39 opphavleg har vore to forskjellige handskrifter med same hand. Ho meiner då at ettersom den tapte teksten i 39 frå starten av kap. 239 til HkrFJ II 519.2, ville fylla litt meir enn eitt blad i 39, og ettersom blad 11 er det første bladet i eit åtte-blads-legg, er det usannsynleg at det frammanfor dette legget har vore eit einskild blad eller bladpar, som har vore fremst i handskriftet. 39 kan såleis anten ha innehalde HkrI – *Óláfs saga helga* – HkrIII, eller berre HkrI og HkrIII. Jf. Louis-Jensen 1997, s. 237, note 9.

31. Louis-Jensen 1977, s. 19.

på bakgrunn av dette er prinsipielt best å sjå på kvar tredel av *Heimskringla* for seg. Dette impliserer at det også må setjast opp stemma for kvar einskild tredel av *Heimskringla*.³²

4.4 Ólafur Halldórsson 1976

I ein artikkel om *Húsafellsbók* i festskriftet til den islandske arkeologen og dåverande presidenten Kristján Eldjárn (1916–1982) i 1976, gjennomførte Ólafur Halldórsson ei grundig undersøking av leggfordelinga i AM 39 fol. Dette gjorde han for å sjå om det var mogleg å avgjera kor vidt 39 hadde innehalde *Óláfs saga helga* eller ikkje, slik Finnur Jónsson også spekulerte på. Finnur Jónsson hadde peika på at det var merkeleg at det ikkje var overlevert noko av denne store bolken i *Heimskringla*, men mykje både framanfor og bakanfor. Dermed spekulerte Finnur på om 39 kunne ha teke til med kap. 239 i HkrFJ II, slik også *Eirspennill* gjer. Etter Ólafur Halldórsson fyller teksten frå starten av kap. 239 i HkrFJ II og fram til der 39 tek til, 182 heile linjer i HkrFJ II.³³ Desse 182 linjene har etter Ólafur Halldórsson truleg utgjort tekst på litt over eitt blad. Denne teksten, samt det som vantar etter *Óláfs saga Tryggvasonar* i 39, utgjer til saman omlag 1065 heile linjer, og ein kan rekna med at dette har utgjort 7–7½ blad. Han viser så til Louis-Jensen 1977 som, på bakgrunn av at teksten frå HkrFJ II, kap. 239, ikkje passar inn på eit einskild blad eller bladpar, meiner at 39 har innehalde heile *Óláfs saga helga* (jf. ovanfor).³⁴

Til dette er det å seia at det etter mi meining ikkje er naudsynt at 39 har hatt eit einskild blad eller bladpar framanfor det ein i dag har, og som har teke til med tekst svarande til kap. 239 i HkrFJ II. Det er fleire årsaker til det. Ein kan til dømes sjå i F, der *Óláfs saga helga* definitivt vantar. Der er orda “Her skal in koma faga Olapf konvngs hins helga” plasserte omlag midt i spalte 145, og umiddelbart etterpå kjem starten på *Magnúss saga góða*.³⁵ Her er altså overgangen mellom HkrI og HkrIII plassert midt i ei spalte, og ikkje ved starten av

32. Louis-Jensen 1977, s. 36–37. Jf. Jørgensen 2000, s. 11.

33. Ólafur Halldórsson 1976, s. 402. Sjølv har eg talt 192,5 linjer i HkrFJ II, inklusive kapitteleverskriftene. Trekk vi frå dei, samt slår saman halve linjer, kjem eg til omlag same resultat som Ólafur Halldórsson. I samanlikning med *Eirspennill*, har derimot Ólafur Halldórsson ikkje teke høgde for at HkrFJ II, kap. 242 (om Arnesønene), vantar i E, og dermed også kan ha vanta i 39. Dette utgjer i HkrFJ II 13 linjer når ein slår saman kapitteleverskrifta med den halve linja nedst. Om vi trekk frå desse 13 linjene, får vi 169 linjer, som er ei like så sannsynleg tekstsamansetjing som 182.

34. Ólafur Halldórsson 1976, s. 402.

35. *Codex Frisianus*, s. 167. Sjå dessutan fig. 3-4 på side 26.

ei ny side eller eit nytt blad (sjå fig. 3-4 på side 26). Det går heller ikkje heilt klårt fram av Louis-Jensens undersøkingar av den tapte teksten i 39, svarande til kap. 239 og frametter i HkrFJ II, om ho har teke høgde for at kap. 242 i HkrFJ II (“Frá Árnasonum”) kan ha vanta i 39, slik ho gjer merksam på at det ser ut til å gjera i *Eirspennill*.³⁶ Det er fleire likskapar mellom 39 og E i *Sveins saga Alfifusonar* i motsetnad til *Kringla*. Mellom anna vantar HkrFJ II, kap. 246, i både 39 og E. Men det er likevel ikkje av særleg vekt med omsyn til akkurat dette problemet, ettersom 39 like gjerne kan ha hatt ein overgang mellom HkrI og HkrIII av same slag som F.

Dersom, held Ólafur Halldórsson fram, ein reknar med at 39 ikkje har innehalde *Óláfs saga helga* (utanom slutten, d.v.s. *Sveins saga Alfifusonar*), må ein gå ut frá at det har eksistert eit legg med sju blad mellom dei «noverande» legg tre³⁷ og fire,³⁸ med noko meir tekst på kvart blad, enn det som er på bladet framanfor (blad 10), eller tekst som svarar til omlag 152 heile linjer i HkrFJ på kvart blad.³⁹ Etter ei vidare drøfting av leggfordelinga i 39, konkluderer han med at det på bakgrunn av storleiken på legga og leggfordelinga, ikkje er råd å avgjera kor vidt 39 har innehalde *Óláfs saga helga*.⁴⁰ Han meiner likevel at det ikkje er truleg at *Óláfs saga helga* har vore i handskriftet medan Arngrímur Jónsson har hatt det.⁴¹

4.5 Nyare forskning

I ein artikkel i *Nordica Bergensia* i 1997 tek Jonna Louis-Jensen opp ei rekkje spørsmål kring *Heimskringla*-tradisjonen, og stiller spørsmålet om *Heimskringla*, slik ein kjenner det i dag, i det heile kan vera eit verk av Snorri Sturluson. Sentralt i desse spørsmåla står AM 39 fol.⁴² Ettersom det i denne samanhengen er naudsynt å trekkja inn fleire moment med

36. Louis-Jensen 1977, s. 21, note 33. Det er sannsynleg at ho ikkje har teke dette inn i vurderinga, ettersom ho reknar teksten frá HkrFJ II, kap. 239, til 7 sider. Kap. 242 utgjer noko over ei halv side i utgåva.

37. Blad 8, 9 og 10 i 39 utgjer blad 1, 6 og 8 i legg nummer 3 av det opphavlege handskriftet, ifølgje Ólafur Halldórsson 1976, s. 401.

38. Blad 11–18, jf. Ólafur Halldórsson 1976, s. 402.

39. Ólafur Halldórsson 1976, s. 402.

40. Ólafur Halldórsson 1976, s. 403. “Stærð kvera og kveraskipting í 39 segir því hvorki af eða á um, hvort Ólafs saga helga hafi fyrir öndverðu verið í 39.”

41. Ólafur Halldórsson 1976, s. 403, med tilvising til Opera IV, s. 86–87.

42. Louis-Jensen 1997, s. 237–239.

omsyn til omfanget av og innhaldet i dei forskjellige bolkane av *Heimskringla*, har eg valt å gjennomgå Louis-Jensens artikkel grundig nedanfor. Til sist tek eg med ein kort gjennomgang av delar av Jon Gunnar Jørgensens doktoravhandling frå 2000, ei avhandling som kan stå som representant for «Stand der Forschung» i dag.

4.5.1 Jonna Louis-Jensen 1997

Jonna Louis-Jensen tek i 1997 tak i det tredje delspørsmålet som var utgangspunktet for Gustav Storms fundamentale avhandling frå 1873: “Kan noget enkelt Haandskrift antages at indeholde Heimskringla fuldstændig, men hvis ikke, hvorledes er da samme at bringe til-veie?”⁴³ Ho peikar på at det alt her er på mange måtar tale om ei bunden oppgåve, i og med at ein ser ut til å føresetja at *Heimskringla* er ein avgrensa storleik.⁴⁴ Bakgrunnen for denne oppfatninga går attende til 1697, då den svenske antikvaren og omsetjaren Johan Peringskiöld (1654–1720) gav ut *Heimskringla eller Snorre Sturlusons Nordländske Konunga Sagor* på bakgrunn av Jón Eggertssons avskrift av *Kringla*-handskriftet. Etter denne utgåva har namnet *Heimskringla* vorte nytta om det verket som handskriftet inneheldt (utanom *Skáldatal*, som også fantest i *Kringla*). Louis-Jensen peikar dermed på at ettersom *Heimskringla* alt frå starten er definert som innhaldet i handskriftet *Kringla*, kan ein sjå på det tredje delspørsmålet ovanfor som ein tautologi. At spørsmålet i det heile vart stilt, skuldast truleg i første rekkje at den tyske sagaforskaren og rettshistorikaren Konrad von Maurer (1823–1902) i 1868 hadde hevda at *Heimskringla* var eit samleverk som først var blitt til etter at Snorri Sturluson var død.⁴⁵ Maurers tankar kring forfattarskapet vart for det meste lagt døde etter Storms avhandling i 1873.

Louis-Jensen har i 1997 revidert oppfatninga si med omsyn til kva handskrifter som har innehalde alle tre delane av *Heimskringla*, i høve til den tjue år eldre avhandlinga hennar (sjå s. 30). Ho skriv no:

Det viser sig at af alle disse håndskrifter, bevarede som tabte, er der kun ét som med fuld sikkerhed kan siges at have indeholdt alle tre tredjedele af værket, nemlig Kringla: Eirspennill og Gullinskinna indeholder kun HkrIII [...] Codex

43. Storm 1873, sitert etter Louis-Jensen 1997, s. 231.

44. Louis-Jensen 1997, s. 231.

45. Louis-Jensen 1997, s. 232.

Frisianus inneholder HkrI og HkrIII, men ikke HkrII [...] I Jöfraskinna finnes også HkrI og HkrIII, og mellom dem ein Olavssaga, som dog ikkje er HkrII, men den særskilte saga om Olav den hellige (OH). Også det tapte Uppsalahandskrift (*DG3) og Peder Claussøns handskrift(er) (*PCI) har inneholdt Olavssagaen i den særskilte redaksjon. Om 39 har der hersket nogen usikkerheit; de første 10 blader i handskriftet er fra HkrI, deretter følger et blad (bl. 11) og 16 linjer av første spalte på bl. 12 med tekst der svarer til slutningen av Olavssagaen i HkrII, men som kanskje snarere er ein del av begynnelsen av HkrIII.⁴⁶

Ho set deretter opp eit skjema over innhaldet i *Heimskringla*-handskriftene, som eg gjev att nedanfor:

Tabell 4-1. Innhaldet i *Heimskringla*-handskriftene (etter Louis-Jensen 1997, s. 234). G er handskriftet *Gullinskinna*, medan *DG3 og *PCI peikar på dei tapte førelegga for høvesvis *Norlandz Chrönika och Beskrifning* frå 1670, og Peder Claussøns sagaomsetjing, utgjeve av Ole Worm i 1633. ‘x’ markerer at delen finst i handskriftet, ‘-’ at delen ikkje finst, medan ‘?’ i 39 markerer uvisse om delen har vore der.

	K	39	F	E	J	G	*DG3	*PCI
HkrI	x	x	x	–	x	–	–	x
HkrII	x	?	–	–	OH	–	OH	OH
HkrIII	x	x	x	x	x	x	x	x

Vidare peikar Louis-Jensen på at den alminnelege forklåringa på at ingen av handskriftene i y-klassen (E, J, G) inneheld HkrII, er at det skuldast utelatingar i y-klassen. Dette er, seier ho, ikkje anna enn ein hypotese som er avleia av ei anna hypotese om at heile *Heimskringla* ein gong fantest i Snorris originalhandskrift. Ho set fram tanken om at HkrII kan vera ei tilføyning i einskilde handskrifter i x-klassen, på same måte som OH er ei særskilt tilføyning i *Jöfraskinna* (y-klassen). Dermed kan ein også stilla spørsmålet om HkrII, tolka som forfattarens eigen revisjon av den særskilte Olavssoga, nokon gong har eksistert. “Forholder det sig ikke snarere sådan at den Olavssaga som findes i Kringla (og som muligvis har stået på nogle af de tabte blade af 39) er en lidt forkortet version af den særskilte saga, ligesom det er tilfældet med Olavssagaen i Jöfraskinna?”⁴⁷

Før Louis-Jensen går inn på ein nærare diskusjon om 39 har innehalde *Óláfs saga helga*, drøftar ho det nært samanhengande spørsmålet om kvar grensa går mellom HkrII og

46. Louis-Jensen 1997, s. 233–234.

47. Louis-Jensen 1997, s. 235.

HkrIII. HkrFJ legg overgangen mellom HkrII og HkrIII ved Magnus den godes heimreise frå Gardaríke. Dette stemmer med F, som manglar *Óláfs saga helga*, og med hovudgrunnlaget for HkrIII i HkrFJ, nemleg Ásgeir Jónssons avskrift av *Kringlas* siste tredel i AM 63 fol. Det er likevel ikkje klårt om fordelinga mellom AM 36 fol. (Ásgeirs avskrift av *Kringlas* andre tredel) og AM 63 fol. har vore grunna i noko skilje i *Kringla* sjølv, ettersom ein kan sjå av pagineringa i avskriftene at *Kringla* har utgjort eit samanhengande band. *Eirspennill* startar som tidlegare nemnt svarande til kap. 239 i HkrFJ II, og det same ser ut til å ha vore tilfelle med det tapte handskriftet DG3. I alle høve har omsetjinga *Norlandz Chronika och Beskrifning* frå 1670, som er basert på DG3, ein notis etter kap. 238, der det står “ENDE på Konung Oloffs Saga”. Det er også moment som tyder på at *Jofraskinna* har skifta til sitt HkrIII-førelegg ved starten av kap. 239. Det ser altså ut til at HkrIII i handskriftene av y-klassen (J, E og DG3) har starta med *Sveins saga Alfifusonar*. Jonna Louis-Jensen peikar til slutt på eit anna interessant moment ved Ásgeir Jónssons avskrift AM 36 fol., der det opphavleg ikkje fantest kapitteloverskrifter. Det finst berre ei einaste kapitteloverskrift med Ásgeirs eiga hand, og det er ved starten av det kapitlet som svarar til kap. 239 i HkrFJ II. Dette kan tyda på at *Kringla* har hatt ein særleg stor initial her, som kunne grunna i eit skifte av førelegg på eitt eller anna steg i teksttradisjonen.⁴⁸

Med omsyn til 39 innleiar Louis-Jensen med å seia at det neppe er noko kriterium som gjer det mogleg å slå fast at dei overleverte kapitla i 39, svarande til HkrFJ II-tekst, er HkrIII-tekst snarare enn “HkrII”-tekst.⁴⁹ Ho legg til at initialen ved inngangen til *Magnúss saga góða* er ein av dei største initialane i heile handskriftet. Det kan skuldast at den markerer ei overordna inndeling, men kan like gjerne skuldast at den berre markerer starten av *Magnúss saga góða*.⁵⁰ Forutan med *Kringla*, kan 39 samanliknast med E og den særskilte Olavssoga. I tillegg kan 39 frå HkrFJ II 525.12 samanliknast med J, som har lakune fram til den staden. Ho viser fleire eksempel der 39 og E står saman i tekstoverleveringa, mot K = OH. Desse felles leseátane meiner ho tyder på at K følgjer eit handskrift av OH (“HkrII”) i dei aktuelle kapitla, medan 39 og E følgjer eit handskrift av HkrIII. Samstundes er det likevel eksempel på at K og 39 står saman mot både OH og E. Louis-Jensen tenkjer

48. Louis-Jensen 1997, s. 236–237.

49. Louis-Jensen 1997, s. 237. Hermeteikna er nytta slik i artikkelteksten.

50. Louis-Jensen 1997, s. 237–238.

seg dermed at *Kringla* kan ha blanda to førelegg, eitt OH-førelegg og eitt HkrIII-førelegg.⁵¹ Det er i det heile ei merkeleg fordeling av lesemåtar, som eg skal koma attende til i den komparative analysen i kap. 5. Etter HkrFJ II 526.10 synest teksttilhøva etter Louis-Jensen å vera som i HkrIII elles: K og 39 (x-handskriftene) står overfor y-handskriftene J og E. Ut frå dette konkluderer ho med at K kan ha slutta å nytta sitt OH-førelegg.⁵² Vidare seier ho:

Selv om det efter det foregående ikke helt kan udelukkes at 39 har indeholdt en Olavssaga, kan det på den anden side siges at der ikke er nogen særlig grund til at tro at det var tilfældet. Hvis 39 har indeholdt en Olavssaga, behøver det desuden ikke at have været “HkrII” (dvs. en tekst nærbeslægtet med *Kringla*), men kan have været en tekst af den særskilte Olavssaga ligesom i J.⁵³

Sameleis held ho fram med å seia at dersom *Kringla* er det einaste handskriftet som ein sikkert kan hevda inneheldt “HkrII” og dermed “heile Heimskringla”, er tida moden til å stilla spørsmålet om ikkje både “HkrII” og “heile Heimskringla” er tvilsomme konstruksjonar. Etter kva ho kan sjå ligg det ikkje føre tekstkritiske argument for Sigurður Nordals gissing om at Snorri sjølv utførte ein revisjon av Olavssoga for å passa den inn i *Heimskringla*-ramma. Ut frå eit stemmatisk resonnement er det meir nærliggjande å tenkja seg at *Kringlas* Olavssaga er ein lett nedkorta versjon av den særskilte Olavssoga, på same måte som versjonen i *Jofraskinna*.⁵⁴

Om tilhøvet mellom dei forskjellige handskriftene og redaksjonane av *Óláfs saga helga*, har Jonna Louis-Jensen med støtte i Jón Helgasons argumentasjon,⁵⁵ sett opp eit stemma over handskriftradisjonen. Til dette stemmaet kjem nokre handskrifter og fragment som står utanfor klassane, mellom anna *Kringla*.⁵⁶

51. Louis-Jensen 1997, s. 238.


52. Louis-Jensen 1997, s. 239.

53. Louis-Jensen 1997, s. 239.

54. Louis-Jensen 1997, s. 239.


55. StOH, s. 1091–1131.

56. Louis-Jensen 1997, s. 240.



Figur 4-2. Stemma over handskriftene av OH etter Jón Helgason. Teikna etter Louis-Jensen 1997, s. 240 [fig. 1].

Jón Helgason viser at OH i *Jófraskinna* og DG3 høyrer heime i A-klassen av handskrifter, og at *Jófraskinnas* OH må vera skrive av etter to forskjellige førelegg i denne klassen. OH i Peder Claussøns omsetjing høyrer til i B-klassen. Om *Kringla* seier Jón Helgason at det har ein god og opphavleg tekst,⁵⁷ men han viser likevel at *Kringla* i ei lang tekststrekning (64 kapittel) er eit søsterhandskrift til handskriftet *Bergsbók*, og deler feil med dette. Elles høyrer store delar av *Bergsbók* til C-klassen.⁵⁸ *Kringla* kan altså ikkje ha vore skrive av etter originalen av OH, slik Bjarni Aðalbjarnarson meinte. Louis-Jensen set dermed opp eit samla stemma over handskriftene av OH.⁵⁹



Figur 4-3. Stemma over handskriftene av OH, etter Louis-Jensen 1997, s. 240 [fig. 2]. Lett omteikna, ettersom eg har sett inn nokre av dei handskriftene som er nemnte i teksten. Øvrige handskrifter og fragment er markerte med øvr.

57. StOH, s. 1093.

58. StOH, s. 1094–1095 og 1108.

59. Louis-Jensen 1997, s. 240.

I siste delen av artikkelen sin gjennomgår ho fleire moment som eg ikkje skal koma inn på i dette samandraget. Eg vil berre kort nemna at ho, i likskap med Konrad von Maurer, åpnar for mogleiken at det ein i dag reknar som verket *Heimskringla*, er eit produkt som har kome til etter at Snorri var død, og først og fremst er representert ved handskriftet *Kringla*. Ho set også fram ein hypotese om at dette verket kan vera redigert av Snorris brorson, Óláfr Þórðarson hvítaskáld,⁶⁰ men dette kan vera problematisk dersom dateringa av *Kringla* til 1263–1264 er rett. Óláfr Þórðarson døydd i 1259.⁶¹

4.5.2 Jon Gunnar Jørgensen 2000

Jon Gunnar Jørgensen sluttar seg i si doktoravhandling *Det tapte handskriftet Kringla* frå 2000, i det store og heile til Jonna Louis-Jensens vurderingar av problematikken kring *Óláfs saga helga* og “HkrII”, og er samd i at *Heimskringla* neppe opphavleg har innehalde *Óláfs saga helga*.⁶² Til dette siste seier han at det gjer det lettare å skjønna den tydelege tredelinga av verket, og at denne tredelinga pregar overleveringa i den grad at det ikkje finst to handskrifter med same heilskaplege redaksjon.⁶³ Han peikar også på, med tilvising til Louis-Jensen 1997, at dersom HkrIII opphavleg har starta svarande til HkrFJ II, kap. 239, er det “ingenting som knytter HkrII til 39”.⁶⁴ Han sluttar seg også til Louis-Jensens oppfatning om at det bør utarbeidast stemma for kvar einskild tredel av *Heimskringla*.⁶⁵

Vedrørande 39 skriv elles Jørgensen at handskriftets blad 11 tek til på slutten av Olavs-soga, men at det ikkje naudsynleg tyder at 39 i likskap med *Kringla* har innehalde *Óláfs saga helga*. Den overleverte teksten strekkjer seg ikkje ut over dei kapitla i *Óláfs saga helga* som også finst i *Eirspennill*. Det kan dermed tenkjast at HkrIII i 39 har vore i slekt med E-versjonen. Til sist konkluderer Jørgensen med tilvising til Ólafur Halldórsson, at ein ikkje har grunnlag for å avgjera om 39 har innehalde *Óláfs saga helga* eller ikkje.⁶⁶ Det kan

60. Louis-Jensen 1997, s. 240–243.

61. Jf. Jørgensen 2000, s. 62 og 69. Han viser til Stefán Karlsson som har sett fram eit forslag om Sturlungaætlingen Þórarinn kaggi († 1283) som ein mogleg skrifvar av *Kringla*, men held fram at det kan tenkjast at Óláfr Þórðarson kan ha skriva førelegget for *Kringla*.

62. Jørgensen 2000, s. 65–67.

63. Jørgensen 2000, s. 67.

64. Jørgensen 2000, s. 65.

65. Jørgensen 2000, s. 11 og 229.

66. Jørgensen 2000, s. 12.

dessutan vera illustrerande for den tradisjonelle oppfatninga av *Heimskringlas* inndeling i soger, at Jørgensen noko sjølvmotseiande ser ut til å rekna med at *Sveins saga Alfifusonar* (som jo finst i 39) er ein del av *Óláfs saga helga*, samstundes som han er usikker på om 39 har innehalde *Óláfs saga helga*.

Jon Gunnar Jørgensen dreg dessutan fram meir materiale som etter mi meining understrekar det nære tilhøvet mellom 39 og E. Det er nemleg samanfall i kva jarteiknsoger som finst om Olav den heilage i 39 og E, eller i det minste i der ein har tekst frå 39. Dette skal eg koma attende til ei drøfting av i kapittel 6.

5: Komparativ analyse

Eg vil i det følgjande undersøkje teksten i *Sveins saga Alfifusonar* og i dei tre første kapitla av *Magnúss saga góða*, for å freista å finna korleis tilhøvet har vore mellom dei utvalde handskriftene (39, K, E og F) som inneheld den aktuelle teksten. Grunnen til at eg berre tek dei første tre kapitla i *Magnúss saga góða*, er at eg reknar det som nok til å få eit godt oversyn over korleis dette tilhøvet er i overgangen mellom dei to sogene. I høve til problemstillinga ser eg det ikkje som naudsynt å femna over meir av *Magnúss saga*.

Målsetjinga med denne komparative eller tekstkritiske analysen er å sjå om det er mogleg å finna argument som styrkar eller avkreftar hypotesen om at 39 ikkje har innehalde *Óláfs saga helga*, samt å kasta ljós over tilhøvet mellom dei utvalde handskriftene. Desse argumenta vil eventuelt koma fram i konklusjonen som følgjer av analysen.

39 inneheld forøvrig ein del uvanlege ordformer, som etter Finnur Jónsson “må bero på en særhed hos skriveren”.¹ Særskilt kan ein merka seg “hofr” (til dømes 9.9)² for “hefir”, og også for “hefi”, jf. “ec hofr” (8.13); “voldi” for “vildi” (13.23); “fangit” for “fengit” (til dømes 8.23); “vandi” for “vendi” (9.14). Kvar skrivaren har desse formene frå er, som Finnur seier, vanskeleg å forstå, og det er vanskeleg å knyta desse formene til det tradisjonelle



Figur 5-1. Illustrasjon av ein mellomalderleg skrifvar i arbeid. Henta frå omslaget til Reynolds og Wilson 1974.

skiljet mellom norsk og islandsk språk. Der 39 har “hofr”, og eit anna handskrift “hefir”,

1. HkrFJ I, s. xviii.

2. Gjennom heile avhandlinga er referansar til handskriftet AM 39 fol. skrive på denne måten, t. d. 9.9. Talet framanfor punktumet viser til side i transkripsjonen (i dette tilfellet T-9), medan talet etter punktumet viser til linje på den aktuelle sida.

vil eg altså ikkje sjå dette som ein feil i 39, ettersom dette er ein type avvik som nok er av individuell språkleg og/eller ortografisk art hjå den einskilde skrivaren, og såleis ikkje meiningsberande.

Dessutan er det ofte bortfall av nominativsuffikset -r, til dømes i “Ástríð” for “Ástriðr”. Dette siste trekket er eit typisk norsk fenomen, ettersom det utover 1300-talet i norsk språk vart vanleg at denne nominativ-r forsvann.³ I eit islandsk handskrift skulle ein nærast, om noko, ha venta innskot av svarabhaktivokal i staden for bortfall av nominativ-r.⁴ Det same gjeld draget med manglande h- i framlyd i det meste av prosateksten, til dømes “rosaði” (5.16) for “hrosaði” og “reysti menn” (8.21) for “hreystimenn”. Desse formene må anten forklårast ut frå ein norskspråkleg påverknad i x-klassen av handskrifter, eller ved at det er tale om tilpassing til eit norsk publikum, slik Stefán Karlsson har tenkt seg når det gjeld den islandske bokeksporten til Noreg.⁵ Elles er det under arbeid ei hovudoppgåve ved Universitetet i Oslo som truleg vil drøfta nokre av desse problema meir inngåande.⁶

5.1 Framgangsmåte

5.1.1 Utvalet av handskrifter

Analysen vil verta gjennomført i form av ein komparasjon mellom teksten frå 39 mot tilsvarende tekststader i tre andre handskrifter frå *Heimskringla*-korpuset. Handskriftene eg har valt å samanlikna 39 med, er *Eirspennill*, *Fríssbók* og *Kringla*.

Eirspennill (E) er valt av di dette handskriftet nettopp tek til med *Sveins saga Alfífu-sonar*, og i fleire samanhengar har likskap med strukturen i 39. Dessutan høyrer E til y-klassen av handskrifter, og ettersom eg ser det som nyttig å samanlikna 39 med eit handskrift frå denne klassen, er E eit naturleg val. *Fríssbók* (F) er valt ut frå kriteriet at det etter Bjarni Aðalbjarnarsons stemma over *Heimskringla*-handskriftene (sjå fig. 3-1 på side 20), er eit søsterhandskrift til 39. For begge desse handskriftene har eg nytta dei trykte utgåvene. *Kringla* (K) er valt av di det representerer den tradisjonelle *Heimskringla*, og at også det

3. Jf. Seip 1931, s. 310.

4. Jf. Hreinn Benediktsson 1962, sp. 490.

5. Stefán Karlsson 1979.

6. Frøydis Marie Ruud skriv på ei hovudoppgåve med arbeidstitelen “Paleografi og rettskriving i AM 39 fol.”, med professor Kjartan Ottosson som rettleiar.

tilhøyrrer x-klassen av handskrifter, og dermed presumptivt er nært i slekt med 39. Ettersom K ikkje ligg føre i ei kritisk utgåve, har eg i hovudsak nytta teksten frå HkrFJ II og III, som i det store og heile representerer rein *Kringla*-tekst. Det har likevel vore naudsynt å trekkja inn variantapparatet i HkrFJ for å sikra ein mest mogleg *Kringla*-nær tekst. På nokre få stader har eg også kontrollert lesemåtar mot handskriftfotografi frå AM 36 fol. (“HkrII”) og AM 63 fol. (HkrIII).

Eg har valt ikkje å samanlikna med handskrifter av OH. Årsaka til dette er fleirdelt, men i første rekkje er det i mi problemstilling *Heimskringla* som står i sentrum. Dermed vil dei mange versjonane av OH utanfor *Heimskringla* vera med på å trekkja fokus bort frå problemstillingane mine. Dessutan ville det skapt eit stort meirarbeid å trekkja inn OH, eit meirarbeid som ville sprengja rammene for ei hovudfagsoppgåve. Likevel har eg på ein-skilde stader, særskilt i starten der eg berre har 39 og K å samanlikna, hatt eit sideblikk til OH, representert ved Oscar Albert Johnsens (1876–1954) og Jón Helgasons (1899–1986) utgåve frå 1941: *Saga Óláfs konungs hins helga. Den store saga om Olav den hellige efter pergamenthandskrift i Kungliga Biblioteket i Stockholm nr. 2 4^{to} med varianter fra andre handskrifter* (StOH).

5.1.2 Typologi

Eg kan setja opp følgjande oversyn over feiltypologien i samband med den komparative analysedelen av avhandlinga mi. Eg vil samstundes understreka at denne typologiseringa ikkje på nokon måte er meint å vera ei fullstendig typologisering av alle typar avvik som kan førekoma i tekstkritisk arbeid, men ei typologisering av dei avviktypane som førekjem i avhandlinga mi:

1. Tilføyingar.
2. Utelatingar/utegløymingar.⁷
3. Transposisjon. Flytting eller omstilling av større eller mindre delar av teksten.
4. Morfologiske avvik.
5. Leksikalske avvik.
6. Mistydingar/forvanskingar.

7. Ei medviten utelating er ei utelating, medan ei umedviten må karakteriserast som ei utegløyming. Kva som er kva er derimot ikkje alltid mogleg å avgjera, og eg har difor plassert dei i ein og same kategori.

7. Dittografi.
8. Ortografiske avvik.

Med omsyn til diskusjonen av avvika i dei forskjellige handskriftene, har eg valt å ta *utgangspunkt* i Jon Gunnar Jørgensens typologisering frå 2000.⁸ Jørgensen typologiserer avvika i to nivå. Først etter avvikas karakter, om dei er vesentlege for innhaldet i og oppbygginga av teksten eller ikkje. Dinest etter skrivaren sin presumptive intensjon med avvika, om det er grunn til å tru at avvika skuldast medvitne endringar frå skrivaren si side eller ikkje. Han set så opp eit skjema, der type 1 og 2 kvar kan kombinerast med A eller B:⁹

1. Avvik av tydingsskiljande eller redaksjonell karakter.
2. Avvik utan tydingsskiljande eller redaksjonell karakter.
 - A. Medvitne avvik.
 - B. Tilfeldige avvik.

Type 1 inneheld endringar i teksten som skriv seg frå tilføyingar eller utelatingar av skrivaren. Dette kan vera einskildord, setningar, eit lengre avsnitt eller eit heilt kapittel. Dessutan kan leksikalske endringar plasserast her, der ord er skifta ut med eit anna ord som har ulik tyding. Syntaktiske og morfologiske endringar med følgje for tolkinga av meiningsinnhaldet plasserer Jørgensen også her. Med redaksjonelle avvik meiner Jørgensen avvik der ein eller fleire setningar er utelatne eller føydde til i avskrifta, eller flytta til ein annan stad i teksten. Grunngevinga for å gruppera redaksjonelle avvik saman med tydingsskiljande avvik, er av di slike avvik også har vesentleg innverknad på forma og strukturen til teksten. Redaksjonelle endringar vil ofte, men ikkje naudsynleg, også vera tydingsskiljande, men ombyting og omredigering av avsnitt kan også gå føre seg utan at den samla tekstmengda vert endra og utan å ha innverknad på tolkinga av teksten.

Type 2 inneheld stilistiske endringar av typar der ord er skifta ut med synonym, eller der syntaksen er endra utan særleg innverknad på meiningsinnhaldet. Dei vanlegaste avvika i denne kategorien er likevel av paleografisk og ortografisk karakter. Dei

8. Jørgensen 2000, s. 90–92.

9. Jørgensen 2000, s. 91.

paleografiske og ortografiske systema i ei avskrift er som regel sterkt prega av den språklege bakgrunnen, opplæringa og skrivevanene til skrivaren.

Kvar av desse to typekategoriane kan delast inn i to undergrupper etter den sannsynlege intensjonen til skrivaren. Ein del avvik skuldast skrivarens medvitne vilje til å endra teksten, andre avvik er meir tilfeldige eller umedvitne. Skrivaren kan medvite gjera redaksjonelle endringar, utelatingar, tilføyingar eller transposisjonar. Konjekturar og emendasjonar høyrer også inn under denne gruppa, det same gjeld ein del stilistiske endringar som til dømes arkaisering, der skrivaren medvite har freista å gje teksten eit eldre språkleg preg enn det førelegget har hatt.

Undergruppe B inneheld sekundære lesemåtar som skrivaren har gjort utan hensikt. Dette kan vera utegløymingar, mistydingar eller forvanskingar som skuldast feillesing og liknande. Det inkluderer feil som haplografi og dittografi. Andre avvik kan koma av at skrivaren ikkje har sett det som naudsynt å vera tru mot førelegget, særskilt gjeld dette ortografi og paleografi. Leksikalske endringar kan også verta innførte umedvite. Til dømes kan “Þess getr Arnórr” fort verta til “Arnórr kvað” utan at det ligg noko meining i det frå skrivaren si side.

Eg har likevel valt ikkje å gruppera dei forskjellige avvika etter Jørgensens typekategorisering. Det er fleire årsaker til dette. Mellom anna er omgrepet tydingsskilnad ikkje uproblematisk, ettersom tydingsskilnad vil førekoma i større eller mindre grad, og graden av tydingsskilnad vil vera avhengig av den subjektive oppfatninga til kritikaren. Dessutan er det ikkje alltid enkelt å vita om eit avvik er medvite eller ikkje, særskilt med omsyn til utelatingar og morfologiske avvik. Dermed vert det i praksis vanskeleg å klassifisera på bakgrunn av tydingsskilnad og/eller medvit. Som grunnlag for drøftinga av dei forskjellige avvika, er likevel Jørgensens typekategorisering eit svært godt utgangspunkt.

5.1.3 Disposisjon av komparasjonen

Ettersom det varierer kor mange handskrifter eg til ei kvar tid har tilgjengeleg i den teksten eg har valt å analysa, har eg disponert komparasjonen av handskriftene i tre bolkar, avhengig av kor mange handskrifter eg komparerer. Med omsyn til fordelinga av lesemåtar mellom handskriftene innanfor komparasjonen, kan denne delast i to grupper. Den første

gruppa femner lesemátar i *Sveins saga Alffusonar*, og gjeld dermed dei to første bolkane (kap. 5.2 og kap. 5.3) av komparasjonen:

- a. Begge/alle har avvikande lesemátar. Dette gjeld berre 39 og K heilt i starten, og E frá der dette handskriftet tek til.
- b. 39 står áleine mot E og K.
- c. 39 og E står saman mot K.
- d. 39 og K står saman mot E.

Den andre gruppa femner komparasjonen i tredje bolken, *Magnúss saga góða* (kap. 5.4), der følgjande lesemátar er moglege:

- a. 39 står áleine mot K, E og F.
- b. 39 og K står saman mot E og F.
- c. 39, K og E mot F.
- d. 39, K og F mot E.
- e. 39 og E mot K og F.
- f. 39, E og F mot K.
- g. 39 og F mot K og E.

Eg tek i disponeringa av komparasjonen *ikkje* omsyn til kor vidt handskriftene som avvik frá 39 har sams lesemáte, eller om dei står kvar for seg.

5.1.4 Bruk av typologi i avhandlinga

Som det går fram av drøftinga ovanfor, er det ikkje alle typar avvik eller feil som er like viktige. I det følgjande har eg difor valt ikkje å ta omsyn til dei avvika eg finn at ikkje er tydingsskiljande eller redaksjonelle med omsyn til tilhøvet mellom handskriftene. Det inkluderer i første rekkje ortografiske avvik og einskilde morfologiske avvik, men også nokre andre avvik. Avvik av denne typen vil vera å finna i tabellane i vedlegg A, som inneheld alle avvik eg har funne. Paleografiske avvik vil derimot ikkje vera å finna i desse tabellane, ettersom eg i hovudsak har nytta tekstutgåver, og ikkje handskrifter, av K, E og F. Tilvisingar til tabellar som startar nummereringa si med A pluss eit tal, er tilvisingar til tabellane i vedlegg A. I prosateksten (men ikkje i tabellane) nedanfor gjev eg att alle tekst-sitat frå handskriftene i normalisert norrønt. Berre der eg har sett det som naudsynt for diskusjonen, har eg nytta ortografien frå dei forskjellige handskriftene.

Når eg nyttar omgrepet viktige lesemåtar eller avvik, er ikkje dette heller eit uproblematisk omgrep. Vurderinga av kva som er eit viktig avvik, og kor viktig dette avviket er, vil truleg vera grunnlag for diskusjon og usemje mellom forskjellige kritikarar. Eg vil til dømes sjå eit avvik på det ein kan kalla *makronivå*, som grunnleggjande viktigare enn eit avvik på *mikronivå*. Som nemningane gjev ein peikepinn på, har dei å gjera med storleiken på avvika. *Makronivået* vil mellom anna femna større transposisjonar i teksten eller strukturen i kapittelindelinga (t. d. utelating, tilføyning eller transposisjon av eitt eller fleire kapittel eller for den saks skuld soger). *Mikronivået* femner avvika på eit mindre plan, som utelatingar, tilføyningar og transposisjon av mindre tekstbitar. Alle ortografiske og morfologiske avvik vil til dømes vera naturleg å plassera på dette nivået.

Til sist i dette kapitlet vil eg freista å summera opp dei tydingsskiljande og redaksjonelle avvika, som eg meiner er særst viktige for problemstillinga. Mi oppfatning av kva tydingsskilnader som er viktige, er likevel ikkje naudsynleg identisk med kva andre vil leggja i dette omgrepet.

Utgangspunktet for den tekstkritiske analysedelen er 39. Dermed vert også 39 utgangspunktet for feiltypologiseringa. Dette medfører at ei utelating i eit anna handskrift i høve til 39, i tabellane vil vera klassifisert som eit tillegg i 39.

5.2 Teksten i 39 og K fram til E startar

a) Tilføyningar

Tabell 5-1. Tilføyningar i 39 vs. K.

39		K (HkrFJ II)	
1.2	há allteri	519.4	altárit
2.8	fa oc hæyrði	521.11	heyrði

Lesemåten “háalltarit” finst også i OH,¹⁰ men altså ikkje i *Kringla*. Tilvisinga er til alteret i den gamle Kristkyrkja i Nidaros, og like framanfor (frå like før teksten i 39 tek til, og fram til 39 1.3) vert det fortalt i K at erkebiskop Øystein lét plassera høgalteret i den nye Kristkyrkja på same staden der alteret i den gamle Kristkyrkja stod. Det kan såleis tenkjast at 39 og OH her representerer ein dittografi frå det føregåande tilfellet av “háaltárit”.

10. StOH 602.8

Det andre tillegget i 39 verkar som om det høver betre med kontekst enn kva teksten i K gjer. Det som vert fortalt i K er at Þórarinn loftunga høyrde fleire store teikn på at kong Olav var heilag, mellom anna at ljós vart tende av seg sjølv med eld frå himmelen (“kerti tundraðisk sjálf þar yfir altári af himneskum eldi”¹¹). Det verkar meir nærliggjande at dette er noko som er sett og høyrð, enn at det berre er noko som er høyrð. Kva som er opphavleg er likevel truleg uråd á avgjera, ettersom ein vel kan rekna med at prosateksten er basert på kva som vert fortalt i *Glælognskviða*. I kvadet vert det nemnt at det brenn ljós over alteret til ære for Kristus,¹² men det er berre klokkene som ringjer av seg sjølv.¹³

Ingen av desse tillegga vil eg sjá som særleg viktige, men begge er likevel tydings-skiljande.

b) Utelatingar

Tabell 5-2. Utelatingar i 39 vs. K (utdrag).

39		K (HkrFJ II)	
1.23	íva	520.1	svá at
2.10	<helgu>mðomi	521.14	helgum dómi hljóm
2.12	blindir eða aṅman	521.17	blindir eða á annan
2.13	en þaðan hæilir	521.18	en fóru þaðan heilir
2.14	en mundi	521.19	en þat myndi
2.14	h<eil>fo þengo iuphafi	521.20	heilsu fengu þá þegar í uphafi

Totalt har eg funne átte utelatingar i 39 versus K (tab. A-2), men berre seks av dei er tekne med ovanfor. Eg vil ikkje klassifisera nokon av desse utelatingane som særskilt viktige. Nokre av dei er likevel tydingsskiljande, men ikkje i stor grad. Til dømes har 39 “svá” (1.23) der K har “svá at” (520.1) i femte¹⁴ (fjerde i kap. i 39) strofe av *Glælognskviða*. Den store tydingsskilnaden vert det ikkje: “Således at den lovrige fyrste ligger der rén (hellig) med sit uskadte legeme [...]”.¹⁵ Eg kan ikkje sjá at det er naudsynt med eit “at” i denne

11. HkrFJ II, s. 521.

12. HkrFJ II, s. 520, strofe 171.

13. HkrFJ II, s. 520, strofe 170.

14. Jf. Skj B I, s. 300.

15. Skj B I, s. 300.

samanhengen, så det kan gjerne vera versjonen i 39 som er den opphavlege, altså: “Såleis ligg der rein, den lovsæle fyrsten med sin heilage lekam”.

I 39 2.10 vantar ordet “hljóðm” (klang, sterk ljod). Dette må vera ei utegløyning frå skrivaren si side, ettersom ordet er naudsynt for verbet “heyra” framanfor. Ei anna utegløyning er utelatinga av “á” i 2.12. Ordet framanfor sluttar på ‘a’ (“eða”), og ordet etter tek til med ‘a’ (“annan”). I staden for å skriva tre gonger ‘a’, har skrivaren i 39 berre skrive to. Dette er eit klassisk eksempel på haplografi.¹⁶

I 2.13 er verbet “fara” utelate (3. person pl. preteritum indikativ i forma “fóru”, som viser attende til “herr manns”). Verbet er naudsynt for setningsstrukturen, og er vel dermed ei utegløyning. Dei siste to eksempla i tabellen ovanfor, er heilt uproblematisk. Korkje “þat” eller “þá þegar” er naudsynte i setninga slik den står i 39 (normalisert): “(...) en myndi vera ótalligr fjöldi manna, er heilsu fengu i upphafi af jartegnagörð (...)”.

c) Morfologiske avvik

Tabell 5-3. Morfologiske avvik i 39 vs. K (utdrag).

39		K (HkrFJ II)	
1.2	crifti kirkio	519.5	Kristskirkju
1.8	*imiðiom bæ	519.9	í miðjum bænum

Det første tilfellet, “crifti kirkio”, er truleg ikkje ei anna form i norrønt, men derimot ei latinsk genitivform av “C[h]ristus” som har sneke seg inn hjå skrivaren. Det tilsvarar den norrøne genitivforma i førsteleddet i “Kristskirkju” (K). At ordet “Christus” er rett deklinert, kan tyda på at skrivaren har vore latinkunnig, og peikar kan henda i retning av geistleg opplæring.

Forma “í miðjum bæ” finst også i OH,¹⁷ utan at det har stor vekt av den grunn. “Bænum”, slik K har det, er den bundne fleirtalsforma i dativ. Variasjon mellom bundne og ubundne former i norrønt, er vanleg. Det finst mange eksempl på dette i tabellmaterialet i vedlegg A. Slik eg har nemnt i noteapparatet i transkripsjonen i samband med dette ordet, er det i dag berre råd å lesa “imiðio”, men det er fullt mogleg, gjerne også sannsynleg, at nasalstreken over ‘o’ er slite bort, og har stått der opphavleg.

16. Jf. Reynolds og Wilson 1974, s. 204.

17. StOH 602.11

d) Leksikalske avvik

Tabell 5-4. Leksikalske avvik i 39 vs. K (utdrag).

39		K (HkrFJ II)	
1.10	i þessum heimi	519.12	hér í heimi
2.6	Eḡ her maḡnʒ	521.1	þar kœmr herr

Dei leksikalske avvika i denne delen av 39 er i hovudsak ikkje store. Tre av tilfella er byte av preposisjonar: “um” (med dativ) for “ór” og “yfir” for “um” (2 stader); i to tilfelle er konjunksjonen “en” skifta ut med “ok”. Sjå elles tab. A-5. Tydingsskilnaden er også minimal i “í þessum heimi” (i denne verda 39) kontra “hér í heimi” (her i verda K).

Orda “En herr manns” finst etter HkrFJ II berre i 39. Likevel har Finnur Jónsson valt dette som «rett» leseemåte i si *Heimskringla*-utgåve.¹⁸ Finnur stór seg her på prosateksten, som seier: “En svá sem Þórarinn segir, at til ins helga Óláfs konungs kom herr manns, haltir ok blindir (...)”.¹⁹ Hallvard Magerøy meiner på si side at teksten frå 39 ikkje er den «rette» leseemåten, i hovudsak av di “39 er eit halvt hundre ár yngre og har andre variantar òg som ein lyt vraka”.²⁰ Den store tydingsskilnaden vert det likevel ikkje, ettersom “herr” er subjektet i begge variantane. K-varianten har eit ekstra verb (“koma”): “Der kjem ein hærs-kare (K)” versus “Og/men ein hærs-kare av folk (39)”. Dette er likevel den største tydingsskilnaden mellom 39 og K i denne delen av teksten.

e) Forvanskingar/mistydingar

Tabell 5-5. Forvanskingar/mistydingar i 39 vs. K (utdrag).

39		K (HkrFJ II)	
1.12	íon	519.17	sýn
1.14	valðhamarí	519.20	Valdhamar (SJEKK 36)

Begge dei to eksempla i tabellen ovanfor er frå strofe 23 i Sigvatr Þórðarsons *Erfidrápa Óláfs helga*.²¹ Finnur Jónssons parafrasering eller prosakonvertering av den aktuelle tekstbolken er: “er seldi sýn Valdamar í Gørðum”, “som gav Valdemar i Garde synet”.²² Ernst

18. HkrFJ II, s. 521, strofe 172. Jf. Skj B I, s. 301, strofe 8. HkrBA II, s. 408, strofe 172, har “Þar kœmr herr” slik dei øvrige handskriftene også har det.

19. HkrFJ II 521.16–17; jf. 39 2.11–12.

20. Magerøy 1948, s. 12–13.

21. Skj B I, s. 244.

A. Kock (1864–1943) har ei litt avvikande tolking av denne strofa, men heller ikkje han ser ut til å tru på 39 sin versjon.²³

No var det dessutan Jaroslav (Jarisleiv) som var russisk fyrste medan Olav var i Gardarrike, ikkje faren Vladimir (Valdemar) som var den første kristne fyrsten der. Det kan i denne samanhengen vera verd å nemna at den russiske Nestorkrønika ikkje nemner noko om Olav den heilage i tida 1028–1029 då han skal ha vore i Russland. Med omsyn til Valdemar (Vladimir) vert det rett nok fortalt under 1036, at Jaroslav sette sonen Vladimir inn som fyrste i Novgorod (norr. Holmgarð).²⁴ Denne Vladimir var eldste sonen til Jaroslav, var fødd 1020²⁵ og døydd i 1052, to år før faren.²⁶ I alle høve er ‘h’ i “valðhamarlf” ein feil, med Finnurs ord dessutan “hvad alliterationsregler forbyder”.²⁷

f) Øvrige avvik

Det finst dessutan fleire andre avvik som ikkje er tydingsskiljande. Eitt tilfelle er ein transposisjon, der 39 har “eyðiskemma sú” der K har “sú eyðiskemma” (sjå tab. A-3). Korleis ein enn snur på dette vert tydinga likevel “den tomme bua”. Ordstillinga til 39 finst forøvrig også i alle handskriftene av OH, utanom i *Bergsbók* som er identisk med K her.²⁸

Det finst også ein del mindre ortografiske avvik (sjå tab. A-7), til dømes “kvicvir” for “kykvir”, som er eit nokså vanleg avvik i handskrifter ettersom ‘ui’ (← ‘vi’) ofte står for ‘y’. Om utelatinga av nominativ-r i “svørð” (1.13) skal klassifiserast som eit ortografisk eller eit morfologisk avvik er vanskeleg å avgjera, men ettersom det ser ut til å stå i nominativ er det helst eit ortografisk avvik.

22. Skj B I, s. 244–245.

23. NotNorr §667, i *Lunds Universitets Årsskrift*, Ny följd, avdelning 1, band 21 nr. 1, år 1925

24. *Nestorskrönikan*, s. 125.

25. *Nestorskrönikan*, s. 122.

26. *Nestorskrönikan*, s. 132.

27. HkrFJ II, note til 519.20

28. StOH 602.9, jf. variantapparatet.

5.3 Teksten i 39, K og E

5.3.1 39 áleine versus E og K

I denne bolken er det fokusert på stader i teksten der 39 stár áleine mot K og E. Det er ikkje teke omsyn til kor vidt K og E har sams leseátar, eller om dei også stár kvar for seg.

a) Tilføyning

Tabell 5-6. Tilføyning i 39 vs. K og E.

39		K (HkrFJ II)		E	
3.5	<i>oc vrika menn</i>	524.3	ok óríka		[vantar]

Konteksten i HkrFJ II 524.3–4 lyder: “bæði ríka menn ok óríka ok alþýðu”. Tilføyninga i 39 er dermed uturvande, ettersom “menn” også stár til “óríka”. E har like godt utelate heile tilvisinga til “óríka menn”, ettersom det øvriga gjev like så god meining áleine (“både storfolk [og småfolk] og álmugen”). Álmugen inkluderer naturleg nok alle dei som ikkje kan reknast for storfolk.

b) Utelatingar

Tabell 5-7. Utelatingar i 39 vs. K og E (utdrag).

39		K (HkrFJ II)		E	
4.9	<i>kom</i> <i>in n aeg gio fv</i>	525.11	kom til Kálfs inn á Eggju, s ú	4.25	komu til Kalfs <i>in n a Egio þau</i>

Av utelatingane i 39 er det ingen som kan karakteriserast som særskilt viktige eller tydingsskiljande, jf. tab. A-9. Det går til dømes greitt fram av konteksten at det er Kálfr Árnason som bur “á Eggju”, slik at utelatinga i 39 her ikkje har noko á seia for tolkinga av teksten.

c) Leksikalske avvik

Tabell 5-8. Leksikalske avvik i 39 vs. K og E (utdrag).

39		K (HkrFJ II)		E	
3.18	<i>vm</i> allan <i>noreg</i> er kalþr hefði	524.19	um Nóreg allan en Kálfr hafði	4.11	yfir Noreg allan ef Kalfr hefðe
6.15	mefta man val	529.1	bezta mannval	6.11	bezta mannval
6.20	orðfendingom	529.7	erindum ^a	6.16	orðndom

a. HkrFJ II har “orðsendingum” slik 39 har det, og ingen merknad. Dette (“orðfendingom”) er overstroket i AM 36 fol., bl. 492r (p. 545), og erstatta med “erindum”.

Tre av dei leksikalske avvika i 39 er litt meir interessante enn dei øvrige avvika der 39 står åleine mot K og E. To av dei er likevel ikkje tydingsskiljande, ettersom det er synonyme ord som er nytta i 39 versus K/E (“mesta” vs. “besta”; “orðsendingum” vs. “erindum”). Tydingsskiljande er derimot “er” vs. “en” og “ef”. Alle er konjunksjonar, men ut frå konteksten ser det ut til at 39 her må ha ein feil. Slik kunne like gjerne dette avviket kategoriserast som ei mistyding eller forvansking. Jonna Louis-Jensen gissar på at det rette i 39 skal vera “ef” slik E har, noko som vil høva med “hefði” like etter, som også finst i E.²⁹

d) Øvrige avvik

Av dei øvrige avvika er det ingen eg vil definera som korkje tydingsskiljande eller redaksjonelle av transposisjonane (tab. A-10), dei morfologiske (tab. A-11) eller ortografiske avvika (tab. A-14), eller forvanskingane (tab. A-13). Til dømes skuldast nok forvanskinga/mistydinga “trvgð” i 39 (7.6) ei utegløyming av abbreviaturteiknet for “er”/ “ir” (´).

29. Louis-Jensen 1997, s. 238.

5.3.2 Felles lesemáttar í 39 og E

a) Tilføyningar

Tabell 5-9. Tilføyningar 39 og E vs. K.

39		E		K (HkrFJ II)	
2.16	Eign <i>legir</i> þorarij loftunga fva	3.7	En s(<i>egir</i>) Þorariinn loftvnga sva		[vantar]
3.12	<aþ lípi> oc þra landi	4.4	af lífi ok fra landi	524.11	af lífi ok láði
4.23	með Sveini konungi. einar þambarscelfir hafði oc heima setið.	5.4	með Sveini konvngi. Eínar þambarskelfir hafðe ok heima setið.	526.5	með konungi.

Det første eksempelet på tilføyning i 39 og E, finst berre i desse to handskriftene. Dette har nær samanheng med disposisjonen av dette kapitlet i 39 og E. Like etter denne setninga kjem strofe 173 og 174 av *Glælognskviða*, medan desse strofene i K og OH står saman med dei øvrige strofene og i ei anna rekkefølge, og dermed framanfor prosateksten. Dette innskotet er heilt klårt redaksjonelt, og må, saman med disposisjonen av teksten før og etter, vera gjort medvite, anten i 39 og E, eller meir sannsynleg i eit felles førelegg for begge handskriftene.

Dei to andre tilføyningane kan også delvis kategoriserast som leksikalsk avvik (“láði” → “landi”) og transposisjon (setninga om Einar Tambarskjelve; jf. dessutan nedanfor under utelatingar i 39 4.7). “Láð” er eit synonym til “land”, og tyder det same (land/rike). Innskotet av preposisjonen “frá” er nokså naturleg, og ein skulle nesten ha venta den framanfor “láði” også. Den første av desse tilføyningane (“af lífi ok frá landi”) er altså ikkje tydingsskiljande, medan innskotet om at Einar Tambarskjelve sat heime er det. Det er dessutan endå ei tilføyning i 4.23 ettersom namnet på kongen er teke med i 39 og E: “með konungi” i K vs. “með Sveini konungi” i 39/E. Dette er isolert sett ikkje noko viktig avvik, ettersom avvik av denne typen, utelating eller tilføyning av meir eller mindre presiserande apposisjonar, førekjem hyppig i alle handskrifter.

b) Utelatingar

Tabell 5-10. Utelatingar i 39 og E vs. K (utdrag).

39		E		K (HkrFJ II)	
2.15	iartegnir	3.7	[...]tegnir	522.1	jartegnir Óláfs konungs
3.14	<hop>ðo þa hopþingiar fteþnor lin amilli	4.6	høfðu þa høfðingiar stefnur sín í milli	524.13	høfðu þeir høfðingjar stefnur ok ráða-gørð sín á milli
3.17	heitit kalþi	4.10	heitit Kalfi	524.18	Kálfi heitit eða veitt
4.7	með honom þlefitir *lendir menn o: þrandheimi.	4.24	með honom flestir lendir mem or Þrand- heimi.	525.8	flestir lendir menn með honum ór Þrand- heimi. Einarr þambarskelfir settisk heima ok vildi eigi fara með Sveini konungi.
5.14	gaþlocom	5.19	gafløkom	527.3	senn gafløkom

Den klårt viktigaste utelatinga i 39 og E vs. K, er setninga der det vert fortalt at Einar Tambaraskjelve sat heime og ikkje ville fara med kong Svein mot Tryggve Olavsson (HkrFJ II 525.8–10). Som eg har nemnt ovanfor, kan dette dessutan kategoriserast som både ei tilføy- ing og ein transposisjon (jf. tab. A-17). Det er verd å merka seg at 39 og E ikkje fortel at Einar ikkje ville fara med kongen, berre at han sat heime. Det kvalifiserer til å vera ei tydingsskiljande utelating og er dessutan av redaksjonell karakter. Ei tydingsskiljande ute- lating finn ein også i 5.14. Her fortel alle handskriftene (39, E og K) at Tryggve Olavsson skaut kastespjot med begge hendene, men berre K legg til at han gjorde dette samstundes (“senn”).

Dei øvrige utelatingane i 39 og E er ikkje tydingsskiljande i same grad. Utelatinga av “ok ráðagerð” i høve til K, er til dømes ikkje særleg viktig for tydinga, ettersom det at høvdingane held stemne seg imellom impliserer rådslaging mellom dei. Det same gjeld “eða veitt”, som er ein «smør-på-flesk-konstruksjon» i høve til “heitit”. Dette er eit typisk eksempel på understreking av eitkvart ved å nytta to nesten jamlike ord, bundne saman med konjunksjonen “eða”. Forøvrig har vi her også eit tilfelle av transposisjon, ettersom orda “heitit Kálfi” skiftar plass i K i høve til 39/E.

Utelatinga av “Óláfs konungs” i 39 (2.15) og E er ikkje tydingsskiljande, men orða hýyrer naturleg heime der. Konteksten i 39 gjev likevel ikkje rom for tvil om kven sine jarteikner det er tale om.

c) Transposisjon

Med unnatak for den ovanfor nemnte (s. 59) transposisjonen i strofene i *Glælognskviða*, er ingen av transposisjonane i 39 og E kontra K av tydingsskiljande natur, eller isolert sett viktige i tekstkritisk samanheng. Tydingsskiljande er for så vidt heller ikkje tilfellet i *Glælognskviða*, men det må kategoriserast som både medvite og redaksjonelt. Eg ser det ikkje som naudsynt å diskutera dei andre transposisjonane her, men viser til tab. A-17 for eit oversyn over dei.

d) Morfologiske avvik

Tabell 5-11. Morfologiske avvik i 39 og E vs. K.

39		E		K (HkrFJ II)	
4.4	var tryggvi hann callaðiz fon	4.20	var Trygui hann kallaðiz són þeira	525.4	er Tryggvi; hann kallaðisk son
5.21	líni	5.26	sinmi	527.13	sina
6.22	neþi þoðorlæipð líni	6.19	nai fōðorleifð sinmi	529.10	fái fōðurleifð sina

Dei morfologiske avvika er små i denne delen av tekstutvalet. I to tilfelle nyttar 39 og E dativ av det possessive determinativet “sín” (f.), medan K nyttar akkusativ. Det første tilfellet er frå Sigvatr Þórðarsons *Tryggvaflokk*, og Finnur Jónsson har i si prosakonvertering av kvadet følgjande kontekst: “(...) Tryggvi fór ferð sinni (...)”.³⁰ “Ferð” må vel her seiast å ha ei lokativisk rolle, og skal dermed ha dativ slik 39 og E har det. Finnur peikar også på at alle handskriftene utanom 39, E og J2³¹ har det feilaktige “sina”.³² I det andre tilfellet er det verbet som styrer kasusvalet, ettersom verbet “ná”, i motsetnad til “fá”, tek dativ når det har tydinga å få tak i eitkvart, i dette tilfellet farsarven til Magnus. I tillegg til eit morfologisk avvik, har vi altså her også eit leksikalsk avvik. Tempusvariasjonen i bruken av “var”

30. Skj B I, s. 231.

31. AM 38 fol., ei avskrift av *Jqfraskinna*. Sjå dessutan s. 27.

32. HkrFJ II, s. 527, note til strofe 177.

(preteritum) i 39 og E mot “er” (presens) i K, er uviktig. Ingen av dei morfologiske avvika i 39/E kontra K er tydingssskiljande.

e) Leksikalske avvik

Tabell 5-12. Leksikalske avvik i 39 og E vs. K (utdrag).

39		E		K (HkrFJ II)	
2.19	þa er	3.9	þa er	521.7	þar er
2.19	þui at <i>hann</i> getr	3.10	þui at <i>hann</i> getr	521.3	hann um getr
3.14	<hop>ðo þa hopþingiar lteþnor lín amilli	4.6	høfðu þa høfðinngiar stefnur sín í milli	524.13	høfðu þeir høfðingjar stefnur ok ráða-gørð sín á milli
3.16	eggian	4.9	eggian	524.17	áeggjan
6.6	lteþno lín imilli oc raða gerð	6.3	stefnur sín í milli ok raðagiørder	528.11	stefnur sín á milli ok ráða-gørð
6.19	ialdegioborg	6.14	í Aldeigio borg	529.5	til Aldeigjuborgar
6.22	neþi þoðorlæipð līni	6.19	nai fòðorleifð sinni	529.10	fái ^a fòðurleifð sina

a. I handskriftet (AM 36 fol., bl. 492r (p. 545)) er “nai” overstroke, og “fai” føydd til over linja.

Dei første to eksempla i tabellen ovanfor er frå *Glælognskviða*. 39 og E har “þa er”, medan K har “þar er”. Finnur ser ut til å ha endra oppfatning med omsyn til kva som er «rett», etter som HkrFJ II har “þars” (= “þar er”), medan han i den retta teksten i *Den norsk-islandske Skjaldedigtning* nyttar “Þás” (= “þá er”).³³ Avviket er likevel ikkje tydingssskiljande etter som “þar” også kan ha tydinga “på den tid”, tilsvarande “þá”. Det neste avviket er “því at hann getr” (av di han oppnår) kontra “hann um getr” (han oppnår). Skilnaden er tydingssskiljande, men ikkje i stor grad.

Eit anna minimalt leksikalsk avvik ser ein der 39 og E nyttar “þá” der K har “þeir” medan det vert fortalt om stemner mellom hovdingane. Minimal må ein også kalla variasjonen mellom “í milli” (39 6.6 og E 6.3) og “á milli”. I dette tilfellet er det ingen tydingssskilnad, og ein kan samstundes merkja seg at like ovanfor (3.14) står 39 og K saman om å nytta “á milli”. Tydingssskiljande er heller ikkje variasjonen mellom “eggjan” og “áeggjan”. Begge orda tyder det same – egging.

33. Skj B I, s. 301.

I det neste tilfellet ovanfor er det eit byte av preposisjon, “í” vs. “til”. Dette bytet medfører samstundes også eit morfologisk avvik, ettersom preposisjonen “til” styrer genitiv, medan “í” tek akkusativ i allativisk rolle (rørsle til staden). Tydinga av frasen er likevel den same.

Slik eg har vore inne på under dei morfologiske avvika, har vi også eit leksikalsk avvik i bruken av verba “ná” (39/E) og “fá” (K). Begge verba tyder likevel det same, slik at det ikkje er nokon tydingsskilnad i dette.

5.3.3 Felles leseátar i 39 og K

a) Tilføyningar

Tabell 5-13. Tilføyningar i 39 og K vs. E (utdrag).

39		K (HkrFJ II)		E	
2.16	<i>oc þær er fiðar hafa go:zc</i>	522.2	ok þær er síðarr hafa gqrzk		[vantar]
2.19	<i>bænir þinar</i>	521.10	bœnir þínar	3.9	bænir
3.2	<i>kendo <l>andz menn aþrir</i>	523.22	kendu landz-menn aðrir	3.18	kendi aðrir
5.4	<i>verit þoellri hans oc haþt trauft meft</i>	526.10	verit forellri hans ok haft traust mest	5.9	forelldri <i>hans</i> haft mest traust
6.9	<i>fenða honom</i>	528.14	senda honum	6.5	senda

Bisetninga “ok þær er síðarr hafa gqrzk” (og dei [jarteikna] som har hendt seinare) er den viktigaste tilføyinga i 39 og K versus E. Setninga må nærast karakteriserast som ei tilleggsopplysing til “inar stærstu jartegnir”, og er såleis ikkje naudsynt for den overordna meininga i setninga, nemleg “þá eru þær mest ritaðar ok greindar” – at jarteikna er skrivne ned. Det at det er ei tilleggsopplysing kan forklára at det er utelate i E, men det kan like gjerne gå attende til forskjellige førelegg.

Elles er dei øvrige tilføyningane i 39 og K av lita vekt med omsyn til tydingsskilnad. At E vantar “þínar” i *Glælognskviða* er interessant, men det kan vera ei utegløyming i E, som kan skuldast ein haplografi med årsak i ordet “því” som i 39 kjem like etter “þínar”. Ettersom begge orða byrjar med ‘þ’ er det lett å oversjá det eine av dei. Ei anna mogleg årsak er dessutan at “þínar” kan ha vore forkorta til “þín” pluss abbreviaturteikn (þín⁵) i førelegget til E. Ein augneblink med dårleg konsentrasjon kan såleis ha medverka til at skrivaren av E

har lese “þui” for “þin” og utelate det eine av di han oppfatta det som ein dittografi. I mellomalderhandskrifter er det svært enkelt å forveksla bokstavane ‘m’, ‘n’, ‘i’ og ‘u’, særskilt i frakturskrift der teikna står tett saman, og prikken over ‘i’ ofte manglar: til dømes i *minimum*.³⁴

Tilføyinga av “landzmenn” i 39 og K er heller ikkje tydingsskiljande i stor grad. At “dei andre gav trøndarane skulda” impliserer i høg grad at dette var dei øvrige folka i landet. Landsmenn vert dermed ei presiserande tilføyning. Det same kan seiast om setninga om forfedrane til Tryggve Olavsson. 39 og K fortel at Tryggve ville fara aust i Vika, av di der hadde forfedrane (“forellri”) hans halde til og hatt mest støtte. E fortel berre at han ville reisa dit av di forfedrane hans hadde hatt mest støtte der. Tilføyinga av “verit (...) ok” i 39 og K vert dermed ei presiserande tilføyning.

Dei andre tilføyningane gjeld for det meste småord (“þá”, “at”) eller presiserande apposisjonar (t.d. “í Vikina austr” vs. “í Vikina” eller “til Kálfs Árnasonar” vs. “til Kálfs”) av ymse slag. Sjå tab. A-20 for eit fullt oversyn over tilføyningane.

b) Utelatingar

Tabell 5-14. Utelatingar i 39 og K vs. E (utdrag).

39		K (HkrFJ II)		E	
3.7	ftyrre inoregi af hoþþingiom	524.7	styrk þá í Nóregi af hǫfðingjum	3.24	styrk þa í Noregi bæðe af hǫfðinngiom
4.4	var tryggvi hann kallaðiz son	525.4	er Tryggvi; hann kallaðisk son	4.20	var Trygui hann kallaðiz sǫn þeira

Utelatinga av “bæði” i 39 og K er ikkje tydingsskiljande. Dessutan står K og E saman om å tilføya “þá”. Heile setninga vil i omsetjing lyda omlag slik: “(...) trøndarane hadde [då K, E] størst makt i Noreg, [både E] på grunn av hovdingane sine (...)”. Som ein kan sjå er ikkje nokon av desse avvika tydingsskiljande. 39 og K utelét også “þeira” i omtalen av kven Tryggve Olavsson var son av, utan at det har noko som helst å seia for meininga. Elles er utelatingane her småord (“hann”, “ok”) og ein apposisjon (“konungs”). Sjå elles tab. A-21.

34. Eg har ikkje tilgjenge på frakturfont med «dotless i», men eksempelet gjev likevel eit godt inntrykk. Utan prikk over i her, ville det ha vore vanskeleg å lesa ordet «minimum».

c) Transposisjon

Tabell 5-15. Transposisjon i 39 og K vs. E (utdrag).

39		K (HkrFJ II)		E	
4.22	Þæir kalþr rero	526.3	Þeir Kálfr røru	5.2	røro þeir Kalfr
6.10	man ec eýxar	528.16	m un ek øxar	6.7	øxar man ek

Transposisjonane i 39 og K versus E, er av typen ein kan venta å sjå i eit kvart handskrift, og som etter alt å døma må gå attende på den einskilde skrivaren sine språklege preferansar. Det er ingen av avvika som er tydingsskiljande, og eg kan heller ikkje sjå at nokon av dei er særskilt viktige i tekstkritisk samanheng. For eit fullt oversyn over transposisjonane viser eg til tab. A-22.

d) Morfologiske avvik

Tabell 5-16. Morfologiske avvik i 39 og K vs. E.

39		K (HkrFJ II)		E	
3.2	kendo <l>andz menn aþrir	523.22	kendu landz-menn aðrir	3.18	kendi aðrir
3.20	engar nafnbætr	524.22	engar nafnbœtr	4.13	aungua nafnbót
4.9	kom iηn aeg gio fv	525.11	kom til Kálfs inn á Eggju, sú	4.25	komu til Kálfs inn a Egjo þau
4.13	lættir	525.16	léttir	4.29	letti
4.14	lþeþno	525.18	stefnu	4.31	stefnor
4.15	raða gerð	525.19	ráða-gørð	4.32	raðagiørðer
6.6	lþeþno fin imilli oc raða gerð	528.11	stefnur sín á milli ok ráða-gørð	6.3	stefnor sín í milli ok raðagiørder

Heller ikkje mellom dei morfologiske avvika finst det tydingsskiljande avvik. Der 39/K har 3. person pl. preteritum indikativ av verbet “kenna”, har E konjunktiv, men same tempus og numerus. Elles er det eksempel på variasjon i numerus i både verb og substantiv (t. d. “kom” i 39/K vs. “komu” i E; “engar nafnbætr” i 39/K vs. “øngva [= engva] nafnbót” i E), og tempus i verb (presens “léttir” i 39/K vs. preteritum “létti” i E). Skrivaren i E ser dessutan ut til å synast betre om fleirtalsforma av “ráðagerð” (f.), altså “ráðagerðir”.

e) Leksikalske avvik

Tabell 5-17. Leksikalske avvik i 39 og K vs. E.

39		K (HkrFJ II)		E	
2.18	<i>unni</i>	521.10	unni	3.8	arni
2.22	<i>nacveria <v>etr</i> <i>hann var bernfer</i> <i>beði at allðri oc at</i> <i>raðom</i>	523.16	nøkkura vetr; hann var bernskr bæði at aldri ok at ráðum	3.13	nøkora rið <i>hann uar</i> børnskomaðr bæðe at allðri <i>ok</i> raðom
3.6	<i>off</i>	524.5	oss	3.23	þeim
3.14	<høp>ðo þa <i>høþingiar fteþnor</i> <i>lin amilli</i>	524.13	høfðu þeir høfðingjar stefnur ok ráða-gørð sín á milli	4.6	høfðu þa høfðinngiar stefnur sín í milli
3.18	<i>vm</i> allan noreg er kalþr heþði	524.19	um Nóreg allan en Kálfr hafði	4.11	yfir Noreg allan ef Kalfr hefðe
4.9	<i>o:ðfending</i>	525.11	orðsending	4.24	orð
4.9	<i>kom</i> <i>iþn aeggio fv</i>	525.11	kom til Kálfs inn á Eggju, sú	4.25	komu til Kalfs inn a Egio þau
6.10	<i>vanda mioc</i>	528.15	vanda mjök	6.6	vanda sem mest
7.1	<i>þanug aþvnd</i>	529.14	þannug á fund	6.23	þangat a fund

Det leksikalske avviket i *Glælognskviða* er ikkje tydingsskiljande. Her har 39 og K nytta verbet “unna”, medan E har verbet “arna”. Begge verba tyder å hjelpa einkvan til eitkvart, og begge står i 3. person presens konjunktiv. Kva som er mest opphavleg er ikkje godt å seia, men Finnur Jónsson har valt forma “unni” i si normaliserte utgåve av skaldekvadet.³⁵ Dette høver også best med handskriftene av OH, der dei fleste har “unni”.³⁶ For allitterasjonsreglane har det ikkje noko å seia kva verb ein vel, ettersom vokal rimar på annan vokal uavhengig om desse vokalane er forskjellige frå kvarandre.³⁷

Det neste tilfellet i tabellen (39 2.22) har to tilfeller av leksikalsk avvik: “vetr” kontra “hríð” og “bernskr” vs. “bernskumaðr”. Tydingsskilnaden er ikkje stor her heller, men den er til stades, særskilt i det første tilfellet der ein må omsetja med høvesvis “nokre vintrar”

35. Skj B I, s. 301.

36. StOH, s. 604.

37. Jf. t. d. Lie 1972, sp. 108.

(39/K) og “ei tid” (E). Det er mindre skilnad i tydinga av “bernskr” vs. “bernskumaðr” – det siste er eit substantiv som er danna ved samansetjing av det første pluss “maðr”, og tyder ein barnsleg eller barnsken mann. I *Fagrskinna* er dette forøvrig Svein sin eigen karakteristikk av seg sjølv, ettersom han seier då mennene hans ikkje vil kjempa mot Magnus: “Ek em bernskr mjök, kann ek fátt at mæla, en ekki þarf ek at leita eptir vilja þeira manna, er svá segja at ek heyri, at eigi vilja berjask víð Magnús”.³⁸ Her er det forøvrig også verd á merkja seg at dei fleste handskriftene av OH også har “bernskumaðr”,³⁹ og stemmer dermed overeins med E i motsetnad til det føregåande eksempelet med “unni”.

Av dei øvrige avvika er det knapt nokon som er særleg tydingsskiljande. Det avviket som fell ein mest i auga er der 39/K har “orðsending” medan E har “orð”. Meiningsinnhaldet i orða er likevel det same. Skilnaden mellom “á milli” og “í milli” har eg alt vore innom (s. 62). 39/K har elles eit tilfelle av “oss” i ei setning som nærast má definerast som direkte tale på bakgrunn av akkurat dette ordet. E har her “þeim” og dermed kan setninga lesast som indirekte tale. Tydingsskilnad er det ikkje her. Elles ser ein eksempel på preposisjonsbyte i “um” for “yfir”. At E har “þau” der 39/K har “sú” har samanheng med numerus av verbet “koma”, såvel som det som kjem – i 39/K er det orðsending (f.) medan E har ord (n. pl.). Dermed følgjer den nøytrale fleirtalsforma av demonstrativet i E naturleg.

I “vanda mjök” og “vanda sem mest” er det ingen tydingsskilnad, det same gjeld for “þannug” vs. “þangat”.

f) Ortografiske avvik

Tabell 5-18. Ortografiske avvik i 39 og K vs. E.

39		K (HkrFJ II)		E	
5.22	harþa	527.17	harða	5.28	haurða
5.25	þar afunno dag	527.21	Vara ^a sunnudag	5.30	Varar sunno dag

a. AM 36 fol., bl. 491r (p. 543). HkrFJ II har “Vasa”.

Av dei ortografiske avvika går truleg begge attende på forvanskingar eller mistydingar i E, om ein då kan kalla det for det i eksempelet “harða”. Ordet tyder i denne samanhengen “svært” eller “mykje”. Skrivemåten i E er uvanleg, men ein kan vel knapt utelukka den i ei

38. Fsk, kap. 46.

39. StOH, s. 607.

tid utan normalisert rettskriving. Finnur Jónsson gjer då også merksam på at skrivarane i E gjer mange skrivefeil.⁴⁰ “Varar” i E for det rette “var á” må vera ein feil, truleg ein ditto-grafi frå “var”.

5.4 Teksten i *Magnúss saga góða* (39, K, E og F)

Den detaljerte tekstkritiske analysen av teksten i *Magnúss saga góða* avgrensar seg som nemnt til dei tre første kapitla (etter HkrFJ) av saga. Alle lesemåtane i denne bolken fokuserer på 39, og eg tek dermed ikkje omsyn til kor vidt dei handskriftene med avvikande lesemåtar frå 39 står saman, eller om også dei har innbyrdes avvik.

I *Magnúss saga góða* er det heile fire handskrifter eg tek omsyn til. Det medfører at talet på potensielle avvik vert monaleg større enn i det føregåande, der eg berre har hatt to eller tre handskrifter å ta omsyn til. Særskilt er det nokre større tekststykke i *Magnúss saga góða* som har fleire lesemåtar og avviktypar. Eg har difor valt å understreka der det er større tekststykke i tabellteksten, kva for eit ord eller del av teksten som er eit avvik i den aktuelle samanhengen tabellen står i, dersom eg trur dette kan vera med å forenkla forståinga av typologiseringa mi. Ettersom det ikkje er mogleg å streka under utelatingar i 39, har eg i dei tilfella valt å understreka tekststadene i dei andre handskriftene for å markera kva for del av teksten eg ser som relevant til den aktuelle avviktypen.

40. *Eirspennill*, s. vii–viii.

5.4.1 39 stár áleine

a) Tilføyingar

Tabell 5-19. Tilføyingar i 39 vs. K, E og F.

39		K (HkrFJ III)		E		F	
8.9	<i>oc</i> ætla nu ferð fina	5.1	ætla nú ferð sína	7.20	ætla <i>hann</i> ferð sína nu	168.19	ætla nv at hefia ferð sína
8.15	en ec uil þvi oc	5.9	Ek vil þvi ok	7.27	Ek vil þvi ok	168.24	Vil ek ok þvi
10.12	<i>konungr</i>		[vantar]		[vantar]		[vantar]

Tilføyingane der 39 stár áleine mot dei andre handskriftene er små og truleg umedvitne, og kan heller ikkje karakteriserast som tydingsskiljande. I to av tilfella er det sett inn konjunksjonar (“ok”, “en”), medan det i det siste tilfellet er sett inn ein apposisjon (“Magnús konungr Óláfsson” i 39, mot berre “Magnús Óláfsson” i dei øvrige).

b) Utelating

Tabell 5-20. Utelating i 39 vs. K, E og F.

39		K (HkrFJ III)		E		F	
8.13	hopr þongá oc fva þe. Sva þeir	5.6	hefi fong á, at hans styrkr mætti mestr verða, bæði fjqlmenni þat, er ek á forráð á, ok svá fé; svá þeir	7.24	hæfi fong á at <i>hans</i> styrkr megi sem mestr uerða bæðe fe ok þat fiolmemmi allt er ek hefi forrað <i>sua</i> þeir	168.23	hefi fang a. Sva ok þeir

Den einaste utelatinga i 39 der samstundes alle handskriftene stár mot kvarandre, er i eit større tekststykke frå talen til Astrid Olofsdotter, enkja etter Olav den heilage, på tinget ved Sigtuna. Samanliknar ein 39 med K, kan ein klassifisera utelatinga i 39 som ein *saut du même au même*, eit hopp frå det same til det same. Dette er ein feiltype der skrivaren finn det same ordet to gonger innanfor ein relativt liten del av teksten, i dette tilfellet “á” (i tillegg er orda “forráð” og “fong” ikkje så ulike i paleografisk/ortografisk samanheng, då

begge tek til med ‘f’ og i paleografisk samanheng også truleg ein ‘o’). Dinest skriv han så av teksten fram til det første tilfellet av “á”, før han ser attende på førelegget. Der festar han så umedvite blikket på den andre førekomsten av “á”, og held fram med å skriva av derifrå.⁴¹ Dette kan greitt forklára utelatinga i 39 i høve til K, men ikkje i høve til dei andre to handskriftene. E har berre ei mindre utelating (“ok svá fé”), som dessutan kan sjåast som ein transposisjon i høve til K, ettersom orda “fé ok” er sette inn framanfor “fjqlmenni”. Utelatinga i F er endå større enn i 39, ettersom dette handskriftet har utelatinga i 39 pluss utelatinga i E. Det bør i denne samanhengen nemnast at F ser ut til å forkorta ein annan del av teksten heilt i starten av *Magnúss saga góða* (sjå nedanfor under tilføyingar i 39, K og E, frå s. 76), slik at denne utelatinga i F også kan tenkjast å vera medviten.

c) Transposisjon

Det einaste tilfellet av transposisjon (sjå tab. A-28) der 39 står åleine mot dei øvrige handskriftene, er uvesentleg og ikkje tydingsskiljande, då det er apposisjonen “hinn helgi” som skiftar litt plassering i høve til “Óláfr konungr”.

d) Morfologisk avvik

Tabell 5-21. Morfologisk avvik mellom 39, K, E og F.

39		K (HkrFJ III)		E		F	
7.21	herr i <u>homlo</u>	4.5	hirð til hømlu	7.10	hírð at haumlu	168.10	hirð i homlur

Skilnaden her er større enn det ved første augnekast kan sjå ut til. Det morfologiske avviket ligg i både kasus og numerus. F har akkusativ pl. av substantivet “hamla” (rom eller rorsplass på eit skip). 39, K og E har eintalsformer. Her sluttar også likskapen mellom dei tre handskriftene, ettersom dei nyttar kvar sitt kasus: 39 har truleg akkusativ (styrt av “í”) ettersom det etter alt å døma tale om er rørsle til staden (rommet), K har genitiv (styrt av preposisjonen “til”), medan E har dativ (styrt av “at”). Tydingsskiljande er likevel ikkje dette avviket, men det er likevel interessant å sjå at også *Morkinskinna* har frasen “hird j homlur”.⁴² F har seinare i HkrIII, til liks med handskriftene i y-klassen, ei rekkje innskot frå nettopp *Morkinskinna*.⁴³

41. Jf. t. d. Reynolds og Wilson 1974, s. 204, eller Kyrkjebø 2001, s. 34.

e) Leksikalske avvik

Tabell 5-22. Leksikalske avvik i 39 vs. K, E og F.

39		K (HkrFJ III)		E		F	
7.21	<u>herr</u> i homlo	4.5	hirð til hømlu	7.10	hírð at haumlu	168.10	hirð i homlur
8.13	<u>þeirar</u> þerðar raða með honom	5.8	þessar ferðar ráðask með honum	7.26	þesar ferðar raða með honom	168.23	þessarrar ferþar raða

Dei leksikalske avvika er heller ikkje store. Tydingsskilnaden mellom “herr” (39) og “hirð” (K, E, F) må seiast å vera minimal. Begge orda tyder i denne samanhengen hærfløkk, mannskap, sjølv om “herr” i følge Johan Fritzners (1812–1893) *Ordbog over Det gamle norske Sprog* visstnok er nytta mest om fiendehær. At 39 nyttar det demonstrative pronomenet “sá” (“den”) medan dei øvrige nyttar “sjá”/“þessi” (“denne”), kan til naud tolkast som ein liten feil i 39. Tydingsskilnaden er likevel minimal også her, og alle står i genitiv sg. f. i samsvar med “ferðar”.

f) Forvanskingar/mistydingar

Tabell 5-23. Forvanskingar/mistydingar i 39 vs. K, E og F (utdrag).

39		K (HkrFJ III)		E		F	
8.5	call er <u>ahvgröm</u>	4.17	kallat er á Høngrum	7.18	kallat er á Haungrom	168.15	heitir a Hvngrom

Forvanskingane og/eller mistydingane i denne bolken er alle av typen skrivefeil. Til dømes er eksempelet ovanfor ei utegløyning av nasalstrek over ‘v’. Dei andre to tilfella (sjå tab. A-31) er ei utegløyning av ‘o’ i “eggrjóðandi” og to (eller tre, jf. F) manglande bokstavar i “launa”.

g) Øvrige avvik

Dei øvrige avvika vil eg karakterisera som korkje tydingsskiljande, redaksjonelle eller medvitne. Dei ortografiske avvika (tab. A-32) går i hovudsak attende på skrivaren sine eigne preferansar og opplæring, medan tilfellet av dittografi (tab. A-33) er ein typisk

42. Msk 19.37.

43. Jf. t. d. Jakob Benediktsson 1959 og Louis-Jensen 1977.

skrivefeil. Mellom dei uvanlege ortografiske formene kan ein til dømes trekka fram den synkoperte partisippforma “calt” for det vanlege “kallat”.

5.4.2 Felles leseemåtar i 39 og K

a) Tilføyingar

Tabell 5-24. Tilføyingar i 39 og K vs. E og F (utdrag).

39		K (HkrFJ III)		E		F	
8.23	n v	6.5	nú		[vantar]		[vantar]
10.2	Enn menn Sveins konungs þegar er þeir spvrdv	8.13	En menn Sveins konungs, þegar er þeir spurðu	8.31	En menn Sveins konvngs huerir er spurðo	169.27	Enn þegar er menn Sveins konvngs Alfifosonar spvrðo

Tilføyning av apposisjon er det tre eksempel på i denne kategorien (sjå tab. A-34), “konungr” og “jarlaskáld” (to gonger). Ingen av desse tilføyningane er viktige, men dei er likevel tydingsskiljande ettersom dei er presiserande tillegg. Det same kan ein ikkje seia om “nú”. Det er eit heilt uturvande tillegg i 39 og K, ettersom “nú” dukkar opp ein gong til litt seinare i den same setninga (i 39 og K): “(...) þá er þat nú drengskapr at fara nú (...)”. Tilføyninga “ok svá fé” har eg kort nemnt ovanfor (s. 69). Den må reknast som eit tydingsskiljande avvik i høve til F, men ikkje til E, ettersom dette handskriftet har sett inn orda “ok fé” på ein litt annan stad i setninga. Den siste tilføyninga i 39/K er det maskuline demonstrativet “þeir”, som peikar attende på “menn Sveins konungs”. At det er plassert her i 39/K, har samanheng med plasseringa av “þegar er” like framanfor. Ei plassering av desse to orda slik F har, gjer det ikkje naudsynt å ha med “þeir”. Denne tilføyninga er ikkje av vekt for korkje meininga i eller tydinga av setninga.

b) Utelatingar

Ingen av utelatingane i 39 og K (sjå tab. A-35) vil eg karakterisera som tydingsskiljande. At E og F har forskjellige ord i desse to eksempla er med på å understreka det. I omsetjing vil eksempla frå første setninga lyda omlag slik: “Sidan fór kong Magnus austfrá gjennom Jemtland og over Kjølén og [+ så E; + kom F] ned i Trondheimen.” Skilnaden i det andre eksempelet er endå mindre: “[+ Og F] Det kom [+ då E] godt med folk til honom.”

c) Transposisjon

Heller ikkje nokon av transposisjonane i 39/K (sjå tab. A-36) er av tydingsskiljande eller redaksjonell karakter. Dei støttar derimot opp under den gamle oppfatninga om at 39 og K er nært i slekt med kvarandre, ettersom alle fire eksempla viser at teksten i desse to handskriftene er så å seia identisk. Det einaste unnataket er der 39 tilføyer konjunksjonen “ok” i starten av ei setning (sjå s. 69). I to av tilfella gjeld transposisjonane berre tilhøvet mellom 39 og K (“orðum sínum”, “þegar er”) på den eine sida, og F (“sínnum orðum”, “þegar er”) på den andre, ettersom E har leksikalske avvik i dei tilfella (“sínnum ræðum”, “hverir er”). Eitt tilfelle har dessutan ei tilføyning i F (“at hefja”) i høve til 39 og K (og E).

d) Morfologisk avvik

Tabell 5-25. Morfologisk avvik i 39 og K vs. E og F.

39		K (HkrFJ III)		E		F	
8.21	er nackv ^v ir ræyfti <i>menn</i> pilia <u>vera</u>	6.2	er nøkkurir hreystimenn vilja vera	8.1	er nockqora hreysti vilia drygia	168.30	sem nockurir hreystimenn ero

Det finst fleire avvik i tekstutdraget ovanfor, men berre eitt er relevant for denne tabellen. Det morfologiske avviket er mellom 39/K og F, ettersom F har 3. person pl. presens indikativ av verbet “vera” medan 39/K nyttar infinitiv. E har akkurat her eit leksikalsk avvik i høve til dei andre tre handskriftene. Det morfologiske avviket er ikkje tydingsskiljande.

e) Leksikalske avvik

Tabell 5-26. Leksikalske avvik i 39 og K vs. E og F.

39		K (HkrFJ III)		E		F	
8.16	liðfemðar við hann þa	5.12	liðsemðar við hann, þá	7.29	sæmðar við hann þat	168.26	liðz honom þa
8.25	til með astríði at fylgia henni til Noregf. Þes getr	6.7	til með Ástríði at fylgja honum til Nóregs; þess getr	8.6	til með henni at fylgia Mag- nusi til Nóregs. Þes getr	168.34	til þess at fylgia henni i Noregi. Sva segir
10.4	þar	8.15	þar	8.33	þa		[vantar]

Tydingsskilnaden er ikkje stor i nokre av desse leksikalske avvika. “Liðsemð” (39/K) og “liðz” (F) tyder i hovudsak det same her, altså (folke-)hjelp. Ein større skilnad har ein i “sæmð” (E) som eigentleg tyder ære, eit ærefullt tilbod eller gáve. I dette tilfellet er nok det siste alternativet det beste, altså gáve. Skilnaden mellom “þar” (39/K) og “þá” er i kontekstuell samanheng også minimal, ettersom “þar” også kan tyda “på den tid”, altså synonymt med “þá”.

Det siste eksempelet på leksikalsk avvik er i ei setning som ser ut til å ha forvirra mang ein avskrivar av denne teksten. Den som skal fylgjast til Noreg, er sjølvsagt Magnus Olavsson. Eg hellar likevel til at varianten i 39 kan vera den rette, ettersom også Astrid ser ut til å villa vera med Magnus til Noreg, og ettersom det er ho som held talen der ho freistar å få svenskane til å vera med seg, er det ikkje noko i vegen for at folket følgjer Magnus *gjennom* Astrid. Ved å følgja Astrid til Noreg, følgjer dei også Magnus til Noreg. Sjølve det leksikalske avviket er i denne samanhengen likevel mellom “Ástríði” (39/K), “henni” (E) og “þess” (F). Tydingsskilnaden mellom 39/K og E er minimal, sjølv om Astrid er meir presiserande enn henne. F har derimot ein litt annan konstruksjon her, men i kontekstuell samanheng er skilnaden også her minimal.

f) Ortografisk avvik

Tabell 5-27. Ortografisk avvik i 39 og K vs. E og F.

39		K (HkrFJ III)		E		F	
9.13	ekiŋ	7.11	ekin	8.18	eikin	169.15	eikin

Det einaste avviket eg har klassifisert som ortografisk finst i Þjóðolfr Arnórsson's *Magnús-flokkur*. Her har 39 og K forma “ekin”, medan E og F har “eikin”. Etter Finnur Jónsson har 39/K det rette, og han tolkar det som eit partisipp av verbet “aka”. Saman med substantivet “rá”, gjev han tydinga “den drejede sejlstang.”⁴⁴ Personleg ser eg ikkje noko i vegen for at denne tolkinga er rett, men på den andre sida kan det etter mi meining like gjerne vera berre ei skipsmast som er den rette tydinga av “e(i)kin rá”,⁴⁵ og at dermed forma i E og F er den «rette». Noko anna tyding er det vanskeleg å leggja i varianten derifrå. Den same variasjonen mellom “Eikin” og “Ekin” finn ein dessutan i strofe 27 i eddadiktet *Grímnismál*, der det er eit elvenamn. Skilnaden må dermed oppfattast som tydingsskiljande berre *dersom* Finnurs tolking er den rette.

44. Skj B I, s. 332. Jf. *Lexicon poeticum antiquæ linguæ septentrionalis*, under oppslagsordet “aka”.

45. Eik var det viktigaste treslaget i skipsbygging, noko som vert understreka ved at “eik” også vart nytta i skaldskapen som ei kenning for skip. Sjå t. d. under oppslagsorda “bátbyggeri” og “eik” i *KLNM*.

5.4.3 Felles leseátar i 39, K og E

a) Tilføyingar

Tabell 5-28. Tilføyingar i 39, K og E vs. F.

39		K (HkrFJ III)		E		F	
8.1	her segir at magnus konungr þa er hann þo: aultan ór garþa riki. at hann siglði þýrft til fuiþioðar oc upp til ligtuna.	4.11	Hér segir, at Magnús konungr, þá er hann fór austan ór Garðaríki, at hann siglði fyrst til Svíþjóðar ok upp til Sigtúna.	7.12	Her segir at Magnus konungr þa er hann for austan or Garða riki at hann siglði fyrst til Suiðþioðar ok upp til Sigtuna.	168.12	Her segir at hann siglði fyrst til Sigtvna.
8.5	en a þvi þingi talaþæ astriðr oc lagði sva	4.17	En á því þingi talaði Astriðr ok segir svá	7.18	En á þingino talaðe Astriðr drott(ning) sagðe sua	168.16	A þvi þingi talaði Astriþr ok mællti sva
8.13	þeirar ferðar raða með honom	5.8	þessar ferðar ráðask með honum	7.26	þesar ferðar raða með honom	168.23	þessarrar ferþar raða
8.14	þvllcomna	5.9	fullkomna	7.27	fullkomna		[vantar]
8.17	Síðan talaþi hon	5.13	Síðan talaði hon	7.30	Síðan talaðe hon	168.26	Hon talaði
8.17	en er hon hætti. þa fvo:þo mar- gir	5.14	en er hon hætti; þá svgruðu margir	7.31	En er hon hætti, þa svvara mar- gir	168.27	þa svvaroðo margir ok
8.20	legia þeir	5.17	segja þeir	7.34	sogðu þeir		[vantar]
8.21	er nackvri ræýfti menn þilia vera	6.2	er nökkurir hreystimenn vilja vera	8.1	er nockqra hreysti vilia drygia	168.30	sem nockurir hreystimenn ero
8.24	orðom linum oc liðveizlo	6.6	orðum sínum ok liðveizlu	8.5	sinom røðom ok liðueizlu	168.33	sinom orðom
10.17	monnom iarmennin gar oc fyllo:	9.12	mönnum í ármennin gar ok í sýslur	9.12	monnom í ármennin gar ok syslor	170.4	ármennin gar ok syslor

Det er etter måten mange tilføyingar i handskriftene 39/K/E som står saman mot F. Dette er med på å understøtta ein hypotese om at F anten har forkorta ein del i starten av *Magnúss*

saga góða, eller at det går attende på eit førelegg som er nokså forskjellig frå førelegget/førelegga til dei andre tre handskriftene. Mange av tilføyningane i denne delen er i tillegg tydingsskiljande, sjølv om nokre av dei er små og uvesentlege.

Det største avviket er i kapittel 1 (etter HkrFJ) av *Magnúss saga*. Der vert ei lang setning i 39, K og E korta ettertrykkeleg ned i F, som berre fortel: “Her vert fortalt at han sigla først til Sigtuna.” Det kan tenkjast at vi her har to tilfelle av *saut du même au même* like etter kvarandre. Skrivaren må då ha hatt ein svært dårleg dag, og eg ser det ikkje som særleg sannsynleg at dette er tilfelle. Den første tilføyinga startar med “at Magnús konungr”, medan F hoppar til det neste “at” i “at hann siglði”. På same måte er det i den andre tilføyinga, som tek til med “til Svíþjóðar”, medan F hoppar til “til Sigtúna”. Denne tilføyinga (eller utelatinga i F) er så stor, at eg nok hellar til at det er eit medvite avvik, anten i F eller i førelegget for det. Men på same tid kan ein ikkje heilt utelukka at skrivaren i F nettopp har vore svært ukonsentrert medan han skreiv av dette tekststykket, slik at det verkeleg er to tilfelle av *saut du même au même*.

Det neste avviket er minimalt – ei tilføying av konjunksjonen “en” i starten av ei setning. Tydinga er den same, men med eit “og” i starten av setninga. Tilføyinga “með honum” er vel eigentleg ikkje naudsynt for forståinga av konteksten, men må reknast som eit presiserande tillegg. Det same gjeld også for “fullkomna” og “síðan”, sjølv om “fullkomna” også er med på å understreka kor stor vekt Astrid legg på at folk skal vera med Magnus. Dei tre siste avvika vil eg rekna som tydingsskiljande, men i liten grad.

Tilføyinga “en er hon hætti” (og då ho slutta [å snakka]) er også tydingsskiljande, men i relativt liten grad. Den neste setninga (“þá svöruðu margir”) impliserer sjølv sagt at ho *har* slutta å snakka. Den neste tilføyinga (“segja/sögðu þeir”)⁴⁶ er uvesentleg for tolkinga, ettersom det alt er gjort klårt kven som snakkar. Tilføyinga er likevel redaksjonelt tydingsskiljande, ettersom innskotet definerer (bi-)setninga like framanfor som direkte tale. Verbet “vilja” er også lagt til i 39, K og E, ettersom det fungerer som hjelpeverb til den følgjande infinitiven “vera” (i E: “drýgja”). Modus, numerus og tempus i “vilja” svarar til “eru” i F. Det er ingen tydingsskilnad i dette.

46. Variasjonen i tempus skuldast oppløysing av forkortingar (.f.) i presens av både Finnur Jónsson og meg, medan E har forma “sögðu” skriven heilt ut. Ser ein strengt på det, er forma i E den mest nærliggjande å rekna for rett, ettersom dei fleste andre verba i avsnittet har preteritum som tempus.

“Ok liðveizlu” er ei tilføyning som også má reknast som tydingsskiljande i liten grad, og som eit presiserande tillegg. Den kontekstuelle samanhangen vert likevel ikkje endra: “(...) Astrid fekk laga det slik med orða [rødene E] sine [+ og si hjelp 39, K, E], at (...)”.

Den siste tilføyninga er tydingsskiljande. At Magnus “skipa bygdene i årmenningar og sysler” (F) er innhaldsmessig forskjellig frå at Magnus “skipa menn i årmenningar og sysler i bygdene/herada” (39/K/E), altså at han sette inn årmenn og systemenn i bygdene. No impliserer likevel det å skipa sysler og årmenningar at desse har einkvan til å administrera seg, slik at tydingsskilnaden ikkje er stor. Samla sett er det likevel påfallande mange utelatingar i F i høve til dei tre andre handskriftene i starten av *Magnúss saga góða*.

b) Utelatingar, transposisjonar og morfologiske avvik

Ingen av utelatingane i 39, K og E kontra F er viktige (sjå tab. A-41). Av i alt sju utelatingar er fire av dei utelatne konjunksjonar, eitt demonstrativt pronomen (“allir” i 39/K/E vs. “þeir allir” i F), eitt tidsadverb (“þegar”) og ein apposisjon med metronymet til kong Svein.

Det same gjeld dei tre transposisjonane i 39, K og E versus F (tab. A-42), så vel som dei to morfologiske avvika (tab. A-43). Ingen av dei kan karakteriserast som tydingsskiljande.

c) Leksikalske avvik

Tabell 5-29. Leksikalske avvik i 39, K og E vs. F (utdrag).

39		K (HkrFJ III)		E		F	
7.13	<u>Taca þeir at bua</u> lkip fiŋ	3.3	taka þeir at búa skip sín	7.3	taka þæir at bua skíp sín	167.37	bioggv þeir skip sin þegar
8.20	<u>opufir</u> þeffarar	6.1	ófúsir þessarrar	7.34	ófusir þesar	168.29	obvnir til þessarrar
8.21	<u>er</u> nackvriŋ ræýfti menn þilia vera	6.2	er nökkurir hreystimenn vilja vera	8.1	er nockqra hreysti vilia drygia	168.30	sem nockurir hreystimenn ero
9.1	lvpi	6.10	lofi	8.8	lófi	169.2	liði
9.8	amænzco	7.1	á mensku	8.14	a menzku	169.5	átt mennzko

Langt dei fleste leksikalske avvika er relativt uvesentlege og ikkje tydingsskiljande, jf. tab. A-44. Ein kan nemna preposisjonsbyte (“í” vs. “yfir”, “um” vs. “of”), “síðan” versus

“eptir þat”, “sagði” kontra “mælti”, “kallat er” mot “heitir” og “þess getr” mot “svá segir”. Litt meir interessant er kan henda tilfellet av samanlikningspartikkelen “sem” i funksjon som relativpartikkel i F, mot det meir vanlege “er” i dei øvrige handskriftene. Etter Marius Nygaard synest dette å opptre tidlegare i Noreg enn på Island.⁴⁷

Viktigare leksikalske avvik er det også å finna her. Heilt i starten på *Magnúss saga góða* vert det i 39/K/E fortalt følgjande: “taka þeir at búa skip sín, er ísa leysti um várit”. F fortel her omlag det same, men med litt andre ord: “bjöggu þeir skip sín þegar er ísa leysti um várit”. Tydingsskilnaden er likevel minimal, og det er lite truleg at det ligg noko medvite i dette avviket.

Større tydingsskilnad er det der 39/K/E har “ófúsir” (ulystne) medan F har “óbúnir” (ubudde). Det er relativt stor meiningskilnad på å ikkje ha lyst til å gjera noko, og det å ikkje vera budd til å gjera noko.

I Sigvatr Þórðarsons dikt om dronning Astrid er F det einaste handskriftet som har “líði” medan dei øvrige har variantar av “lofi”.⁴⁸ Dette er truleg ein feil i F frå skrivaren si side. Avviket er tydingsskiljande i den grad at F ikkje gjev meining her om ein tek omsyn til Finnur Jónssons tolking av kvadet: “Getum hála launa lofi ossu hrein hnøssfjöld dætr Áleifs”/“Jeg vil smukt lønne Olafs datter, (...) de mange lydefri kostbarheder med mit lovkvad”.⁴⁹ Det same kan seiast om det siste avviket i tabellen ovanfor (“á” vs. “átt”), som er frå siste strofa i kvadet.

d) Ortografiske avvik

Begge dei ortografiske avvika (tab. A-45) i 39/K/E vs. F skuldast etter alt å døma skrivefeil i F. Dermed er desse avvika neppe medvitne.

47. Nygaard 1906/1966, § 263.

48. Jf. Skj A I, s. 248.

49. Skj B I, s. 231.

5.4.4 Felles leseátar i 39, K og F

a) Tilføyingar

Tabell 5-30. Tilføyingar i 39, K og F vs. E.

39		K (HkrFJ III)		F		E	
8.5	en a þvi þingi talaþæ <i>astriðr</i> <i>oc</i> fagði sva	4.17	En á þvi þingi talaði Astriðr ok segir svá	168.16	A þvi þingi talaði Astriþr ok mælli sva	7.18	En á þingino talaðe Astriðr <i>drótt(ning)</i> sagðe sua
10.1	vm iamtaland <i>oc</i> vm kiol	8.11	um Jamtaland ok um Kjøl	169.26	vm Jamtaland ok vm Kiol	8.30	 um Kiøl

Tilføyinga av “ok” er uvesentleg, og endrar ikkje den kontekstuelle tydinga av teksten i denne samanhengen. Derimot må ein rekna tillegget “um Jamtaland ok” som tydingskiljande. Etter alt å døma er dette eit tilfelle av *saut du même au même* i førelegget til E,⁵⁰ om det då ikkje er ei medviten utelating der.

b) Utelatingar og transposisjonar

Tabell 5-31. Utelatingar i 39, K og F vs. E (utdrag).

39		K (HkrFJ III)		F		E	
	[vantar]		[vantar]		[vantar]	7.18	af Svíom

Ingen av utelatingane i 39, K og F versus E er tydingsskiljande i stor grad. Preposisjonsfrasen “af Svíom” i E må karakteriserast som eit presiserande tillegg i det handskriftet, men det er korkje naudsynt eller kontekstuel tydingsskiljande ettersom det er innlysande at det er svearne som vert kalla inn til ting. Dei øvrige er av same typen, men endå mindre vesentlege (jf. tab. A-47).

Heller ikkje nokon av transposisjonane er tydingsskiljande (tab. A-48).

50. Den same utelatinga førekjem i J2 (AM 38 fol.), jf. HkrFJ III, note til 8.11.

c) Morfologiske avvik

Tabell 5-32. Morfologiske avvik i 39, K og F vs. E (utdrag).

39		K (HkrFJ III)		F		E	
8.5	en a því þingi talaþæ <i>astriðr</i> <i>oc</i> <i>lagði sva</i>	4.17	En á því þingi talaði <i>Astriðr</i> ok segir svá	168.16	A því þingi talaði <i>Astriþr</i> ok mællti sva	7.18	En á þingino talaðe <i>Astriðr</i> <i>drött(ning)</i> sagðe sua
8.15	vil raða til <i>ferðarinnar</i>	5.10	skal ráðask til <i>ferðarinnar</i>	168.24	vil raða til <i>ferþarinnar</i>	7.28	<i>skal</i> raðaz til <i>ferðar</i>
8.21	er <i>nackvri</i> ræýfti <i>menn</i> pilia <i>vera</i>	6.2	er nøkkurir hreystimenn vilja vera	168.30	sem nockurir hreystimenn ero	8.1	er nockora hreysti vilia drygia

Dei morfologiske avvika er også lite vesentlege. Det første eksempelet med “því þingi” i 39/K/F mot “þinginu” i E, kan også reknast som ei tilføyning i og med at “því” ikkje finst i E. Likevel meiner eg at det i dette tilfellet er rettare å definera avviket som eit morfologisk avvik, av di demonstrativet fungerer som ein framanfor stilt bunden artikkel, svarande til den bundne forma i E.

Bunden form har ein også i “ferðarinnar” i 39/K/F, medan ein har ubunden form i E. Kasusvariasjonen i “nøkkurir” versus “nøkkurra” skuldast at “nøkkurir hreystimenn” er subjektspredikativ i 39, K og F. Dermed står det i m. pl. nominativ. I E ser det ut til å stå i f. sg. akkusativ, ettersom “hreysti” er eit feminint substantiv. I tillegg tek verbet “drygja” akkusativ. Tydingsskilnad er det ikkje i det morfologiske avviket.

Elles er det variasjon i numerus, kasus og tempus som er det vanlege i dei morfologiske avvika. Ingen av dei er tydingsskiljande, jf. tab. A-49. Det kan stillast spørsmålsteikn om nominativforma “Ástri(ðr)” i E i det heile skal tolkast som ein skilnad. Oppløysinga må stå for Finnurs rekning i hans utgåve av *Eirspennill*, og høyrer eigentleg ikkje heime her. Den er heller ikkje markert som nominativ i den unormaliserte teksten av skaldediktet i *Den norsk-islandske Skjaldedigtning*.⁵¹

51. Skj A I, s. 248, note til 9, strofe 1.

d) Leksikalske avvik

Tabell 5-33. Leksikalske avvik i 39, K og F vs. E.

39		K (HkrFJ III)		F		E	
8.21	er nackv ^{ir} ræýfti <i>menn</i> píllia vera	6.2	er nøkkurir hreystimenn vilja vera	168.30	sem nockurir hreystimenn ero	8.1	er nockora hreysti vilia drygia
9.18	vm	8.1	um	169.20	vm	8.25	of
9.20	vm	8.4	um	169.23	vm	8.26	í

Tydingsskiljande leksikalske avvik finn vi berre i det første tilfellet i tabellen ovanfor. Tydingsskilnaden er likevel ikkje stor, ettersom 39/K/F har “vil vera [er F] djerne menn” der E har “vil visa djervskap”. Sjølve dei leksikalske avvika er mellom “hreystimenn” og “vera/eru” i 39/K/F og “hreysti” og “drygja” i E. Dei andre to avvika er minimale preposisjonsbyte.

e) Ortografiske avvik

Tabell 5-34. Ortografiske avvik i 39, K og F vs. E (utdrag).

39		K (HkrFJ III)		F		E	
7.16	ormfetrí	3.11	ormsetrs	168.2	ormsetrs	7.7	ormsetr ^a
9.1	hræin	6.9	Hrein	169.1	Hrein	8.7	Hueim

a. Såleis etter Skj A I, s. 338, og handskriftfotografi. Utgåva har det feilaktige “ormsett”.

Ingen av dei ortografiske avvika vil eg tolka som tydingsskiljande. Det første eksempelet med “ormsetrs” vs. “ormsetr”⁵² kan i så måte tolkast som eit morfologisk avvik, ettersom det tilsynelatande er skilnad i kasus her. Eg har likevel plassert det her av di konteksten i kvadet der ordet høyrer heime, Arnórr jarlaskálds *Magnúsdraða*, krev genitiv og ikkje nominativ slik E har. Dermed er dette etter alt å døma ein skrivefeil i førelegget for E. Ein tilsvarande skrivefeil i E (og J2)⁵³ ser ein i Sigvats kvad om dronning Astrid, der 39, K og F har “hreim”, medan E har “hueim” som klårt må vera ein feil.

Dei øvrige avvika er uvesentlege, og eg viser til tab. A-51 for eit oversyn over dei.

52. Forma i E finst også i J2, og skuldast vel truleg dermed eit felles førelegg.

53. Jf. Skj A I, s. 248.

5.4.5 Felles leseátar i 39 og E

Eg vil ikkje rekna nokon av leseátane der 39 og E stár saman mot dei to andre handskriftene i dei tre første kapitla av *Magnúss saga góða*, som tydingskiljande, og ser det dermed ikkje som naudsynt á drøfta dei her. Der er berre tale om fire tilfelle: ei tilføyning (tab. A-52), ei utelating (tab. A-53) og to leksikalske avvik (tab. A-54).

5.4.6 Felles leseátar i 39, E og F

a) Utelating

Den einaste staden eg har funne ei utelating der 39, E og F stár saman mot K, er i ei utelating av preposisjonen “í”, jf. tab. A-55. Dette avviket er ikkje tydingskiljande.

b) Morfologiske og leksikalske avvik

Tabell 5-35. Morfologiske avvik i 39, E og F vs. K.

39		E		F		K (HkrFJ III)	
8.13	þeirar þerðar raða með honom	7.26	þesar ferðar raða með honom	168.23	þessarrar ferþar raða	5.8	þessar ferðar ráðask með honum
9.14	þrautar	8.19	þrautar	169.16	þrætar	7.12	þræta

Tabell 5-36. Leksikalsk avvik 39, E og F vs. K.

39		E		F		K (HkrFJ III)	
10.7	íþrænfcar	9.3	í þrænskar	169.33	í þrænskar	8.19	í þrønða

Desse avvika er heller ikkje tydingskiljande i nokon måte. K har til dømes ei reflektivform av verbet “ráða” i motsetnad til 39, E og F. Tydinga er likevel den same. Eg har kategorisert “þrænskar” kontra “þrønða” som eit leksikalsk avvik, ettersom det første er eit adjektiv og det andre eit substantiv i genitiv. Orda har likevel same opphav då adjektivet er danna av substantivet, og dei tyder det same i denne konteksten. Slik sett kan det også tolkast som eit morfologisk avvik.

5.4.7 Felles lese­måtar i 39 og F

Heller ikkje i lese­måtene der 39 og F står saman mot K og E, har eg funne avvik som eg vil karakterisera som tydingsskiljande i stor grad. Eg går dermed heller ikkje her i detalj gjennom alle avvika, men viser til dei aktuelle tabellane i vedlegget (frå tab. A-58 til tab. A-63). Til dømes har 39 og F “øllum mǫnnum” der K og E berre har “øllum”. I kontekstuell samanheng er dette eit uvesentleg avvik.

Mellom utelatingane har 39 og F utelate det personlege pronomenet “ek” i ei strofe av *Magnúsdraða*, men verbet står i 1. person sg. og det er dermed ikkje mykje rom for mistyding. Rett nok kan også forma “veit” vera 3. person sg., men konteksten gjer ei slik tolking vanskeleg.

Elles tolkar eg “sighvataztr” i 39 og F som ei forvansking eller mistyding av det rette “sigrhvatastr” (den kvassaste i siger) i K og E. Forvanskinga grunnar truleg i namnet Sig(h)vatr, som er mannen bak kvadet som ordet står i.

5.5 Oppsummering

5.5.1 Oppsummering av teksttilhøva i 39 og K

Det er skilnader mellom 39 og K i denne delen av teksten, men utanom avviket i *Glælognskviða* (“Enn herr manns”) er ingen av dei særleg store på isolert grunnlag. Avviket i *Glælognskviða* er interessant, særskilt om ein ser det i samanheng med dei andre avvika i kvadet som kjem fram nedanfor i 39 og E. Det er i tillegg påfallande at det i berre *ei* spalte (pluss to linjer) av blad 11r i 39 er heile 32 avvik frå K, eit handskrift som skal vera nært i slekt med 39. Av desse avvika er ti tilføyingar eller utelatingar, medan åtte er leksikalske avvik.

Ein reknar til vanleg med at skaldekvad er konservativt overleverte ut frå dei strenge krava til metrikk og allitterasjon i denne sjangeren. Eg er difor freista til mellombels å konkludera at dersom ikkje skrivaren av 39 sjølv har retta teksten i *Glælognskviða* ut frå prosateksten, slik Magerøy meiner,⁵⁴ er avviket i kvadet eit sterkt indisium på at 39 har hatt eit anna førelegg enn K. Ut frå totaliteten i teksten, må dette rett nok ha vore eit førelegg i

54. Magerøy 1948, s. 13. “Skrivaren i 39 kan ha retta teksta i kvædet etter dette ordlaget hjå Snorre i førelaget.”

nær slekt med K, men ikkje identisk med det. Eit felles sams førelegg for 39 og K kan vanseleg tenkjast å produsera så mange avvik mellom dei to handskriftene.

5.5.2 Oppsummering av teksttilhøva i 39, K og E

I dei til saman 23 avvika der 39 står åleine mot K/E i *Sveins saga Alffusonar*, vil eg konkludera med at det ikkje er eitt einaste avvik som kan definerast som tydingsskiljande. Tilføyinga, utelatingane og dei leksikalske avvika kan likevel peika i retning av forskjellige førelegg.

39 og E har til saman 27 lesemåtar felles der dei står mot K. Av desse vil eg rekna seks som særskilt viktige. Til samanlikning har 39 og K heile 45 lesemåtar der dei står saman mot E, men her er det berre tre eg vil rekna som særleg viktige.

Tabell 5-37. Særskilt viktige tydingsskiljande og/eller redaksjonelle lesemåtar.

39		K (HkrFJ II)		E	
2.16	<i>oc þær er fiðar hafa go:zc</i>	522.2	ok þær er síðarr hafa gqrzk		[vantar]
2.18–20	Bið þu olaf at <i>hann unni þer hann er gvðf maðr grvndar fiŋnar þa er þu recr þirir</i> regin nagla boka malf bænir þinar þui at <i>hann</i> getr ap <i>goði</i> fialþom ar <i>oc</i> þrið ollom maunnom	521.9–10	Bið þú <i>Olaf</i> at hann unni þér (hann er guðs maðr) grundar sinnar; hann um getr af goði sjölfum ár ok frið ollum mǫnnum, þar er þú rekr fyr reginnagla bóka máls bænir þínar.	3.8–11	Bið þu <i>Olaf</i> at <i>hann arni þer hann</i> er guðs maðr grvndar sinnar þa er þu rekr <i>firi</i> reginnagla boka mals bænir þui at <i>hann</i> getr af gvði sialfom ár ok frið ollom maúnnom.
2.19	bænir þinar	521.10	bænir þínar	3.9	bænir
2.19	þui at <i>hann</i> getr	521.3	hann um getr	3.10	þui at <i>hann</i> getr
2.22	<i>nacveria <v>etr hann var bernfer beði at allðri oc at raðom</i>	523.16	nǫkkura vetr; hann var bernskr bæði at aldri ok at ráðum	3.13	nǫkkora rið <i>hann</i> uar bęrnskomaðr bæðe at allðri ok raðom
4.7	<i>með honom þlestir *lendir menn</i> o: þrandheimi.	525.8	flestir lendir menn með honum ór Þrandheimi. Einarr þam barskelfir settisk heima ok vildi eigi fara með Sveini konungi.	4.24	með <i>honom</i> flestir lendir <i>menn</i> or Þrandheimi.

Tabell 5-37. (framhald) Særskilt viktige tydingsskiljande og/eller redaksjonelle leseátar.

39		K (HkrFJ II)		E	
4.23	með Sveini konungi. einar þambarfœlfir hafði oc heima setið.	526.5	með konungi.	5.4	með Sveini konynki. Eínar þambarskelfir hafðe ok heima setið.
5.14	gaþlocom	527.3	senn gaflqkom	5.19	gaflqkom
6.22	neþi þoðorlæipð liþmi	529.10	fái fjoðurleifð sina	6.19	nai fjoðorleifð sinmi

Det første tilfellet i denne tabellen (“ok þær er síðarr hafa gqrzk”) har eg diskutert kort ovanfor på s. 63, og nemnt at dette kan gå attende på forskjellige førelegg. Dette kan likevel vera ein særfeil i E, då helst ei utegløyming eller utelating. Diverre har *Jofraskinna* lakune her, og J2, som elles ofte står saman med E, er fylt ut etter K. Om det er tilfelle at dette er ein særfeil vert dette avviket ikkje så viktig likevel. Dette er elles den einaste staden i *Sveins saga Alfifusonar* der 39 og K står saman om ei viktig tilføyning. Den andre tilføyinga i 39 og K (“þinar” i *Glælognskviða*) ser eg ikkje som så viktig i høve til samhøvet mellom handskriftene, av di 39 og E nettopp i dette kvadet har mykje meir til felles enn 39 og K, og av di det mest sannsynleg kan forklárast med haplografi i E.

Derimot er skilnaden mellom “bernskr” i 39/K mot “bernskumaðr” i E (og OH) vanskelegare å forklára. Desse avvika tyder på at det har vore forskjellige førelegg for 39 og E. Jonna Louis-Jensen føresler dessutan at K her kan ha blanda to førelegg, eitt OH-førelegg og eitt HkrIII-førelegg.⁵⁵

Disposisjonen av teksten i *Sveins saga Alfifusonar* er påfallande lik i 39 og E der ein har tekst frá begge handskriftene. Særskilt gjeld dette kapitla 245 og 246 i HkrFJ II. Teksten i E startar i siste delen av kap. 245 tilsvarende linje 522.1 i HkrFJ II. Til liks med 39 femner teksten berre dei to første linjene på denne sida, før dei tek med setninga “Enn segir Þórarinn loftunga svá”. Dinest følgjer strofe 173 og 174 i HkrFJ II, tilsvarende linjene 521.9 (sp. 1) til 521.10 (sp. 2). Dessutan er rekkefølga i desse strofene også endra i 39 og E, ettersom strofe 174 kjem mellom første og andre halvstrofe i strofe 173. At 39 og E har sams avvik her svekkar dessutan argumentasjonen til Magerøy med omsyn til skrivearretting av *Glælognskviða* ut frá prosateksten i eksempelet ovanfor mellom 39 og K (sjå kap. 5.2 og kap. 5.5.1).

55. Louis-Jensen 1997, s. 238.

Etter kvadet følgjer teksten, i både 39 og E, svarande til kapittel 247 i HkrFJ II. Det vil seia at kapittel 246 i HkrFJ II er utelate i begge handskriftene, og det har også vanta i *Jofraskinna* på denne staden.⁵⁶ Dette kapitlet fortel kor mange styringsår Olav den heilage hadde som konge, kor gammal han var, og til sist i HkrFJ II kjem følgjande avsnitt:

Nú er sagðr nokkurr hlutr sögu Óláfs konungs, frá nokkurum tíðendum þeim, er gerðusk, meðan hann réð Nóregi, ok svá frá falli hans ok því, er helgi hans kom upp. En nú skal þat eigi niðri liggja, er honum er þó mest vegsemð í, at segja frá jartegna-görð hans, þótt þat se síðarr ritit í þessarri bók.⁵⁷

Dette kapitlet kan knapt sjåast på som noko anna enn ei avslutning på den eigentlege *Óláfs saga helga*, og som ei innleiing til ein bolc om jarteiknene hans. No inneheld korkje K eller 39 og E, nokre jarteikn like etter dette kapitlet, slik at det i og for seg ikkje er noko konklusivt å trekkja ut av dette åleine. Men det er påfallande at 39 og E stemmer så godt overens her, og at begge handskriftene vantar dette kapitlet. Når ein i tillegg veit at E *ikkje* har innehalde *Óláfs saga helga*, er dette samstundes eit sterkt indisium på at det same har vore tilfelle med 39.

Eit anna moment ein må ta omsyn til i denne samanhengen, er kapittelstrukturen i *Jofraskinnas* OH. Der vert *Óláfs saga helga* avslutta med følgjande kapittel (nummer etter HkrFJ II): kap. 238, kap. 242 (om Arnessønene), så følgjer legenda om sverdet Hneitir (i K, i *Hákonar saga herðibreiðs*) og til slutt kap. 246,⁵⁸ som etter mi meining er den naturlege slutten på *Óláfs saga helga*. Dinest har J lakune, men det er nærliggjande å tenkja seg at *Sveins saga Alfifusonar* har starta etter dette. Det er dermed eit svært så påfallande samhøve mellom J, E og 39 her. Kap. 246 vantar som nemnt i 39 og E, og det kan ut frå undersøkingar av restane av det bortskorne bladet i E sluttast at kap. 242 har vanta der. Ut frå likskapen mellom 39 og E i *Sveins saga Alfifusonar*, vil eg hevda at ein også kan gå ut frå at det same har vore tilfelle i 39.

Slik eg har vore inne på ovanfor er det vanleg å rekna med at skaldekvad er konservativt overleverte. Dette åleine, er, etter mi meining, med på å understøtta ein hypotese om at 39 og E her må gå attende på eit felles førelegg. Dette vert også underbygd ved den relativt

56. Louis-Jensen 1997, s. 238; StOH, s. 1092.

57. HkrFJ II 523.9–14. Dette svarar til kap. 248 i StOH, s. 609–610.

58. HkrFJ II, s. 511–512, note til linje 19 på s. 511.


store transposisjonen i prosateksten der det vert fortalt at Einar Tambar skjelve sat heime, samt utelatinga av at han ikkje ville følgja med kong Svein mot Tryggve Olavsson.

Ut frå den føregåande argumentasjonen, meiner eg å ha sannsynleggjort at versjonane av *Sveins saga Alþifusonar* i 39 og E, må gå attende på eit felles førelegg, som har skilt seg frå versjonen av saga i *Kringla*. For å illustrera dette, har eg sett opp eit utkast til stemma over teksttradisjonen i *Sveins saga Alþifusonar*.

Dei viktigaste argumenta ligg på makronivået, med disposisjonen av strofene i *Glælognskviða*, samt utelatinga av HkrFJ II, kap. 246 (og truleg også 242). 39 ser likevel ut til å stå nærare K enn det E gjer, men skil seg likevel så kraftig ut i strukturen at det er lite truleg at 39 kan byggja på eit søsterhandskrift av K i denne samanhengen. For å markera dette skil-

jett mellom 39 og K i stemmaet, har eg difor sett inn hyparketypar mellom arketypen og handskriftene 39 og K. På den andre sida er det moment i teksten som viser at E og 39 heller ikkje kan ha vore søsterhandskrift, og på dette grunnlaget ser eg det som naturleg å setja inn ein hyparketyptyp mellom 39 og E for å markera ein viss avstand mellom desse to handskriftene.

Med omsyn til hypotesen om at 39 ikkje har innehalde *Óláfs saga helga*, er det ut frå den føregåande argumentasjonen lite som tyder på at hypotesen kan avkreftast, men mykje som støttar opp under den. Det er ikkje noko i den overleverte teksten av *Sveins saga Alþifusonar* som tyder på at 39 nokon sinne har innehalde *Óláfs saga helga*. Før eg kan leggja fram ein sikrere konklusjon, ser eg det likevel som turvande å sjå på dei første kapitla av *Magnúss saga góða* i 39, for å sjå om det der er mogleg å finna argument som kan falsifisera hypotesen.



Figur 5-2. Stemma over *Sveins saga Alþifusonar* i K, 39 og E, basert på den komparative analysen.

5.5.3 Oppsummering av teksttilhøva i 39, K, E og F (*Magnúss saga góða*)

Dei viktigaste avvika mellom desse fire handskriftene i starten av *Magnúss saga góða*, er etter det eg kan sjå ikkje med på å underbyggja oppfatninga om at 39 og F, med omsyn til HkrIII, er søsterhandskrift slik det går fram av stemmaet til Bjarni Aðalbjarnarson. Det største avviket, der 39 og F *nesten* står saman mot K og E har eg drøfta under utelatingar der alle handskriftene står mot kvarandre i kap. 5.4.1, på s. 69. På bakgrunn av dei mange tilføyningane i 39, K og E kontra F (jf. tab. 5-28 på s. 76 og utetter), er det freistande å spørja seg om det store avviket i talen til dronning Astrid kan skuldast konvergens i 39 og F.

Korleis no dette enn kan ha seg, er det ingen av avvika i desse kapitla av *Magnúss saga góða*, som kastar ljós over spørsmålet om kor vidt 39 har innehalde *Óláfs saga helga*. Ein konklusjon vedrørende hypotesen om at så ikkje var tilfelle, må dermed i hovudsak basera seg på teksttilhøva i *Sveins saga Alfufusonar*. Dette kjem eg attende til i kapittel 7.

6: Særskilte tekststader

Eg vil í dette kapitlet trekka fram eksempel på nokre få andre tekststader í handskriftene í dei delane av teksten som eg ikkje har drøfta í den føregåande komparative analysen. To av tekststadene er henta frá *Magnúss saga góða*, og er såleis inkluderte í transkripsjonen í vedlegg B. Det siste underkapitlet er av eit meir overordna aspekt, ettersom det femner til dels spreidda delar av HkrIII. Ársaka til at eg dreg fram desse tekststadene, er á finna argument som kan kasta ljós over tilhøvet mellom handskriftene, og då í første rekkje mellom 39 og F som etter vanleg oppfatning står kvarandre svært nær.

6.1 Innskotet frá *Gesta Hammaburgensis*

Í 39 finst det eitt kapittel som ikkje finst í nokon av dei andre handskriftene av *Heimskringla*, utanom í *Fríssbók*. Det har í 39 overskrifta *Frá dauða vindakonungs*,¹ og lyder som følgjer:²

Sva fegir íbríma bók rettíbur uinða konungr var drepinn af ðonom hann atti .viiij. sono. þeir pildu hefna þoðo: sínf oc æyðdo ðanmorc no:ð: til rípa oc þello allir ahlýrfoógf háeipi þirir magnufl konungi goða no:egf konungi oc .xv. þufunðir manna.

Í *Fríssbók* utgjer teksten slutten í kapittel 34 í *Saga Magnús góða*, og lyder slik:³

Sva segir í Brímabók at Rettíbur Vindakonvngur var drepinn af Dænom. hann atti atta sono. þeir villdo hefna fauðvr sins ok eyddo mikinn lut af Danmork norðr til Ripa ok fellu þeir allir a Hlyrskogs heiði fyrir Magnusi konvngi goða ok .xv. þvsvndir manna með þeim.

Teksten er opphavleg henta frá Adam av Bremens historie om bispedømmet Hamburg-Bremen, *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum*. Den norrøne teksten í både 39 og F

-
1. Normalisert. Finnur Jónsson hevðar í HkrFJ III, s. 50, at overskrifta er *Frá dauða R(ettiburs) konungs*, men det er tvíllaust ein *v* som står í handskriftet.
 2. Jf. transkripsjonen í vedlegg B, 31.13–17.
 3. *Codex Frisianus*, s. 183, linje 28–32.

ligg nært opp til ei ordrett omsetjing av (delar av) den latinske originalteksten, men teksten i 39 og F er ikkje innbyrdes heilt identisk. 39 legg til apposisjonen “Nóregs konungi” i høve til F, medan F har fleire mindre tilføyingar i høve til 39: “at”, “mikinn lut af”, “þeir” og “með þeim”. Ingen av desse skilnadene er likevel tydingsskiljande i nokon måte, men dei er likevel skilnader som *kan* gå attende på to forskjellige førelegg med tekst frå *Gesta Hammaburgensis*. Gustav Storm hevda at innskotet i F var lånt direkte frå AM 39 fol.,⁴ men dette ser eg som tvilsamt. Det er meir truleg at handskriftene kvar for seg har nytta eit førelegg som har hatt dette innskotet i ei norrøn omsetjing. Om dette førelegget har vore felles, er eg meir uviss på. Sjølv om skilnadene eg har nemnt ovanfor ikkje er store, er dei likevel mange på eit relativt lite område i teksten. Dette kan tyda på at det ligg til grunn to forskjellige, men nærslekta, førelegg for 39 og F. At F ikkje inneheld *Sveins saga Alþfu-sonar*, og elles skil seg ein del frå 39 i starten av *Magnúss saga góða*, styrkar til ein viss grad ein slik hypotese.

Den norrøne teksten i både 39 og F ligg, med eit unnatak for namnet på den ellers ukjende⁵ staden Lyrskov Hede som tyder på eit norrønt førelegg, nært opp til eit utdrag av den latinske teksten. Heile den latinske tekststaden lyder som følgjer:⁶

[...] Ratibor, dux Sclavorum, interfectus est a Danis. [Ratibor iste christianus erat, vir magnae potestatis inter barbaros. Habuit enim filios octo, principes Sclavorum, qui omnes occisi sunt a Danis, dum patrem ulcisci quaesierunt.] Ad cuius mortem ulciscendam iam tunc cum exercitu Winuli venientes, usque ad Ripam vastandam progressi sunt. Et forte Magnus rex tunc a Nordmannia rediens, Heidibam appulit. Qui mox, Danorum copiis undique collectis, egredientes a Dania paganos in campestribus Heidibae excepit. Quindecim milia feruntur ibi occisa, et facta est pax et leticia christianis omni tempore Magni [...].⁷

Kva tid Adams verk om bispane i Hamburg-Bremen var kjent på Island er det ikkje semje om mellom forskarane. Det har vore hevda at alt Ari fróði kjende til *Gesta Hamma-*

4. Storm 1873, s. 79.

5. Jf. Christensen 1977, s. 218. Det har vore freista å identifisera Lyrskov Hede og Adams “in campestribus Heidibae” – på slettene ved Hedeby – med Lühschau (Lyrskov), noko sør for Idstedt (Isted) i Angeln, og nokre kilometer nord for det noverande Schleswig. Ein slik identifikasjon verkar tilforlateleg, men eg kjenner ikkje argumentasjonen for identifikasjonen og kan såleis ikkje vurdera den på eit skikkeleg grunnlag.

6. *Adami Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum*, II, 75.

burgensis ecclesiae pontificum, men dette er omdiskutert.⁸ Det er moment som tyder på at dette har vore tilfelle, men det finst ikkje konklusive prov på det.⁹ I det minste vart verket seinare i mellomalderen nytta av andre islandske sagaskrivarar,¹⁰ og i slutten av 1200-åra må det i det minste ha vore relativt godt kjent i lærde krinsar på Island.

Når Sverrir Tómasson hevdar at *Gesta Hammaburgensis* er først direkte omtalt i islandske handskrifter frå siste del av 1300-talet, er dette påviseleg feil, og eg er svært skeptisk til påstanden hans om at Adam var lite kjent på Island i mellomalderen.¹¹ Utdrag frå *Gesta Hammaburgensis* er som nemnt nytta i både 39 (omlag 1300) og F (omlag 1300–1325), forutan at det er kjent eit norrønt utdrag frå *Gesta Hammaburgensis* om Danmarks historie i eit anna islandsk handskrift frå omlag 1310.¹² På bakgrunn av annalopplysningane om dei bremiske bispane på 1000-talet er det ikkje usannsynleg at *Gesta Hammaburgensis* også har vore nytta av skrivaren av dei såkalla *Annales regii* i handskriftet GKS 2087 4°, datert til omlag 1300–1328.¹³ Dessutan er det utdrag frå verket i kompilasjonen *Flateyjarbók* frå kring 1390, slik Sverrir Tómasson peikar på.¹⁴

Dersom eg har rett i at innskotet i 39 og F går attende på to forskjellige førelegg, vil dette styrka oppfatninga om at *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum* må ha vore kjent på Island i siste del av 1200-talet – truleg tidlegare. Men sjølv om det viser seg at det er *eitt* felles førelegg for 39 og F, er det mykje som talar for at Adams verk har vore relativt

7. Omsetjing etter Adam av Bremen 1993, s. 115:

“Den slaviske hertug Ratibor ble drept av danskene. [Denne Ratibor var kristen og hadde stor makt blant barbarene. Han hadde åtte sønner, slaviske fyrster som alle ble drept av danskene da de prøvde å hevne sin far.] For å hevne hans død kom da snart winulerne med [hele] sin hær og rykket helt opp til Ribe for å herje byen. Kong Magnus var tilfeldigvis da på vei tilbake fra Norge og la til land i Hedeby. Han samlet straks danske tropper fra alle kanter, og på slettene ved Hedeby møtte han hedningene da de trakk seg tilbake fra Danmark. Det skal ha falt 15 000 der, og de kristne fikk lykkelig fred i hele Magnus’ tid.”

8. Jf. t. d. Sverrir Tómasson 1992, s. 299.

9. Jf. Mundal 1994, s. 64.

10. Jf. Bolin 1960, sp. 285, og Tosterud Danielsen og Frihagen 1993, s. 19.

11. Sverrir Tómasson 1992, s. 361. “Hér á landi var Adam frá Brimum (d. 1081) ekki mikið þekktur sagnaritari á miðöldum. Líklegt þykir að Ara fróða hafi verið kunnugt um biskupasögu Adams, en hennar er fyrst getið í handritum frá síðari hluta 14. aldar.”

12. AM 415 4°, bl. 12r–12v, der det er kalla “hamborgar iftoria”, jf. Kålund 1889, s. 618–620 og *Alfræði Íslenzk* III, s. vii. Utdraget er trykt i *Alfræði Íslenzk* III, s. 59–62. Datering etter ONP, s. 453.

13. IA, s. xi–xv og 79–155. Datering etter ONP, s. 472.

14. Sverrir Tómasson 1992, s. 361. Jf. *Flateyjarbók* I, s. 17. Om det finnest fleire tidlege handskrifter med utdrag frå Adam av Bremen, har eg ikkje freista å finna ut. Eg har berre nytta dei opplysningane som har vore lett tilgjengelege for meg.

godt kjent på Island i siste del av 1200-åra. At det etter alt å døma er nytta utdrag frå det i fire forskjellige islandske handskrifter frå byrjinga av 1300-talet understrekar det.

6.2 Bersøglisvísur

Det aller meste av kvadet *Bersøglisvísur* er utelate i F, men det finst *ei* strofe der. Denne strofa er likevel ikkje å finna i korkje 39 eller E. Strofa er heller ikkje teke med i HkrFJ III, og vantar i dei aller fleste handskriftene av *Heimskringla* – med unnatak for F. Derimot finst den i *Flateyjarbók* (og dermed truleg også i *Morkinskinna*)¹⁵ og i fragmentet AM 325 XI, samt at dei to siste linjene i strofa finst i Odd munks soge om Olav Tryggvason,¹⁶ men der er dei lagde i munnen på Sigvalde jarl.¹⁷ Strofa lyder som følgjer i F:

Seyni Olafs bið ek snvðar
sið qveða aftans biða
oframs sark meðal ockar
allt er haligt sva mala.
erom Magnus ver vegnir
villda ek með þer milldom
Haralldz varþar þv hiorvi
harcey lifa ok deya.¹⁸

Det som kan henda er mest interessant er at F i denne samanhengen har ei tilvising til *Óláfs saga helga*: “Sighvatr orti þa flocc þann er kallaðr er Bersøglisvisvr. ok segir i Olafs sargo. Er þessi siðazt”.¹⁹ Så følgjer strofa. Dette viser at F må ha nytta eit førelegg av ei soge om Olav den heilage, som har skilt seg frå StOH, ettersom den aktuelle strofa heller ikkje finst i StOH.²⁰ Kan det tenkjast at vi her har ei tilvising til Styrmir Kárasons *lífssaga Óláfs hins helga*? At strofa finnest i *Flateyjarbók*, som elles har dei fleste utdraga ein kjenner frå

15. Jf. Msk, s. 29–30. Teksten er på denne staden fylt ut etter *Flateyjarbók*, ettersom det vantar blad i handskriftet til *Morkinskinna*.

16. Skj A I, s. 256, note til strofe 18.

17. Odd Snorrason munk 1977 (i Magnus Rindals omsetjing), s. 127:

“Kong Svein hadde som grunn til å gå imot kong Olav at han gifte seg med syster hans utan hans samtykke. Dessutan hadde kong Olav slege seg ned i skattlandet hans, Noregsveldet, som Harald, far hans, kalla haukøya si. Så seier Sigvalde jarl:

Høgætta, du verjar haukøya
med hærsverd, [eg vil] leve og døy [med deg].”

18. *Codex Frisianus*, s. 477. Jf. HkrFJ III, s. 30, note; Skj A I, s. 256.

19. *Codex Frisianus*, s. 477.

20. StOH, s. 625–627.

Styrmir, kan vera med å styrka ein slik hypotese. Eg vil likevel understreka at eg ikkje har gjort tilstrekkelege etterrøkingar i tekstmaterialet, til at eg kan gje eit godt svar på dette spørsmålet. Men det ser for meg ut til å vera grunnlag for å stilla det. Tilvisinga til *Óláfs saga* forvirrar med omsyn til, men utelukkar likevel ikkje, interpolasjon frå *Morkinskinna*, slik det er mange eksempel på seinare i F. Jonna Louis-Jensen gjer merksam på at det etter strofen i F kjem to prosalinjer som heller ikkje svarar til *Heimskringla*, men som også finst i *Morkinskinna* (representert ved 325 XI og *Flateyjarbók*). Men omtalen av at strofen står sist i kvadet, står ikkje i 325 XI og *Flateyjarbók*, der det kjem to strofer til etter denne.²¹

I det heile er F eit merkeleg handskrift, som på mange måtar ligg nær opp til teksten i 39 og K, men samstundes ser det ut til å forkorta og endra ei heil rekkje stader i teksten. Frekvensen av slike endringar aukar gradvis på utetter i HkrIII, der ein får relativt store interpolasjonar frå *Morkinskinna*.²²

6.3 Jarteiknsogene og kapittelstrukturen

Eg nemnte kort på slutten av kapittel 4 (sjå s. 45) at Jon Gunnar Jørgensen i si avhandling om *Kringla* viser at det er samanfall i kva jarteiknsoger som finst om Olav den heilage i 39 og E, eller i det minste i der ein har tekst frå AM 39 fol. Dette strekkjer seg ut gjennom heile HkrIII. Jørgensen skriv mellom anna:

